



S T A U D E R

Notat til undervisninga i dendrologi og frilandsblomar I,  
i 2. årsklasse i Hagebruksavdelinga ved N L H i Ås  
1965 - 66.

Revidert 1969.

Ved Oddvin Reissæter.

INNHALD:

1. Føreord	II
2. Siterte bøker	III
3. Botanisk alfabetisk namneregister	IV
4. Botanisk systematisk namneregister	V
5. Norsk namneregister	VII
6. Ontale av familiar, slekter og arter	1
Pteridóphyta	1
Spermatóphyta	2
Dicotyledóneae	2
Archiclamýdeae	2
Sympétalae	38
Monocotyledóneae	68

Føreord.

I undervisinga i faget frilandsblomar, i hagebruksstudiet ved NLH, er tidlegare nytta Thorsrud, 1961, "Frilandsblomster" 2 bind på tilsaman 501 sider. I 1965 vart frilandsblomar kopla saman med faget dendrologi og baa er no lesne med del I i 2. årsklasse og del II i 3. årsklasse.

Pensum i frilandsblomar i 2. årsklasse måtte ved samanslåinga redusertast. Eg fann det høveleg å avgrensa det til det utvalet av stauder, løk og knollvekster som er med i "Sortliste for hagebruket 1966-70".

Thorsruds bok, som er omfattande og med mange detaljar, vart då for stor og for tidkrevande å bruka for dei studentane som skal ha berre del I av faget. Difor har eg arbeidd ut desse notat som berre tar med dei staude-slag som vert lagt opp som pensum i 2. årsklasse. Og då studentane har god bakgrunn frå fagskule og botanikkundervising ved NLH, har eg sløyfa lyklar, forenkla omtalen sterkt, og berre tatt med dei, for praksis, viktigaste skilje- og kjennemerke. Då eg er klår over at dette vil vera for ufullstendig for mange, er, i høgre marg, ført opp sidetalet for vedkomande slag i Thorsruds bok.

Den systematiske ordninga av familiar, slekter og arter er som hos Thorsrud 1961, og han har opplyst, i sitt føreord, at han har fylgt Wettstein 1935. Opplysingane om tal slekter i familien og arter i slekta og deira heimstad, er henta frå Engler 1964. Opplysingane frå Noreg-Sverige er frå Lid 1963.

Nomenklaturen i Thorsruds bok er hovudsakleg som hos Boom 1950. Eg har for det meste fylgt eit nyare arbeid, Hylander 1960, men skilnaden er liten. Av synonyme botaniske namn er berre tatt med slike som er, eller som nyleg har vori, i bruk. Autornamn er ikkje tatt med, dei er stort set uturvande i dette pensumet. Av norske namn er tatt med slike eg meiner kan brukast, jamvel om ikkje alle er så gode som dei burde vera. Synonyme norske namn er berre unnantaksvis med.

Botaniske namn med meir enn to stavingar, er forsynt med aksent over den vokalen som skal ha tyngd (tostavingsnamn skal alltid ha tyngda på første vokal).

Så langt som eg har greidd det er tatt med tydnaden av dei botaniske namna og, der det trengst, tydnaden av dei norske. For dei botaniske namn har Bailey 1949, Boerner 1966, Jensen 1946 og vori til god hjelp. <sup>Chittenden/Synge 1956</sup>

Det som er nemnt om bruken av plantene og om "gode naboar" er for ein stor del frå Nicolaisen 1964 og 1965.

Eg er klår over at det kan vera feil i denne omtalen av staudeslaga og at han er ujamn og til dels for enkel og ufullstendig. Men eg vonar at eg gjennom bruk i undervisinga skal få gjort retting og utfylling slik at ei revidert utgåve skal verta betre og meir høveleg.

Ved revidering i 1969 er Bergenia, som var fallen ut i 1965, tatt med, og små endringar og tillegg er gjorde.

Sitert litteratur:

- Bailey, L.H. 1949. Manual of cultivated plants. New York.
- Bergmans, John, 1939. Vaste planten en rotsheesters. 2. geheel omgewerkte en vermeerderde uitgaaf. Tegelen.
- Boerner, Franz, 1966. Taschenwörterbuch der botanischen Pflanzennamen. 2. Aufl. Berlin.
- Boom, B.K. 1950. Gekweekte kruidachtige gewassen. Wageningen.
- Engler, A. 1964. Syllabus der Pflanzenfamilien. II. Band. Zwölfte, völlig neugestaltete Auflage; Herausgegeben von Prof. Dr. Hans Melchior. Berlin.
- Grunert, Christian, 1964. Gartenblumen von A bis Z. Radebeul.
- Hylander, Nils, 1960. Våra prydnadsväxterns namn på svenska och latin. Borås.
- Jelitto, Leo, und Wilhelm Schacht, 1963. Die Freiland-Schmuckstauden. Erster Band. Stuttgart.
- Jensen, J. 1944. Ordbog for gartnere og botanikere. K.havn.
- Lid, Johannes, 1963. Norsk og svensk flora. Med teikningar av Dagny Tande Lid. Oslo.
- Meikle, R.D. 1963. Garden Flowers. London.
- Nicolaisen, Åge, 1964. Havens stauder. København.
- 1965. Vår i hagen. Blomsterløk og knoller. Bearbejdet for norske forhold av Frans Emil Wielgolaski. Oslo.
- Sortliste for hagebruket 1966-70. Stauder og toårige pryddplanter, ved Knut S. Castberg. Løk- og knollvekster, ved Henry Eidissen. Oslo.
- Thorsrud, Arne, 1961. Frilandsblomster. Forelesninger ved Norges landbrukshøgskole. Bind I og II. Vollebekk.
- Wettstein, R. 1935. Handbuch der systematischen Botanik. 4. utg. Leipzig-Wien.
- Tillegg 1969: Chittenden, Fred J. and Patrick M. Synge, 1956. Dictionary of gardening. 4 bind + supplement. Oxford.
- Lindemark, 1963. Vore giftige blomsterplanter. København.

REGISTER OVER BOTANISKE FAMILIE- OG SLEKTSNAMN, ALFABETISK ORDNA.

Achilléa	63	Dictámnus	24	Népetá	48
Aconítum	13	Dorónicum	65	Nymphaea	16
Adiántum	2	Draba	21	Nymphaeáceae	16
Adónis	15	Dryas	32	Oenothéra	35
Agératum	53	Dryópteris	2	Onagráceae	35
Ajuga	47	Echínops	66	Origanum	49
Alchemílla	30	Epimédium	8	Osmúnda	1
Alýssum	21	Eránthis	11	Osmundáceae	1
Amaryllidáceae	76	Erígeron	57	Paeónia	9
Anáphalis	58	Eryngium	36	Papáver	17
Anchúsa	44	Euphórbia	4	Papaveráceae	16
Anemóne	13	Euphorbiáceae	4	Paradísea	69
Anthéricum	69	Festúca	79	Phálaris	79
Aquilégia	12	Filipéndula	30	Phlox	42
Arabis	20	Fritillária	73	Platycódon	52
Arméria	38	Galánthus	76	Plumbagináceae	38
Artemísia	64	Gentiána	50	Podophýllium	8
Arúncus	30	Gentianáceae	50	Polemoniáceae	42
Aster	55	Geum	31	Polemónium	43
Astílbe	27	Gillénia	31	Polygonáceae	3
Astrántia	36	Gramíneae	79	Polýgonum	3
Athýrium	2	Gypsóphila	6	Polypodiáceae	1
Aubriéta	20	Helénium	62	Potentilla	32
Aurínia	21	Heliópsis	59	Prímula	39
Bellis	55	Helléborus	11	Primuláceae	39
Berberidáceae	8	Hemerocállis	70	Pulsatílla	14
Bergénia	26b	Heracléum	37	Puschkínia	75
Betónica	49	Heúchera	29	Ranunculáceae	9
Bignoniáceae	47	Hierácium	67	Ranúnculus	14
Boccónia	17	Hosta	70	Rheum	3
Boragináceae	44	Húmulus	2	Rosáceae	29
Brúnnera	44	Ibéris	21	Rudbéckia	60
Bútomus	68	Incarvíllea	47	Rutáceae	24
Butomáceae	68	Ínula	58	Sagína	7
Cacália	65	Iridáceae	77	Saponária	7
Caltha	10	Iris	78	Saxífraga	28
Campánula	51	Labiátae	47	Saxifragáceae	27
Campanuláceae	51	Leguminósae	33	Scilla	75
Cannabáceae	2	Leontopódium	58	Scrophulariáceae	45
Caryophylláceae	5	Leucójum	77	Sedum	25
Cerástium	8	Líatris	54	Sempervívum	26
Chionodóxa	75	Ligulária	66	Senécio	66
Chrysánthemum	64	Liliáceae	68	Sidálcea	24
Cimicífuga	11	Lílium	71	Siléne	5
Clématis	14	Lupínus	33	Solidágo	54
Cólchicum	68	Lychnis	5	Stachys	48
Compósitae	53	Lysimáchia	41	Thalíctrum	15
Convallária	76	Lythráceae	34	Thymus	49
Coreópsis	61	Lythrum	34	Tróllius	10
Corýdalis	19	Macleáya	17	Túlipa	74
Crassuláceae	25	Malva	23	Typha	80
Crocus	78	Malváceae	23	Typháceae	80
Crucíferae	19	Matteúccia	1	Umbellíferae	36
Cymbalária	46	Meconópsis	17	Verbáscum	45
Dáhlia	61	Minuártia	7	Verónica	46
Delphínium	12	Muscári	76	Viola	22
Diánthus	6	Myosótis	44	Violáceae	22
Dicéntra	18	Narcíssus	77		

REGISTER OVER BOTANISKE FAMILIE- OG SLEKTSNAMN, SYSTEMATISK ORDNA.

Divisjon I:		Papaveráæceae	16	Boragináæceae	44
<u>PTERIDÓPHYTA</u>		Macleáya	17	Brúnnera	44
Osmundáæceae	1	Meconópsis	17	Myosótis	44
Osmúnda	1	Papáver	17	Scrophulariáæceae	45
Polypodíáæceae	1	Dicéntra	18	Verbáscum	45
Matteúccia	1	Corýdalis	19	Cymbalária	46
Adiántum	2	Cruciferae	19	Verónica	46
Athýrium	2	Árabis	20	Bignoniáæceae	47
Dryópteris	2	Aubriéta	20	Incarvillea	47
		Draba	21	Labiátae	47
		Alýssum	21	Ájuga	47
Divisjon II:		Ibéris	21	Népetá	48
<u>SPERMATÓPHYTA</u>		Violáæceae	22	Stachys	48
		Viola	22	Betónica	49
Underdivisjon II:		Malváæceae	23	Oríganum	49
<u>ANGIOSPERMAE</u>		Malva	23	Thymus	49
Klasse I:		Sidálcea	24	Gentianáæceae	50
<u>Dicotyledóneae</u>		Rutáæceae	24	Gentiána	50
Underklasse I:		Dictámnus	24	Campanuláæceae	51
<u>Archiclamýdeae</u>		Crassuláæceae	25	Campánula	51
		Sedum	25	Platycódon	52
Cannabáæceae	2	Sempervívum	26	Compósitae	53
Hímulus	2	Saxifragáæceae	27	Agératum	53
Polygonáæceae	3	Astíflbe	27	Líatris	54
Rheum	3	Saxífraga	27b	Solidágo	54
Polygonum	3	Heúchera	29	Bellis	55
Euphorbiáæceae	4	Rosáæceae	29	Aster	55
Euphórbia	4	Arúncus	30	Erígeron	57
Garyophylláæceae	5	Filipéndula	30	Leontopódiúm	58
Siléne	5	Alchemílla	30	Anáphalis	58
Lychnis	5	Geum	31	Ínula	58
Gypsóphila	6	Gillénia	31	Heliópsis	59
Diáanthus	6	Dryas	32	Rudbéckia	60
Saponária	7	Potentilla	32	Coreópsis	61
Sagína	7	Leguminósaæ	33	Dáhlia	61
Minuártia	7	Fabofdeae	33	Helénium	62
Cerástium	8	Lupínus	33	Achilléa	63
Berberidáæceae	8	Lythráæceae	34	Chrysánthemum	64
Podophýllum	8	Lythrum	34	Artemísia	64
Epimédiúm	8	Onagráæceae	35	Dorónicum	65
Ranunculáæceae	9	Oenothéra	35	Cacália	65
Paeónia	9	Urbellíferae	36	Ligulária	66
Caltha	10	Astrántia	36	Echínops	66
Tróllius	10	Eryngium	36	Hierácium	67
Helléborus	11	Heracléum	37		
Eránthis	11				
Cimicífuga	11	Underklasse II:		Klasse II:	
Aquilégia	12	<u>Sympétalae</u>		<u>Monocotyledóneae</u>	
Delphníum	12	Plumbagináæceae	38	Butomáæceae	68
Aconítum	13	Arméria	38	Bútomus	68
Anemóne	13	Primuláæceae	39	Liliáæceae	68
Clématis	14	Prímula	39	Cólchicum	68
Ranúnculus	14	Lysimáchia	41	Paradísea	69
Thalíctrum	15	Polemoniáæceae	42	Anthéricum	69
Adónis	15	Phlox	42	Hemerocállis	70
Nymphaeáæceae	16	Polemónium	43	Hosta	70
Nymphaea	16			Lílium	71

Fritillária	73
Túlipa	74
Scilla	75
Chionodóxa	75
Puschkínia	75
Muscári	76
Convallária	76
Amaryllidáceae	76
Galánthus	76
Leucójum	77
Narcíssus	77
Iridáceae	77
Crocus	78
Iris	78
Gramíneae	79
Phálaris	79
Festúca	79
Typháceae	80
Typha	80

REGISTER OVER NORSKE FAMILIE-, SLEKTS- OG ARTSNAMN.

(Synonym står i parentes).

Adiantum	2	Daglilije	70	Gravbergknapp	25
Adonis	15	Dagnattlys	35	(Gråttinian)	50
Akeleie	12	Dodre	21	Gul daglilije	70
Akeleiefrøstjerne	15	Doggbladlilije	71	Gulkrokus	78
Alánt	58	Doggsolie	15	Gullbergknapp	25
Alántrot	59	Dunkjevle	80	Gullerkespore	19
Alpeasters	56	Dunkjevlefamilien	80	Gullkorg	65
Alpeslirekne	4	Duppesolie	14	Gullris	54
Alpestikle	37	Edellupin	34	Gullryllik	63
Alpevalmue	18	Edelnøkleblom	40	Gullsolhatt	60
Alunrot	29	Edelveis	58	Hagealunrot	29
Amuradonis	16	Eldballblom	10	Hagebakkestjerne	57
Arendsskrinneblom	20	Engballblom	10	Hageballblom	10
Arendsspir	27	Engminneblom	45	Hageblåpute	20
Armenperleblom	76	Engnellik	6	Hagefiol	23
Arve	8	Ertefamilien	33	Hagefjornellik	7
Askerot	24	Evigblom	58	Hagegullris	54
Asters	55	Fagerfredlaus	41	Hageiris	78
Augustnøkleblom	40	Fagerklokke	52	Hagejulerose	11
Aurikel	39	Filtarve	8	Hagekattehale	34
Bakkestjerne	57	Filtkongsllys	45	Hagelilje	72
Bakketimian	49	Fiol	22	Hagelupin	33
Ballblom	10	Fiolfamilien	22	Hagenøkleblom	40
Beitemarikåpe	31	Fiolfrøstjerne	15	Hagemure	32
Berberisfamilien	8	(Fiolkongsllys)	46	Hagepion	9
Bergasters	56	Firtannveronika	46	Hagesildre	28
Bergknapp	25	Fjellflokk	44	Hageskrinneblom	20
Bergknappfamilien	25	Fjellflokkfamilien	42	Hagestemorsblom	22
Bergkung	49	Fjellskrinneblom	20	Hagestikle	37
Betonie	49	Fjellsmelle	5	Hagesvæve	67
Bispeluve	8	Fjellvalmue	18	Hagesøte	51
Bitterasters	57	Fjerekoll	38	Hampefamilien	2
Bivrealunrot	29	Fjerekollfamilien	38	Hansonlilije	73
Bjørnegras	79	Fjornellik	6	Haustbergknapp	25
Bjørnekjeks	37	Fjørvalmue	17	Haustfloks	42
Bladlilije	70	Flatklokke	52	Haustkrokus	78
Bloedmure	32	Flikbispeluve	8	Himalaiafotblad	8
Blåkorg	53	Fliksolhatt	60	Hjelm	13
Blåpute	20	Fliksvineblom	65	Hjerteblom	18
Blåstjerne	75	Flokk	43	Hornfiol	23
Blå valmuesøster	17	Floks	42	Humle	2
Bondepion	9	(Forglemmegei)	44	Humleblom	31
Bregnefamilien	1	Forglemmegeisøster	44	Iris	78
Breibladlilije	71	Fotblad	8	(Jakobsstige)	44
Breidunkjevle	80	Fredlaus	41	Japanslirekne	3
Brennande kjærleik	5	Frilandsadiantum	2	Jonsokkoll	47
Brudeslør	6	Frynsesøte	51	Jonsoksolbrud	62
Brudelysfamilien	68	Frøstjerne	15	Julerose	11
Brudelys	68	Georgine	61	Kattehale	34
Brun daglilije	70	Gjerdesolhatt	60	Kattehalefamilien	34
Bukettnarsiss	77	Glanssolhatt	60	Kattemynte	48
Båndgras	79	Grasfamilien	79	Kattost	23
Chinasøte	50	Graslilje	69		



Kattostfamilien	23	Lupin	33	Roseriddarspore	13
Karpatklokke	52	Løytnantshjerte	19	Rosetvikattost	24
Kaukasuslilje	73	Madonnalilje	72	Rubladfamilien	44
Kaukasusmure	32	Malurt	64	Rublon	21
Kaukasusnøkleblom	40	Marikåpe	30	Rusoløye	59
Keiserkrone	73	Marsfiol	22	Russeblåstjerne	75
Kingeltaklauk	26	Marsklosterklokke	77	Rutefamilien	24
Kjempebjørnekjeks	37	Maskeblomfamilien	45	(Rutelilje)	73
Kjempekrage	64	Minneblom	44	Ryllik	63
Kjempeslirekne	4	Mjødurt	30	Røyrr	79
Kjærleiksblom	5	Moskuskattost	23	Sandlilje	69
(Klasenarsiss)	77	Mure	32	Sibiriris	78
Klaseormedrue	12	Murtorskemunn	46	Sibirvalmue	18
Klokkeblom	51	Narsiss	77	Sildre	28
Klokkefamilien	51	Narsissfamilien	76	Sildrefamilien	27
Klosterklokke	77	Nattlys	35	Skjerimplantefamilien	36
Klosterpion	9	Nattlysfamilien	35	Skogburkne	2
Knollmjødurt	30	Nellik	6	Skogminneblom	44
Knollsoleie	15	Nellikfamilien	5	Skogskjegg	30
Koll	38	Norsk blåstjerne	75	Skogsymre	14
Kongekrone	73	Nøkkerose	16	(Skogtulipan)	74
Kongelilje	72	Nøkkerosefamilien	16	Skrinneblom	20
Kongsbregne	1	Nøkkerosetulipan	74	Skuggesildre	28
Kongsbregnefamilien	1	Nøkketunge	66	Slirekne	3
Kongsllys	45	Nøkleblom	39	Slør	6
Korgplantefamilien	53	Nøkleblomfamilien	39	Sløyfeblom	21
Krageblom	64	Nålerublon	21	Smalballblom	10
Kranslilje	72	Oktoberbergknapp	25	Smalbladlilje	71
Kransøye	61	Olympkongsllys	46	Smaldunkjevle	80
Krokus	78	Orientvalmue	18	Smaltimian	49
Krone	73	Ormedrue	11	Smelle	5
Krossblomfamilien	19	Ormetelg	2	Småarve	7
Krydderperleblom	76	Parasollryllik	63	Smågullkorg	65
Krypfredlaus	41	Pinselilje	77	Småhjerte	19
Krypjonsokkoll	48	Pinsenellik	7	Småvinterblom	11
Krypklokke	52	Pion	9	Snøiris	78
Krypnattlys	35	Perleblom	76	Snøkllokke	76
Krypslør	6	Perleevigblom	58	Snømalurt	65
Krypsåpeurt	7	Praktakeleie	12	Snøsløyfe	21
Kryptimian	50	Praktbetonie	49	Snøstjerne	75
Kryptorskemunn	46	Prakthjelm	13	Solbrud	62
Kulenøkleblom	41	Praktminneblom	45	Soleie	14
Kuletistel	66	Praktsolbrud	62	Soleiefamilien	9
Kung	49	Prydkattehale	34	Soleiehov	10
Kvitjulerose	11	Prydrabarbra	3	Solhatt	60
Kystsmåarve	7	Purpurjonsokkoll	48	Soløye	59
Lammeøyre	48	Purpurkongsllys	46	Spaniablåstjerne	75
Lepeblomfamilien	47	Puteblom	20	Spirblom	27
Lerkespore	19	Påskelilje	77	Stikle	36
Lilje	71	Rabarbra	3	Stemorsblom	22
Liljefamilien	68	Riddarspore	12	Steindodre	21
Liljekonvall	76	Rosefamilien	29	Stjerneskjerm	36
Liten filturve	8	Rosekattost	23	Stjernevårpryd	76
Liten sandlilje	69	Rosekrage	64	Storhjelm	13
Lodnesvæve	67			Stor kubjolle	14
Lodnetimian,	50			Stornøkkrose	16

Stor sandlilje	69	Vinsyre	14
Storvinterblom	11	Vinterblom	11
Strandrøyr	79	Virginiaasters	56
Strandvortemjolk	4	Vortemjolk	4
Strussveng	1	Vortemjolkfamilien	4
Sverdalaंत	59	Våradonis	15
Sverdlilje	78	Vårfloks	43
Sverdliljefamilien	77	Våriris	78
Svinerot	48	Vårkrokus	78
Svingel	79	Vårpryd	75
Svæve	67	Vårvortemjolk	4
(Sylarve)	7		
Syre	13		
Syrefamilien	3		
Sølvarve	8		
Sølvveronika	47		
Søte	50		
Søtrotfamilien	50		
Søyleblom	54		
Såpeurt	7		
Taklauk	26		
Tanatimian	49		
Telg	2		
Teppesmelle	5		
Tidløyse	66		
Tigerlilje	73		
Timian	49		
Toppklokke	52		
Torhjela	13		
Trompetfamilien	47		
(Tromsøbjørnekjeks)	37		
Tromsøpalme	37		
Tungesildre	29		
Tulipan	74		
Tusenfryd	55		
Tuvearve	7		
Tvikattost	24		
(Tyrihjela)	13		
Vakkerøye	61		
Valmue	17		
Valmuefamilien	16		
Valmuesøster	17		
Vanl. humle	2		
Vanl. kattenynte	43		
Vanl. nøkketunge	66		
Vanl. rabarbra	3		
Vanl. riddarspore	12		
Vanl. skogburkne	2		
Vanl. søyleblom	54		
Vanl. såpeurt	7		
Vanl. taklauk	26		
Vanl. tusenfryd	55		
(Venusvogn)	13		
Veronika	46		
Villakeleie	12		
Villtulipan	74		

Divisjon I. Pteridophyta KARSPOREPLANTER

P: gr. pteris = fjør (bregne), idos = liknande, phyton = plante, dvs. bregneliknande planter.

Planter med kar og med tydeleg generasjonsveksel. Bregnen, sporofyten, ber ukjønna sporer. Dei spirer til små forblad (prothallium) gametofyten, som har han- og hokjønnseller. Etter sameining utviklar dei seg til ein ny sporofyt.

Stor og urgamal plantegruppe med 4 nolevande klassar. I vår flora er den representert i 9 familiar. Vi dyrkar berre arter som høyrer til 2 familiar.

Osmundaceae KONGSBREGNEFAMILIEN

1

Store bregner, 3 slekter med kring 17 arter. Vi dyrkar berre:

Osmunda O: Osmund, tysk namn for guden Tor.

1

Den har 9 arter. Ein veks vill hos oss, i Søgne, og den vert av og til dyrka:

O. regalis KONGSBREGNE r: kongeleg.

1

Liknar litt på einstape (Pteridium aquilinum), men sporene sit på eigne bladavsnitt i toppen av planten, over dei sterile bladfinnane. Kan verta 1 m h med 30 cm breie blad.

---

Polypodiaceae BREGNEFAMILIEN

1

Fleirårige planter. Krypande jordstengel med einskilde blad, eller opprett jordstengel med fleire blad. Restar av gamle bladskaft sit ofte att på jordstengelen (Polypodium = mange føter). På ein plante kan alle blad vera like og bera sporer, eller vi kan ha to slags blad, grøne utan sporer og særskilde blad med sporer. Sporene er dekkja av ei tynn, lys hinne som vert kalla sløret. Kring 6000 arter, onlag 3/4 av alle bregner høyrer til denne familien. 12 slekter i vår flora. Berre 3-4 vert dyrka hos oss.

Matteuccia M: Carlo Matteucci, ital. fysikar 1800-1868.

6

Ein art vill hos oss:

M. struthiopteris (S. filicástrum) STRUSSVENG s: gr. strúthion = struss, pteris = venge,

6

2 slag blad. Sporeblada er heller korte, langskafta og smalt jambreie og visnar ikkje ned om hausten. Dei sporelause står som ei trekt kring dei sporeberande, er 1 m h og har si største breidde nær toppen. I skog og smådalar over det meste av landet, opp til 940 m o.h. (Borgund i Sogn.)

---

Adiantum ADIANTUM A: gr. a = ikkje, diaino = ver. Skal tyda: toler 5  
vått ver, vert ikkje våt.

Små, tynnblada, fint forma bregner med sporer i bladrande. Nær 200  
arter, mest i tropisk Amerika. Nokre er vanleg dyrka i veksthus hos  
oss. Ein art vert dyrka ute:

A. pedatum FRILANDSADIANTUM p: pes = fot, skapa som ein fot, blada 5  
av første orden er fotaktig gaffeldelt.

Bladstilken er glinsande mørkebrun og strengliknande.

---

Athyrium SKOGBURKNE A: kanskje av gr. athyros = utan slør.

I bladskafte ligg karbuntane i 2 breie, flate band. Nær 100 arter, 3  
hos oss, vi dyrkar ein av dei:

A. filix-femina VANL. SKOGBURKNE f: hobregne, namn frå 1542.

Sporehopane halvmåneforma. Vill i fuktige skoglier.

---

Dryopteris TELG D: gr. drys = eik, pteris = bregne 4

Fleire hundre arter, mest treforma i tropane. 10 arter i Noreg. Ein  
vert planta:

D. filix-mas ORMETELG f: hanbregne, namn frå 1542. 5

Har breiare blad enn Athyrium filix-femina og karstrengene er samla i  
mange runde buntar og skafte og midtribba er kledd med brune skjel.

Veks på tørre og steinete stader og har små krav. Sporehopane er hovud-  
forma.

---

Divisjon II. Spermatophyta FRØPLANTER 7

Underdivisjon II. Angiospermae DEKKFRØINGAR

Klasse I Dicotyledoneae TOFRØBLADINGAR

Underklasse I Archichlamydeae FRIKRONINGAR og KRONLÅUSE

Karakterane for desse taksa er nemnde i dendrologien.

Cannabaceae HAMPEFAMILIEN (Engler, 1964, reknar den med til Moraceae 7  
som underfam. Cannabofideae med 2 slekter, og 4 arter). Aromatiske og  
viktige nytteplanter.

Humulus HUMLE H: latinisert middelhøgtysk namn. 7

Sarbu, høgreslyngjande stauder. 3 arter.

H. lupulus VANL. HUMLE l: dim. av lat. lupus = ulv, namn på humle hos  
Plinius 79.

Dekkblada i blomen har kjertlar - Glándulae Lúpuli - som inneheld bitter-

stoffet lupulin som er verdfullt for ølbrygging. Vill hos oss nord til Overhalla, men planta nord i Finnmark og er mykje herdig.

H. l. 'Agréus' har gulfarga blad.

7

---

Polygonaceae SYREFAMILIEN

8

Urter og lignoser. 40 slekter med over 800 arter, mest urter. Forholdsvis få har interesse for hagen. Ved foten av bladskaftet sit det ei hinneaktig eller kjøtfull slire som går kring stengelen og knoppen i bladhjørna. 5 slekter med kring 30 arter finst i vår ville flora, men ingen av dei vert dyrka.

Rheum RABARBRA R: gr. rheon, namn på rabarbra.

8

Kraftige, fleirårige planter med tjukke, kjøtfulle røter og hole stenglar. Blad store, flika, eller lappa med lange skaft. 40 arter i tempererte strøk i Asia. Fleire er matnyttige eller offisinelle. Ein vert noko dyrka i parkar og store hagar:

R. palmátum PRYDRABARBRA p: handforma

8

Kring 2,5 m høg, med mest meterbreie, helst hjarteforma blad. Finst i Parken ved NLH. Solitærplante og til dekking.

R. p. var. tangúticum t: Tangut, eit fjelland i N.-Asia.

Har meir langstrekke og djupare innskorne blad.

R. x cultórum (R. rabárbarum, R. undulátum) VANLEG RABARBRA, brukt til mat.

---

Polygonum SLIREKNE P: gr. polys = mange, og gonu = kne. Gamalt pl.namn. 9

Ein- og fleirårige urter og lignoser. Kring 200 arter. Sume er pryddplanter, men ikkje av våre viktigaste. Blomen har 5-blada, einsarta, varig, grønt eller farga blomsterdekke. Frukta er ei nøtt med 2-3 kantar.

P. cuspidátum JAPANSLIREKNE (LID: PARKSLIREKNE) c: med gramm odd. 9

Frå Aust-Asia. Buskforma staude, 2-3 m h. Blada lerharde med tvert avskoren grunn (noko hjarteforma). Stengelen er hol og snau. Den har så sterkt vandrande rotstokk at den lett vert eit bryasant ugras.

Litt.: C(arl) K(eyser) 1885. *Polygonum Sieboldii* Hort. (*Polygonum cuspidatum* Koch.). N.Haget. 1: 52-3.

P. sachalinense KJEMPESLIREKNE s: frå øya Sachalin, nord for Japan. 9  
Høgare enn cuspidatum og med lengre blad som har hjarteforma grunn.

P. compactum c: tett, samantrengd. 11  
Liknar cuspidatum, men er berre  $\frac{1}{2}$  m høg og blada er mindre og stengelen er meir kanta.

P. alpinum ALPESLIREKNE a: frå fjellet. 11  
Den veks vill i Alpane. Opp til 1 m høg staude. Blad egg-lansettforma, 10-15 cm lange, med bølga kant. Den er ikkje vandrande og ugrasaktig.

P. sericeum s: silkehåra. 11  
Liknar alpinum, men er større. Blad nest utan skaft og med blågrøn underside.

---

Euphorbiaceae VORTEMJØLKFAMILIEN 11

Urter og lignoser, ofte med mjølkesaft (ofte giftig), men gjerne med svært ulikt yttre. Blom einkjønna. Kring 290 slekter med 7500 arter, helst i tropane.

Euphorbia VORTEMJØLK 12

Populærnamnet fordi mjølkesafta, vart det sagt, var middel mot vorter.  
E: Hos Dioskorides og Plinius namn på ein art vortemjølke frå Atlasfjella.  
Namnet er etter livlækjaren Euforbus.  
Planter med giftig mjølkesaft. Ein hoblom med 3 griflar og fleire små hanblomar, kvar med eitt pollenblad, sit saman i eit klokkeforma hylster og ser ut som ein blom. Desse "blomane" sit oftast saman i skjermar.  
Ofte har dei ein krans av sterkt farga høgblad, som hos julestjerne. Sume minner mykje om kaktus, men mjølkesafta er eit godt skiljemerke. Og blomen er svært likt bygd hos alle E. arter. Både eittårige fleirårige og lignoser. Kring 1600 arter. I Noreg 6 ville (eller forvilla) arter, ein av dei vert dyrka:

E. palustris STRANDVORTEMJØLK p: høyrer til på myr. 13

Kring 80 cm h. grovt greina staude. Frå indre Oslofjord til Halse og Harkmark, Lista og Fedje. Og elles sume stader ved Østersjøen. 80 cm høg med grove, greina stenglar. Gule støeblad under småblomsterstandane. Toppskjermen med 5 strålar. Blad til sist ofte raudfarga.

E. polychroma (E. epithymoides Jacq. non L) VÅRVORTEMJØLK p: mangefarga 12 eller rikt farga. Flora Europaea 2: E. pithymoides L. (E. polychroma). 30-40 cm høg staude frå Sentral-Europa med sparsamt håra, saftige skot som veks tett saman til ein regelmessig "busk". Talrike, snale, 3 cm lange

blad (under bløming). Blomane har vakkert gulgrøne høgblad under bløminga (drar til seg insekt). Etter bløming vert blomsterstanden grøn og bladliknande (hjelper til med fotosyntesen). Toler tørr og mager jord, men likar sol og varme. Den beste E. for hagen. Kan brukast på mange måtar og held seg bra gjennom heile sommaren.

Ekte E. epithymoides L. non Jacq. er mindre i alle måtar og ikkje så verdfull.

---

Caryophyllaceae NELLIKFAMILIEN

21

Over 80 slekter med kring 2000 arter. Urter, sj. halvbuskar. Blad motsette, heile. Stengel regelmessig gaffelgreina. Blom regelmessig og tvikjønna i ein typisk, toarma kvast. Hos oss 20 slekter med kring 100 arter. Nokre av dei vert dyrka, men ikkje vanleg. Fleire innførte arter er viktige prydplanter.

Silène SMELLE S: gresk plantenamn hos Matthias Lobelius, 1576.

23

Kring 400 arter. Blomen har eit pæreforma beger med 5 tenner. 3(4) griflar (Saponaria og Gypsophila har 2 og Lychnis 4-5). Kapselen har 3-5 rom.

S. acaulis FJELLSMELLE a: utan stengel.

23

5 cm høg i faste, tette tuver. Raudfarga beger og raude krunblad. Vill hos oss på grusjord i fjellet. Djup pålerot. For fjellhagen.

S. schafta TEPPEMELLE s: kanskje planten sitt namn på heinstaden, Kaukasus.

23

8-15 cm høg, teppedanande. 2 cm store, purpurrosa blomar. Verdfull p.g.a. den seine bløminga frå juli til frosten.

---

Lychnis KJÆRLEIKSBLOM L: gr. lychnos = lampe. A. Th.: fordi blada av fløyelsblad, 'Coronaria tomentosa (Lychnis c.), vart brukt til lampeveike. Lid 1963: namn på ein plante med lysande blomar hos Theofrast 300 f.Kr.

25

Kring 10 arter, mest i Sibir. Står svært nær Silene, men har (4)-5 griflar og einroma kapsel.

L. chalcedonica BRENNANDE KJÆRLEIK c: frå Chalcedon i Vesle-Asia.

25

Er frå Russland og Sibir. Stengelen er grovhåra og kronblada to-kløyvde med skinande, sermerkt raudfarge. Blomen minner om Malthesarkrossen. Gamal bondehageplante med sterk verknad. Høver saman med Delphinium, kvit Chrysanthemum og gul Achillea. Greier seg utan oppbinding.

---

- Gypsóphila SLØR G: gr. gypsos = gips, kalk, og philos = elskande. 26  
Gjeld veksestaden. Nann på Brudeslør hos Linne, 1771.  
Eitt-og fleirårige arter. 126 stk. mest ved det austlege Middelhav og i  
Midt-Austen. Stengel med treaktig grunn og sløraktig gaffelgreining i  
toppen. Blomane kvite eller raudlege, små med 2 griflar i talrike,  
greina blm.standar.
- G. paniculáta BRUDESØR p: med blomane i kvast eller topp. 27  
Staude, til 90 cm h. Blad langt tilspissa. Blomane kvite eller bleik-  
raude i stor, tett, sløraktig topp.  
Har mange avarter. På NLH finst: 'Rosenschleier' (= *G. paniculáta* x  
*G. repens rosea*). Berre 30-60 cm h.  
Både art og avarter vert dyrka i rabattar og den lette veksten gjer ra-  
batten lett og elegant, jamvel om der og finst robuste og grove stauder.  
Trivst på kalkrik jord. Høver og mellom roser. Er og framifrå til snitt.
- G. repens KRYPSØR r: krypande. 27  
Har krypande skot med opprett topp til 30 cm. Blom kvit - lyseraud.  
G. r. 'Rosea' har lyst raude blm. Ved NLH har ein valt ut ein som er  
kalla G. repens rosea NLH 2.
- 
- Dianthus NELLIK D: dios er genitiv av Zevs og anthos = blom, altså 29  
guden Zevs sin blom. Plantenamn hos Theofrast, 300 f.Kr.  
300 arter, mest ved Middelhavet. Ei homogen slekt av urter med oppsvulma  
led og motsette blad, ofte smale og grasliknande. Beger røyrforma med 5  
tenner. Krunblad 5, frie, langstrekke, ofte frynsa, 2 (ofte lange) grif-  
lar. 4 arter er ville eller forvilla hos oss. To av dei, barbatus og  
deltoides vert dyrka.
- D. deltoides ENGNELLIK d: deltaforma, trekanta. 33  
Veks vill hos oss over store deler av landet, på tørre bakkar. Staude  
10-30 cm h med greina rotstokk. Krypande, sterile skot med vel 1 cm  
lange linje-lansettforma blad. Opprette, lite greina blomsterskot med  
lenger, smalare og spissare blad. Kronblada er raude med ein eller fleire  
mørke flekker eller strek og nokre kvite prikkar. Bibeger hinneaktig og  
knapt halvt så langt som begeret. Mange gode avarter, t.d. 'Splendens'.
- D. plumárius FJØRNELLIK p: pluma = fjørliknande. Namnet og det 32  
norske namnet kjem av at kronbladkanten ofte er djupt innskoren eller  
frynsa.  
Staude, vill frå Austerrike til Sibir. 10-20 cm h. Negl utan venger.



Arten er lite dyrka, men varieteten *hortensis* med mange avarter er lenge og vanleg dyrka.

D. p. var. *hortensis* HAGE-FJØRNELLIK h: som veks i hagar.

Blada er berre helvta så lange som hos arten.

Viktige cv. er 'Atlungstad', 'Åsnelliken', NLH 4. og 'Purpurstjerne'.

D. gratianopolitanus PINGENELLIK g: Grenoble i Frankrik. 32

Staude, blågrøn, til 25 cm, plendannande. Negl med venger. Kronblad ikkje så djupt kløyvde som hos *plumarius*.

Mange avarter. På NLH finst:

D. g. 'Carnifneus' med karmraude blm. Ein verdfull fjellhageplante.

---

Saponaria SÅPEURT S: lat. *sapo* = såpe. Namn på såpeurt hos Hieronymus Bock, 1539. 36

30 arter, mest ved Middelhavet. Liknar i mykje *Gypsophila*, men har eggforma eller sylindrisk begerrøyr (i så måte lik *Lychnis* og *Silene*).

S. officinalis VANLEG SÅPEURT o: som høyrer til på apoteket. 36

40-80 cm høg med rak, stiv stengel. Gamal bondehagestaude med store, egg-ellipse-forma blad med 3-5 nerver og tette, endestilte blm.toppar. Bleikgrønt beger og kvite eller bleikt raude kronblad. Vill i store deler av Europa og Nord-Asia. Forvilla frå hagar hos oss. Giftig, Lindemark 1963.

S. ocymoides KRYPSÅPEURT o: liknar *Ocimum* i Labiatae (sj. dyrka). 36

Frå fjella i Europa og Vesleasia. Er heilt annleis enn vanleg såpeurt. Tett, klebrig, håra staude. 25-40 cm h. Breidt greina med nedliggjande skot og opprette spissar som danar ei tett tuve.

På NLH finst C. o. 'Splendens' med lysande, mørkraude blomar. 37

---

Sagina SMÅARVE S: lat. *sagina* = krøterfor. Plantenamn hos Mathias Lobelius, 1576. 38

30 arter. Låge, spinkle planter, teppedannande. Blad små, tråd-sylforma. Begerblada er bogne slik at blomen er mest kulerund. 9 arter hos oss.

Ein vert dyrka som fugeplante:

S. subulata KYSTSMÅARVE (SYLARVE) s: lat. *subula* = syl.

5 cm høg, med kjertelhår. 5-talsblom på lange blm.skaft.

---

Minuartia TUVEARVE M: Juan Minuart, spansk botanikar, 1693-1768. 41

130 arter (Alsine incl.). Små planter, men grovare enn *Sagina* og med lenger og rettare begerblad, slik at blom og kapsel vert avlange. Skil

seg frå Arenaria ved at kapselen spring opp med berre 3 klappar.

M. laricifolia 1: blad som Larix. 41  
Blom kring 1 cm stor, kvit. Riktblømande.

---

Cerástium ARVE C: gr. keras = horn (kapslane hos sume arter er hornforma). 37  
Namn på arve hos John Ray, 1660.

100 arter. Finst i alle verdensdeler. Nokre er pryddplanter. Blada er som regel sølvkvite av tett hårkledning. Kronblada er innbukta-kløyvde inn til midten. Kapselen sprekk opp med 10 flikar. Kring 10 arter ville hos oss. Ingen av dei er dyrka.

C. tomentosum FILTARVE t: filthåra. 37  
Ein frodig og seigliva staude som ikkje bør plantast der finare slag kan greia seg.

C. columnae LITEN FILTARVE (C. tomentosum c.) c: støtte, søyle. 37  
Tettare og lågare enn C. tomentosum og meir verdfull.

C. biebersteinii SØLVARVE b: F.A. Marschall von Bieberstein 1786-1826. 37  
Er kraftigare enn tomentosum og veks i lause tuver og breider seg enno meir ugrasaktig. Fruktstilken står rett opp etter modning.

---

Berberidaceae BERBERISFAMILIEN 43  
14 slekter med vel 650 arter. Buskar eller urter. 2 slekter med urter har noko interesse for oss.

Podophyllum FOTBLAD P: fot-blad. ): lange fotliknande bladavsnitt.  
6 arter (Dysosma incl.). NB. ikkje med i Sortlista 66-70. Krypande rotstokk, 1-2 bl. pr. stengel. Frukta eit stort bær med mange frø.

P. emodi HIMALAIAFOTBLAD e: Emodus distrikt i Himalaia. 44  
Frå Himalaia. 60-80 cm høg med brunraud stengel. Langstilka, 3-5 lappa blad, runde. d: til 25-30 cm. Store, kvite blm. i mai-juni. Fruktene store, koralraude, liknar tomat. (P. peltatum har lysgule frukter).

---

Epimedium BISPELUV E: gresk plantenamn hos Dioscorides.  
25 arter (incl. Aceranthus). Urter med tynn, krypande rotstokk og tredelte eller finna blad. Kvar blom har 4 små, yttre begerblad. 4 kronbladliknande indre begerbl. og 4 kronblad med sporer og nektar. 4 pollenblad.

E. pinnatum FLIKBISPELUV E p: som har finnar. 45  
Alle blad er grunnstilt og dobbelt til 3-dobbelt 3-delt, tildels finna. Oftast 9 småblad.

E. p. ssp. colchicum (E.p. var. *élegans*) c: frå Kolchis ved Svartehavet. Finst på NLH. 46

E. x versicolor v: med ymse fargar. 46  
Har dobbelt 3-delte blad.

E. v. nm. sulphureum nm = nothomorpha = ei hybridform.

Epinedium er ikkje med i Sortlista 66-70, men Nikolaisen -64 har med *E. rubrum* og skriv at "blandt bundplantene til skyggebedet, rhododendrongruppen og azaleahjørnet er den lille bispelue absolut den snukkeste". Han nemner og *E. sulphureum* og *E. niveum*.

---

### Ranunculaceae SOLEIEFAMILIEN

47

Kring 50 slekter med 2000 arter (*Paeonia* ekskl.). Mest på nordl. halvkule og i fjellet. Mest urter. Dei fleste har skarpe, meir eller mindre giftige smaksstoff. Blad oftast handnerve, handflika eller handdelte, utan øyreblad. Blomen undersitjande med mange pollenbærarar kring fruktermet, og insektpollinering. "durch die mannigfaltige Ausbildung von Honigblättern besonders charakterisierter Formenkreis" (Engler, 1964). Minner på fleire måtar om Rosaceae, men den har pollenblada fest høgare enn basis av fruktermet og har som regel øyreblad.

I vår flora finst 12 slekter med vel 50 arter. Nokre av dei vert dyrka og mange innførde vert dyrka og er viktige pryddplanter hos oss.

Paeonia PION P: etter den gr. gud Paeon (Boerner, 1951), gamalt namn til minne om lækjaren Paeon som hos Homer brukte ein plante til å lækja eit sår hos Pluto (Jensen, 1944). 47

33 arter, urter og lignoser (suffrutex). Meikle 1963 reknar slekta til ein eigen familie Paeoniaceae og det same gjer Engler 1964. Grunnen til dette finn ein i skilnader hos frukterne og frøerne. Blada er store, oftast oppdelte. Blom stor.

P. x cultorum (P. albiflora chinensis, P. c.) HAGEPION

Eit samlenamn for hundrevis av kultivarar av volkjende, velluktande hagepionar. NB. Hylander 1960 fører ikkje opp cultorum. Bergman 1939 gjer det.

P. officinalis KLOSTERPION o: som høyrer til på apoteket.

Ein gamal bondehagepion. Relativt låg, kring 50 cm. Også denne har ein søt lukt. Blom og frø er giftige. Lindemark 1963.

P. x festiva BONDEPION f: tiltalende, festleg. 50

(= *P. officinalis* x *P. peregrina*) Dette er den vanlege bondehagepionen.

Også den har fleire cv. Den vert ofte forveksla med officinalis, men dei kan skiljast ved at festiva er steril.

P. peregrina p: framand, utanlandsk. 50

Finst på NLH, ikkje med i Sortlista 66-70.

Pionane bør plantast på djup, næringsrik, alkalisk jord og bør få stå i ro i årevis. Bør aldri plantast om. Sars verdfulle stauder. Helst som solitær, men kvite narsisser kan høva mellom pionar.

---

Caltha C: gr. kalathos = korg, gjeld blm.hyllet si form. 20 arter. 51

C. palustris SOLEIHOV p: som veks på myr. Vill hos oss i fuktig eng og ved bekker, vanleg gjennom heile landet. Arten vert lite dyrka, men avarten:

C. p. var. multiplex m: multi = mange, plico = faldar. Mangedobbel. 51

Er meir kompakt enn arten og det er ei smaksak om den er betre.

C.p. er ein vakker vårblom ute i naturen og kan vera det i hagen og så sant han får våt jord. Høver difor ved bekker og dammar.

---

Trollius BALLBLOM T: av eit gammalt tysk namn på planten, Trollblume, 52  
først brukt av Conrad Gesner, 1542.

Står nær Ranunculus, men begerblada er kronbladliknande og innbøygde, slik at blomen får kuleform. Dei eigentlege kronblad er omdana til honninggøyne.

T. europæus ENGBALLBLOM

Veks vill over store deler av landet hos oss, på fuktige enger og i open skog. Giftig. Lindemark 1963.

T. asiaticus ELDBALLBLOM 53

Liknar på europæus, men har meir oppdelte og noko bronsefarga blad og blomen er nærmast oransjefarga.

T. a. var. superbus finst på NLH.

T. sinensis SMALBALLBLOM s: frå China 53

Er utan grunnblad, 60-100 cm.

Dyrka cv. av ballblom er anten utvalde kloner av T. europæus, eller hybridar med den og asiaticus og sinensis. Det er frå dei asiatiske artene somme har fått sin sterke farge. Dei vert no gjerne forde under

T. x cultorum HAGEBALLBLOM. På NLH har vi ca. 15 cv. 53

Ballblom er ein vakker staude når han får våt jord og skuggerik plass, men han er ingen idealstaude, for etter bløming visnar nykje av planten bort og det vert ein tom plass i rabatten.

Høver elles saman med Astfilbe, Lythrum, Mfnulus og Prfnula.

---

Helléborus JULEROSE H: gamalt gr. samnamn for julerosearter og Verátrum 53  
album. 20-25 giftige arter i Europa - Sentral-Asia. Stauder med påfallande sermerkt bladoppdeling, "kopla eller handlappa-delte", og store, (ofte grønlege) blommar med kronbl.liknande begerblad og små nektar-kronblad (røyrforma honningblad).

Planten er lite vakker etter mange si meining, men den vert dyrka for si tidlege bløming. Er først av alle. Må karakteriserast som kravfull, må ha rikeleg vatn, men ikkje våt jord. Må ha skugge og pH kring 6. Får lett soppsjukdomar.

H. niger KVITJULEROSE n: svart (gjeld her røtene). 54  
Har vintergrøne blad. Frå Sentral- og Sør-Europa. Fårleg giftplante.

H. x hýbridus HAGEJULEROSE 54  
Eit samnamn for mange storblomstra cv. som hos oss helst vert brukt til driving.

---

Eránthis VINTERBLOM E: gr. er = vår, anthos = blom. Gjeld blm.tida. 54  
Var elles hos dei gamle grekarar namn på ein Anthemis. Står systematisk nær Helléborus, men begerblada er her gule og fell snart av. 8 arter (inkl. Sibateránthis).

E. hiemális STORVINTERBLOM h: hiems = vinter. Blømer om vinteren.  
NB. Thorsrud 1960, Meikle -63 og Engler -64 skriv namnet hyemalis.  
Har fleirårige, uregelmessige stengelknollar. Frå dei kjen blomane. Dei skinande gule blomsterblada er ikkje kronblad, men omdanna begerblad. Det grønne hylsteret under krona er 3, sterkt flika sveipblad. Kronblada er omdana til honninggøyne. Grunnblada kjen først etter bløming. Dei er handdelte med 3 innskorne lappar. Dei liknar på sveipblada. Heile planten er giftig. Kultivarar finst.

E. cilfcica SMÁVINTERBLOM  
Er mindre. Sveipbl. meir delt.

---

Cinicffuga ORMEDRUE C: cimex, icis = veggelus, fugo = jagar. Av di 56  
den skulle kunna fordriva veggelus.  
Står nær vår ville Actaça spicáta, men medan den har svarte bær, har Cinicffuga kapselfrukt. Stauder, 10-12 arter på nordleg halvkule.

C. racemosa KLASEORMEDRUE r: racemus = klase, som ber klase. 56  
Frå det atlantiske Nord-Amerika. Vel 1 m høg med 2-3 gonger 3-delte  
blad.

C. simplex (C. racemosa s.) s: enkel, ugreina. 57

NB. ingen av dei er med i Sortlista 66-70, men Nikolaisen 1964 har  
C. racemosa med. Dei trivst i skugge og blømer seint på året.

---

Aquilégia AKELEIE A: Jensen -44: uvisst opphav, kanskje av aqua = 57  
vatn og lego = sanlar (p.g.a. trektforma kronbl.). Thorsrud -60: av  
aquila = ørn, p.g.a. forma på kronblada.

Stauder med elegant, 3-delte blad med 3 kløyvde butte avsnitt. Greina  
blomsterstand med "nikkande", endestilte, elegante blomar. Kvar blom  
har 5 kronbladliknande begerblad som varer lite. 5 kronblad med dis-  
tinkte sporer. Talrike pollenblad og mange frukterne. Frukta er saman-  
sett av mange kapslar. 70 arter i temp. strøk på nordl. halvkule.

A. vulgaris VILLAKELEIE 59

Blom oftast blå, sj. kvit eller raudfiolett. Vill hos oss på tørre  
stader og i berg og ur over store deler av landet. Giftig. Lindemark 1963.

A. x cultorum (A. hybrid) PRAKTAKELEIE 60

Samlenamn for eit stort tal kulturformer som det er uråd å festa til  
visse arter. NB. Hylander -60 brukar namnet.

Høver i blomstereng og i open skog. Blømer seint. med lauvfellande  
Azalea.

---

Delphinium RIDDARSPORE D: Den halvt utsprungne blomen skal minna om 61  
ein delfin. Namn på Riddarspore hos Dioscorides, 70. Norsk namn etter  
den spisse sporen på det eine "kronbladet".

Eitt-og fleirårige urter. 300 arter (Consólida medrekna). Botanikarane  
skil som oftast dei eittårige ut som eigi slekt, Consólida. Både slekt-  
ene har uregelmessige blomar og, ulikt Aquilégia, er eitt av dei 5 kron-  
bladliknande begerblada forlengja til ein spore. Blada er handlappa.  
Frukta er hos Consólida ein enkel kapsel og hos Delphinium ei samling  
av kapslar.

Dei fleirårige riddarsporene (som må til om ein rabatt skal vera kom-  
plett) er ei komplisert sak, genealogisk sett. Det er hybridar mellom  
europeiske og asiatiske arter. Oftast er med D. elatum, D. grandiflorum  
og D. cheilanthum og i nyare tid er D. cardinale frå California komen  
med. Dei går vanleg under namnet D. x cultorum VANLEG RIDDARSPORE.

D. cashmerianum var. atropurpureum finst på NLH.

D. x ruysii ROSERIDDARSPORE r: Ruys pl.sk. Moerhein, Holland.

64

(= *D. nudicaule* x *cultorum* cv.)

Ein hybrid laga av Ruys 1929. Den første fekk namnet 'Pink Sensation'. Blomane er rosa. Delphinium er elles ei av dei få slekter som kan rosa seg av å ha blomar i alle hovedfargane raud, gul og blå.

Chrysanthemum, Papáver, Erigeron og Achillea bløner samstundes med *D.* og høver godt til den. Men det er viktigare å planta slike slag som dekker for dei tomme plassane ein får når *D.* har blønt av. Euphorbia og Correpis er då gode.

---

Aconitum HJELM (VENUSVOGN) A: gr. akoniton namn på ein giftplante hos 65

Xenofon, d. 354 f.Kr. I boka Metamorfofos fortel Ovid at torhjelm vokst fram av skummet som valt fram or kjeften på helveteshunden Cérberus. Ei slekt av opprette eller slyngjande stauder, 275-300 arter, mest i temp. strøk på nordleg halvkule. Blada er handflika med smale lappar. Blomane står i klasar som hos Delphinium, men har til skilnad frå den eit hjelmforma øvre begerblad og har ikkje noko sporeforma begerblad.

A. septentrionale TORHJELM eller TYRHJELM s: nordleg.

Vill i skog og fjell hos oss, særleg på Austlandet. NB. Giftig, inneheld Aconitin, 2 g av rotknollen er dødeleg dose for eit menneskje (Digitalis er motgift).

A. napellus STORHJELM n: lat. diminutiv av *napus* = nepe, namn på planten hos A. Lonitzer, 1557. Har mørkeblå blomar. Vanleg dyrka. Særs giftig!

*A. n. bicolor* = A. x canmarum b.

A. x canmarum PRAKTHJELM c: gr. *canmaros* = kreps. Namn på ein gift- 66  
plante hos Plinius, d. 79.

'Sparkii' eller 'Sparks Varietet' høyrer kanskje hit. Den er tilrådd som ein av dei beste. Har mørkeblå blomar, nesten svartblå. Også desse *Aconitum* artene er dødeleg giftige. *Aconitum* høver saman med *Solidago*.

---

Anemone SYMRE, ANEMONE A: gr. *anemos* = vind. Pl.namn hos Theofrast, 68  
300 f.Kr.

Stauder, ofte med tjukke rotstokk r. 120 arter. Blad djupt delte eller finna. Ekte kronblad vantar. Beggerblada er farga og kronbladliknande. Blomsterstilken har 3 kransstilte blad, ofte sit dei like under blomen og vert tatt for å vera begerblad.

NB. Hylander 1960 og Lid 1963 fører også Pulsatilla og Hepatica trifloba hit. Meikle 1963 kallar blåveisen H. nobilis og han har Pulsatilla som eiga slekt. Lid 1963 har 8 arter ville i Noreg-Sverige.

A. silvéstris SKOGSYMRE s: veks i skogen. 69  
Under 30 cm h.

A. vitifolia VINSYMRE v: blad som Vitis. 70  
Over 50 cm h.

På NLH finst og A. canadensis 69

A. japónica er tilrådd av Nicolaisen 1964.

A. pulsatilla (P. vulgaris) STOR KUBJØLLE p: lat. pulsare = å slå 71  
eller støyta. Namn på kubjølle hos Pena og Lobelius, 1570.

Er utan overvintrande bladrosett. Blad dobbelt finna med ofte trådforma flikar. Stengelen har lange, kvite, utstående hår. Vill i Sverige, ikkje hos oss (vi har A. pratensis (Pulsatilla pratensis) og A. vernalis (P.v.).

Når sume skil Pulsatilla vulgaris ut frå Anemone er det for di at hos P. er dei yttre pollenblada ofte omforma til honninggøyme (nektarier) og nøttene har ein lang, fjørliknande griffel.

---

Clematis integrifolia er ikkje med i Sortlista 66-70, men finst på NLH 73  
og kan visast som døme på ein staude-Clematis.

---

Ranunculus SOLEIE R: diminutiv av lat. rana = frosk. Namn på ei soleie 73  
hos Plinius, år 70.

Ei stor slekt av eitt-og fleirårige urter. Blad ofte samansette eller djupt lappa. Blomane regulære. Kvart kronblad har eit skjelliknande eller poseliknande honninggøyme (nektarie) ved grunnen. Fruktstanden er ein halvkuleforma eller sylindrisk forma topp av smånøtter. 29 ville i Noreg-Sverige. Engler 64: 400 arter. Berre få arter er vanlege hageplanter.

R. aconitifolius a: blad som Aconitum. 74  
Kraftig, opp til meterhøg staude. Blomar kvite. Blad hjarte- eller nyreforma.

R. a. var. pleniflorus DUPPESOLEIE p: med fylte, doble blomar. 74  
Har tett fylte og varige blomar. Gamal hageplante. Kan brukast som snittblom.

NB. Jelitto/Schacht 1963: R. a. 'Pleniflorus'.



R. anplexicaulis DOGGSOLEIE a: an plector = omfattande, med blad som går kring stengelen. 75

10-20 cm hög staude frå Alpane. Lange, spisse, blågrøne blad. Blomar kvite, 3-4 cm i tverrnål.

R. bulbosus KNOLLSOLEIE b: med lauk eller knoll. 74

Stengel med knoll ved grunnen. Nedbøygde begerblad. Gule blm. Vill på tørre bakkar, Oslo-Kr.sand, Hidra-Bergen.

R. b. 'Pleniflorus' p: fylte blomar. 74

Har tett fylte, lysande gule blm. ofte med eit grønt sentrum.

---

Thalictrum FRØSTJERNE T: gr. thaliktron, plantenamn hos Dioscorides og Plinius, 70. Det norske namnet skal koma av at småfruktene danar, på blm.botnen, mønster som ei stjerne. 75

Stauder med oftast sterkt oppdelte og samansette blad. Blomane små, utan kronblad, men med framstående pollenblad eller med farga begerblad, samla i endestilte toppar. 120 arter (inkl. Anemónilla). Fruktar er ei lita, grøn nøtt med langsgåande striper.

7 arter veks ville (eller forvilla) hos oss. Eit par av dei og nokre andre vert dyrka. NB. Sortlista 66-70 har ikkje med Thalictrum.

T. aquilegifolium (Meikle -63 skriv namnet aquilegiifolium) AKELEIEFRØSTJERNE a: blad som Aquilégia. 76

Robust, - 1 m h. Vill hos oss på fuktige stader i skog. Beggerblada er purpuraktig farga, men vert mest løynde av dei talrike, lange, raude pollenblada. Avarter finst.

T. delawayi (T. dipterocarpum) FIOLEFRØSTJERNE d: J.M. Delaway (1838-95), 75 fransk misjonær og plantesamlar i China. FIOLE - F. fordi blomane er fiolblå med fiolange.

Elegant, skuggetålende staude, til 1,5 m h.

---

Adonis ADONIS A: etter gresk mytologi skapa Venus ungguten Adonis om til denne planten.

Eitt-og fleirårige urter med findelte, bregneliknande blad og soleieliknande blomar, men kronblada vantar honninggøyne (nektarie) som er så karakteristisk for Ranunculaceae.

A. vernalis VÅRADONIS v: ver = vår, som blomstrar om våren.

Staude med tjukk rotstokk og sterkt delt stengel med mange blad som kjem onlag samstundes blomen i april-mai. Giftig. Lindemark 1963.

A. amurénis AMURADONIS a: Amur i China.

Denne blømer tidlegare og blada kjem etter blomen. Blm.stengelen minner om Tussilágo.

---

Nymphaeácea NØKKEROSEFAMILIEN

78

Vass- eller sumpplanter med kraftig rotstokk og oftast store, langstilka flyteblad. 8 slekter med ca. 80 ( eller 65) arter. Blomane alltid enkeltvis. Talrike begerblad, kronblad, pollenblad og griflar. Dei indre kronblad går gradvis over til pollenblad. 2 slekter er ville i Noreg, Nymphaea og Nuphar. Båe vert dyrka, men Nuphar sjeldan.

Nymphaea NØKKEROSE N: av gr. nymfe. Namn på ein vassplante hos Theofrast, 300 f.Kr. I gr. mytologi ei ungdommeleg halvgudinne. No: ung, vakker kvinne.

400 arter, mest kosmopolitisk. Blada er runde, blankt grøne eller ofte noko raude. Begarblad 4. Kronblad mange. 3 arter i Noreg og hybridar mellom dei. Blomane hos dei er kvite, s. sj. raude.

Sortlista 66-70 har med 3 arter (m. avarter).

N. alba STORNØKKEROSE

80

Vill på Austlandet nord til Torpa i Nordre Land, og i kyststrok nord til Lyngen.

N. x marliacea m: B. Latour-Marliac, Temple-sur-Lot, Frankrik.

Eit samnamn for ei viktig hybridgruppe som franskmannen Marliac førde i handelen kring 1885-90. Ein er ikkje viss på kva arter han nytta i sitt kryssingsarbeid.

Høver for 1-1,5 m djupt vatn. Tilrådde er 'Albida' og 'Rosea'.

N. x laydeckeri l: Laydek var Marliacs direktør.

Ei hybridgruppe også laga av Marliac. Dei er meir småvaksne og har mindre blad og høver på relativt grunnt vatn. Gjerne i 25-40 cm djupe kar.

Finns i fleire fargar. Tilrådd er 'Purpurata'. Djupt rosa purpur.

NB. ikkje alle Nymphaea skal ha same vassdjup.

---

Papaverácea VALMUEFAMILIEN

81

47 slekter med kring 700 arter, mest på nordl. halvkule. Nokre få lignoser, men mest urter med kvit eller gul mjølkesaft. Blada sit spreidde, er oftast djupt innskorne, utan øyreblad. Blad og stengel er ofte stivhåra. 2 (sj. 3) begerblad som til vanleg fell av før blomen opnar seg. Blomen er gjerne stor og fint farga. Frukta er ein kapsel med mange frø. 6 slekter i vår flora. Summe av dei og fleire

innførde vert dyrka.

Macleaya FJØRVALMUE M: A. Macleay, sekretær for kolonien N.S. Wales, Australia. 83

Kraftige stauder med gul mjølkesaft og store, blågrøne blad med lysare underside. 2 arter i Aust-Asia.

M. cordata (Boccònia c.) c: hjarteforma, gjeld her blada.

Over 2 m høg. Dei kvitgule blomane vantar kronblad (kvite begerblad fell snart av) og er einslege og lite å sjå til, men finst i slik mengde i store, fjørlette toppar at totalverknaden vert stor. Blada held seg friske og dekorative til frosten kjen. For svar for staude-rabatten, og spreier seg, men er ein flott solitar.

---

Meconòpsis VALMUESØSTER M: gr. mecon = valmue, opsis = liknar. 84

45 arter, mest i China og Himalaia. Mest stauder og toårige. Liknar, å sjå til, mykje på Papaver, men arrskiva sit her på ein kort griffel og kapselen opnar seg i toppen med korte tilbakebøyde klappar. Dei fleste er svært vakre, men for kravfulle og vanskelege å dyrka.

M. betonicifolia BLÅ VALMUESØSTER b: blad som Betònica. 85

Det er den vidgjetne "Blue Poppy" frå Yunnan, Thibet og Burma. Den er opp til mannshøg og den er truleg den som er lettast å dyrka. Har toårige tendensar. Kom i kultur kring 1925. Blomar i klase på lange stilker frå øvre bladhjørne, 6 cm tversover. NB. øverste blom spring først ut, ulikt regelen. Nicolaisen 1964: poetisk udseende.

I heimlandet har den fuktige somrar og tørre vintrar og skal vi dyrka den nå det vera på godt drenert jord. Høver i skogbotn og i Rhododendronfeltet og mellom lette prydbuskar. Naboar: etasjeprimula, astilbe, Cimicifuga rac., Mimulus og Rodgersia.

---

Papáver VALMUE P: gammalt namn på ein valmueart (JENSEN 1944) 85

latinsk namn på P. somniferum hos Plautus, d. 184 f.Kr. (LID 1963).

100 arter. Alle utan ein på nordl. halvkule. Papaver skil seg frå dei andre i familien ved å ha ei sirkelrund eller konisk arrskive og i sentrum av den sit eit stjerneforma arr med mange (minst 4 stråler). Arret er altså sitjande og griffel vantar. Den modne kapselen opnar seg berre ved hol under arrskiva. Dei modne frøa vert i vind skaka ut onlag som peppar frå ei peparbørse.

11 arter i Noreg-Sverige. 6 av dei er sjeldne hos oss. Sortlista 66-70 tilrår 3 staudearter.

P. orientåle ORIENTVALMUE

87

Svært grov og stivhåra, 50-100 cm høg. Kraftige blm.skaft med einslege blomar, ofte meir enn 15 cm i diameter, i juni, altså på ei tid då heller få stauder blømer. NB. etter bløming døyr overjords deler bort og etterlet seg eit stort tomrom i rabatten. Bør difor helst stå saman med låge stauder som dekker plassen den hadde.

P. bracteatum b: med bractear = dekkblad.

87

Skil seg frå P.o. ved to kraftige tanna høgblad like under blomen.

Ved kryssing mellom ovannemnde arter er laga ei rekke særskilte kraftige, storblomstra og vakre sortar, dei vert til dels førde opp som P. hybridum eller P. x hortense.

P. nudicaule SIBIRVALMUE n: naken stengel, utan stengelblad.

86

Blom kvit, gul eller oransje. Dei to yttre kronblada er større enn dei 2 indre. Kapsel klubbeforma med stive hår. Ofte forvilla som eitt- eller toårig i engjar hos oss. Mange kulturformer finst. For fjellhage og tørrmur og blomstereng. Er for ustabil for stauderabatten. God snittblom. Naboar: Achilléa, Alfssum saxatile, Erigeron alp., Filipéndula, Gypsóphila.

P. alpinum ALPEVALMUE

86

Frå Alpane, er nærslakta nudicaule, men er mindre og har finare oppdelte blad. Kapselen har tiltrykte hår.

NB. er ikkje med i Sortlista 66-70.

P. radicatum FJELLVALMUE r: radix = rot. Med grov eller lang rot.

86

15 cm h. Blad lodne med 2-4 par bladflikar. Kapsel eggforma med utståande, stive hår. På grus og aur i fjellet. Den har hos oss fleire underarter som veks i avgrensa strøk.

Ein interessant fjellhagestaude. Lett å formeira ved frø og der den trivst sår den seg sjølv.

---

Dicentra HJERTEBLOM D: di = to, kentron = spore = røyrforma utvekst på blm.blad ofte med nektar (NB. spore finst ikkje).

89

Opphavelig kalla Dicytra av Borkhausen i 1779 av di = 2 og klytron = spore. I 1826 endra Chamisso og Schlechtendal namnet til Dielytra i det dei trudde B. hadde hugsa feil og eigentleg meint gr. elytra som n.a. tyder dekkvenger hos biller (Kronblada liknar litt på det). I 1836 syntest Bernhardi at spore måtte vera opphav til namnet og då gr. kentron tyder spore, retta han det til Dicentra som så seinare botanikarar har adoptert. Dette er i strid med prioritetsretten, men namnet er

vedtatt som eit nomen conservandum. Det står i lista: Nomina generica conservanda et rejicicenda. (Meikle 1963 reknar *Dicentra* og *Corýdalis* med til Fumariáceae). 17 arter. Blomar i klasar. Kronblad 4, dei to yttre krumme og med sekkforma grunn (ikkje spore), slik at krona får hjarteform.

D. spectábilis LØYTNANTSHJERTE s: stor og gild. 89

Blomen stor. Yttre kronblad raude, indre kvite. Klasen usamansett. Stengel med blad. Trivst best i halvskugge. I stauderabatten nå han ha naboar som fyller plassen hans etter bløming. I frie plantingar er gul lerkespore, storkonvall og bregne gode naboar.

D. formósa SMÅHJERTE f: velforma, vakker, formosianus = frå Formosa, floridus = blomsterrik, floridanus = frå Florida.

Bln.klasen samansett. Blomen liten. Stengel utan blad. Veks vill heilt frå Br. Columbia til Centr. California.

---

Corýdalis LERKESPORE C: gr. korydalos = topplerke. Plantenamn 90

(korydalion) hos Dioscorides, 70. Gjeld bln.forma. Sporen minner om bakkloa hos lerce, eller sporen minner om fjordusken hos topplerke. 280 arter. Temp. Eurasia og N.Amerika. 4 ville i Noreg.

Snaue, blågrøne skuggeplanter. Blomar med spore (det eine eller baa yttre kronblad). Eit høgblad under kvar blom. Blomen er svært lik *Fumaria*, men frukta er ein lineær, mangefrøa kapsel. *Fumaria* har nøttfrukt. Sortlista har berre med:

C. lútea GULLERKESPORE l: gullgul. 90

Den vantar knoll. Blada er skøyre og elegant delte. Korte klasar med gule blomar, mai-oktober.

Framifrå botndekkeplante. Spirer og på stader der ikkje andre blomar vil gro, murar og vegger t.d. Høver ikkje i rabatt. Sår seg for lett.

I parken ved NLH, ved Dahl-støtta, finst og C. solida HAGELERKESPORE.

Høver saman med alle botndekkeplanter. Fin saman med blå fiol.

*C. cava* er ei særleg giftplante. Lindemark 1963.

---

Cruciferae KROSSBLOMFAMILIEN C: = krossberar p.g. av dei 4 kronblada. 91

Crux = kross. Kring 350 slekter med 3000 arter. 52 slekter, 20 arter i Noreg-Sverige. Mest urter, eitt eller toårige. Homogen plantegruppe. Bln.standen er ein halvskjerm som etter frøing vert til ein klase.

4 lange og 2 korte pollenblad. Fruktennet er delt i 2 rom og vert til ein kapsel med skiljevegg (skulpe). Tal frø varierar ned til 1 (vert

då ei nøtt). Skulpe som brotnar tvert av er kalla ledskulpe. Frøa er oljehaldige og heile planten inneheld ofte skarpe stoff.

Viktigare i kjøkenhagen og på grønsakjordet enn i prydhagen, men sume er likevel svært verdfulle som prydplanter: *Alýssum*, *Aubriéta*, *Árabis*, *Matthíola*, *Lobulária*, *Cheiránthus* og *Ibéris*.

*Árabis* SKRINNEBLOM A: Namn på ein plante frå Arabia i dei falske 91  
Dioscorides-bøkene på 700 talet. Det norske namnet for di den trivst på dårleg jord.

Mest små urter med ein bladrosett ved grunnen. Blomane kvite eller raudaktige i klase eller topp. Skulpe lang, linjeforma. 2 ville og 1 forvilla i Noreg: *alpína*, *hirsúta* og *péndula*.

*A. alpína* FJELLSKRINNEBLOM a: høyrer til i fjellet. NB. *alpigenus* = frå 91  
Alpane. Vill på fuktig grusjord i fjellet. Arten er knapt nok i kultur og kultivarar som vert førde under den høyrer heller til *A. caucásica*. Sortlista 66-70 har med A.a. 'NLH. 1' og A.a. 'Schneehaube', haube = huve. Ein god, ny kultivar er 'Bakkely'.

*A. caucásica* HAGESKRINNEBLOM c: frå Kaukasus 91  
Har større blomar enn *alpína*. Dei fleste dyrka kulturformer vert rekna med hit. Sortlista 66-70 har med *A.c.* var. *plena*. 92

*A. x aréndsii* (= *A. aubrietoides* x *caucásica*) ARENDSSKRINNEBLOM 92  
a: Georg Arend, Ronsdorf, kjend staudeforedlar. Har rosa blomar.

*A. a.* 'Rosabella' finst ved NLH, men er sjuk. Er ikkje med i sortlista. 92

---

*Aubriéta* PUTEBLOM A: Claude Aubriet d. 1743, fransk plante- og dyremålar. 95

12 arter. Middelhavet - Iran. Liknar mykje på granne former av *Arabis caucasica*, men blomane er til vanleg blå eller raudlege og frukta er kort, ofte eggforma. Berre ein av artene er vanleg tatt i kultur.

*A. deltoides* BLÅPUTE d: deltaforma, trekanta (delta er ein gresk bokstav).

Sjølve arten vert no sjeldan dyrka. Ein dyrkar kultivarar som for det meste ættar frå *deltoides*, men som vert plassert under samlenamnet:

*A. x cultórum* HAGEBLÅPUTE 96

På NLH finst 6 kultivarar av den. Sortlista 66-70 tilrår desse:

'Feuerkönigin' Raudfiolett.

'Purple Robe' Lavendelblå m. kvitt auga.

'Schloss Eckberg' Mørk fiolett.

'Sundermannii' Lillablå.

Populære og villige mur- og fjellhageplanter. Går lett ut i berrfrostvintrar. Plantene luktar av moskus.

---

Draba RUBLOM D: gr. drabe = skarp, beisk, brennande. Namn på honningkarse, *Cardaria draba* (*Lepidium d.*) hos Dioscorides, 70. Ru = laus ull. 270 arter, mest i fjellet (13 arter i Noreg-Sverige), og mange hybridar. Små, eitt-og fleirårige urter som veks i tuer eller matter. Ofte med grunnstilte rosettblad. Blomane kvite, gule eller raude, om våren. Skulpen er kort, linjeforma til rund.

Berre få av artene vert dyrka. Sortlista 66-70 har med to. Båe finst ved NLH:

D. bruniifolia (*D. olgypica* var. *b.*) NÅLERUBLOM b: ? blad som *Brunia* 97  
i fam. *Bruniaceae*, etter C. de Bruin, Holland.  
5-10 cm høg. Kronblad gullgule.

D. x sundermannii (= *D.b. x dedeana*) s: Franz Sundermann, Lindau, Tyskl. foredlar av alpine planter.

Liknar svært mykje på *bruniifolia*, men har litt større blomar og rikare blomring. Brukbare stauder i høgfjellshagar der vinteren er stabil med fast snodekke.

---

Alýssum DODRE A: gr. a = ikkje, lyssa = galskap. Brukt mot hundegalskap. Ei stor slekt med kring 100 arter, men berre ein, frå fjellet i Central-Europa, er vanleg i hagar:

A. saxatile STEINDODRE s: som veks på knausar.

Er egentleg ein halvbusk. Sers vakker, men litt for kravfull til å koma med i Sortlista 66-70, og finst ikkje på NLH. Framifrå murplante der han greier seg. Det gamle namnet frå 1814 *Aurinia saxatilis* er på nytt foreslått for denne.

---

Iberis SLØYFEBLOM I: gr. Iberia = Spania. Namn på karse (*Lepidium* ?) 101  
hos Nikandros, d. 113 f.Kr.

30 arter ved Middelhavet og i Mellom-Europa (2 eittårige forvilla hos oss, amåra og umbellåta). Eittårige, fleirårige og halvbuskar. Kronblada to lange og to korte "sløyfe". Skulpen mest rund og med vengekant (som ovst endar i ein brodd?). Ein halvbusk er vanleg dyrka som staude:

I. sempervirens SNØSLØYFE s: alltid grøn. 101

Granne skot med tett av vintergrøne blad. Kvite eller lysblå blomar i tette klasar på eigne skot. Mange kultivarar. Sortlista 66-70 nemner:

'Elfenreigen' (Reigen = ring, leikarring)

Ved NLH finst dessutan:

'Little Gem'

'Findel'

Gode planter for rabattar og fjellhagar. Riktblomande og langleva når dei får varm og solrik stad og ikkje er utsett for berrfrost.

---

Violáceae FIOLFAMILIEN

106

Kosmopolitisk familie. 16 slekter med 850 arter, mest i tropane og subtr. Urter og lignoser, i Vest-Europa berre urter. Berre slekta *Viola* vert dyrka.

Viola FIOLE V: latinsk diminutiv av gresk *ion* eller *fion*. Hos Homer (800 f.Kr.) namn på fiolar og andre blomar som luktar godt. Det latinske namnet først hos Cicero, d. 43 f.Kr.

106

450 arter. Urter (sj. halvbuskar). 20 arter i Noreg-Sverige. 5 uregelmessige kronblad. Det nedre er større enn dei andre, med sekkforma pose eller spore.

Kapselen opnar seg frå spissen i 3 båtforma klappar som slenger frøet ut med stor kraft.

V. odoráta MARSFIOLE o: med fin ange

107

NB. svært ulik *cornúta* og *williánsii* og *wittrockiána*.

Vill (opphaveleg forvilla) hos oss kring Oslofjorden og til Stavanger.

Liggjande, lys stengel. Om våren store, mørkeblå blomar som luktar godt. Seinare blomar som ikkje opnar seg.

Arten vert ikkje dyrka, men det er laga eit svært sortiment i fiolett, rosa og kvit. Ved NLH finst V. o. 'Triumpf'. Ein god staude med små krav. Kan drivast slik at ein har blom til alle årstider.

V. tricolor STEMORSBLOM

Er velkjend som ugras over heile landet og kan vera eitt-, to- eller fleirårig. Den vert ikkje dyrka som prydpilante, men har hatt mykje å seia i foredlingsarbeidet med HAGESTEMORSBLOM.

V. x wittrockiána (*V. tricolor máxima*) HAGESTEMORSBLOM w: V.B. Wittrock (1839-1914) professor, Stockholm.

108

Foredlingsarbeidet etter 1810, først i England og seinare i andre land, har gitt oss eit stort tal kultivarar. Sortimentet vert delt i grupper og desse gruppene markerar og steg i utvikling. Odier - Cassier - Trinardeau - Germania - Orchideiflora - Pariser Riesen - Hiernalis - Rogli Riesen - Engelman og Pirnaer.



NB. dei fleste er toårige og vert ikkje nærare omtala her.

V. cornúta HORNFIOL c: cornu = horn, gjeld her den krumme kronblad- 109  
spora.

Vill i Pyreneane. Blomar på lange stilker frå øvre bladhjørna, blå med  
frie kronblad og ein lang spore. Bløner frå mai ut over heile sommaren.  
Kulturform som 'Alba' kvit og 'G. Wernig' fiolblå er vanleg dyrka.

Utmerkt staude. Bør få råmerik jord og omplanting annankvart år. Høver  
i framkant av rabatten og mellom solitærstauder og roser. Høver godt  
saman med Gypsóphila, Oenothéra o.fl.

V. x williamsii (V. cornúta hybrida) HAGEFIOL w: B.S. Williams, London. 109  
(= V. cornúta x wittrockiana)

Her finn vi hos dei beste sortane, hagestauderblomen sin vakre blom saman  
med hornfiolens fleirårigheit.

---

Malváceae KATTOSTFAMILIEN 115

85 slekter med over 1500 arter. Urter og lignoser, til vanleg med  
stjernehaar og med slimaktig saft i stenglar og blad. Blomen har ofte  
eit ytterbeger. Dei fleste dyrka har småfrukter sitjande i ring kring  
ein sentral akse. Fleire eittårige er nemnde før: Malópe, Lavatéra og  
Althaéa. Av staudene har Sortlista 66-70 med Malva og Sidálcea.

Malva KATTOST M: gr. malache (av malasso, gjera mjuk). Pl.namn hos 115  
Hesiodes, 700 f.Kr. Latinsk namn på kattost hos Cicero, d. 43 f.Kr.  
30 arter. 8 ville eller forvilla i Noreg-Sverige.  
Handflika eller handlappa blad. Fruktene samansett til ein liten flat  
"ost" som sprekk opp radiært.

M. moscháta MOSKUSKATTOST m: som det luktar moskus av. 115  
Stengel med lange utståande haar. Blad utan stjernehaar. Smale ytter-  
begerblad. Lysraude eller kvite kronblad. Dunhára frukt. Vill mange  
stader i Sør-Noreg. Lett å dyrka. Forvillar seg.

M. m. 'Alba' har djupare delte blad og kvite blomar. Båe vantar på NLH,  
men her har vi:

M. álcea ROSEKATTOST a: gr. namn på kattost hos Dioscorides og Plinius,  
70. Blad med stjernehaar. Eggforma ytterbeger. Snau frukt.

M. a. 'Fastigiata'

Stivt opprett vokster. Nedre blad 5-lappa, øvre 5-delte.

---

Sidalcea TVIKATTOST dansk: Silkekattost. S: Sida Alcea.

116

gr.: Side = ei kvit nøkkerose.

Kring 20 arter. Eitårige og stauder. Står nær Malva, men har pollenblad berre i ei rekke. Småfruktene hinneaktige med småblad.

S. malvaeflora ROSETVIKATTOST

Under dette artsnamn vert ført ei rekke kultivarar. Hylander -60 kallar dei S. x hybrida og Bergmann 1939 kallar dei S. x cultorum. Store dekorative runde blad. 100-150 cm h. Sortlista 66-70 tilrår kultivarane

'Monarch' Karmainrosa

'Mr. Lindbergh' Purpur

Båe finst på NLH. Gode rabattstauder, men ikkje heilt herdige.

Nicolaisen: For ustabil for rabatten. Betre i lys, fuktig blomstereng. Naboar: Alýssum saxátile, Lythrum, Prfmula, Rodgérzia.

---

Rutáceae RUTEFAMILIEN

126

Buskar, tre eller urter med oftast spreidde blad, utan øyreblad. Blomane oftast fullstendige og regelrette. Kapsel- eller bærfrukt. Kring 150 slekter med 1600 arter, mest i tropane. Ein variert familie. Oftast med kjertlar på blada og aromatisk lukt (Citrus høyrer hit). Få er herdige hos oss, men ein greier seg godt:

Dictamnus D: gr. Diktamnon eller Diktamnus, etter ein Artemisheilagdom på Kreta. 126

Berre ein art har verde for oss:

D. albus ASKEROT (D. fraxinella)

Kraftig, 50-60 cm høg staude med kjertlar. Finna blad (minner om ask, derav norsk namn). Blomane i klasar, lysraude eller kvite. 4 kronblad står opp, 1 står fram. Svært rik på aromatiske oljer og i stille, varmt ver skal ein kunna få den til å brenna utan å ska planten. Mest vanleg dyrka er:

D. a. var. purpureus med raude blomar.

D. a. 'Albiflorus' har kvite blomar.

---

Crassuláceae BERGKNAPPFAMILIEN

126

Kring 30 slekter med 1400 arter. I Noreg-Sverige 3 slekter og 18 arter. Urter (eller halvbuskar), mest med kjøtfulle stenglar og blad. Mange er viktige veksthusplanter, men også mange er verdfulle ute i hagen på tørr og skrimn jord. Dei høver, p.g.a. dei fleskete blada, dårleg saman med dei fleste lauvrike planter og bør helst plantast for seg sjølv, i fjellhage eller på mur.

Sedum BERGKNAPP S: latinsk pl.namn hos Columella og Plinius, 70.

126

5 bekarblad, oftast kjøtfulle. 5 kronblad, 5 fruktblad, 10 pollenblad (oftast), 5 skolmkapslar med mange frø. 500 arter. Særleg mange i Himalaia. 16 i Noreg-Sverige.

S. spectabile OKTOBERBERGKNAPP s: stor og gild

129

Har mange, opprette stenglar, 25-45 cm høge. Blad motstående eller 3 kranstilte, eller dei kan og vera spreidde. Lysraude blomar om hausten i stor blm.stand. Høyrer til seksjonen Telephium (som vår ville SMØRBUKK S. maximum) som har ein tjukk kjøtfull rotstokk. I England halden for å vera den beste S. Ein vakker og verdfull rabattstaude, men som blømer noko seint og hos oss kanskje har meir å seia til innpotting om hausten. Den einaste S. som høver i stauderabatt. Ikkje med i Sortlista 66-70. Hold seg godt ved snitting.

S. ewersii HAUSTBERGKNAPP e: J.Ph.G. Ewers, Russl.

130

Frå Himalaia. Forvilla frå hagar her og der til Trondheim. 15-30 cm hog. Slakk stengel med runde, lyst blågrøne sitjande blad, nesten motsette, til dels noko stengelomfatande. Blom rosa-bleikt fiolett. Høyrer til dei beste og vanlegaste fjellhageplantene.

S. cantschaticum GULLBERGKNAPP k: frå Kantschatka. 10-15 cm. h.

131

Blad spreidde til motsette, 3-5 cm lange, avv. eggrunde med kileforma grunn. Blom 1,5-2 cm, friskt gullgul, i opp til 7 cm skjermforma klasar i juli-august. Har små krav og er herdig.

S. c. 'Variegatum' har blad med kvite kantar.

S. spurius GRAVBERGKNAPP s: falsk, uekte

131

Frå Kaukasus. Krypande staude. Blad få og små og fell tidleg av. Blomane i open halvskjerm, lysraude. Vanleg hageplante. Variabel i farge. Individuelle er plantene vakre, men dei blømer så glesent at dei gjer seg lite i masseplantingar.

S. s. var. coccineum (S.s. splendens) c: skarlagensraud

Har ein betre, mørkare blm.-farge.

S. s. c. 'Schorbusser Blut'

Har mørkraude blomar og brunlege blad.

S. spurium vert tildels nytta i staden for plen, men det er vanskeleg i lengda å halda graset borte.

---

Sempervivum TAKLAUK S: lat. semper = alltid, vivo = leva

135

Pl.namn hos Plinius, d. 79.

30 arter. Ei lita gruppe av kjøtfulle stauder. Grunnstilte rosettar av taklagde blad. Greina blomsterstand. Blomane med mange kronblad (liknar Bellis). For botanikarane er S. nestan eit mareridt. Artene står kvarandre nær og kryssar lett, og pressa eksemplar har liten verdi når det gjeld studier og namnfesting.

I hagebruket har dei mest interesse for liebhavaren, for jamvel om blad-rosettane er dekorative er det få som har fargar nok i blomane til å verta mykje ontykte. To arter er med i Sortlista 66-70:

S. tectorum VANLEG TAKLAUK t: tectum = tak

136

Namnet for di det har vore vanleg å planta den på torvtak, der den med sine saftige blad var sagt å verna mot eld (I Noreg har ein sume stader nytta ROSENROT Sedum roseum med same føremål). Vill hos oss frå Mandal nord til Feiring og Modum. Fleire avarter finst.

S. t. 'Atroviolaceum' A: atro = mørk, violacea = fioleblå.

Har små, brunfiolette rosettar. Vagrare enn tectorum. Er nemnd i Sortlista 66-70 og finst ved NLH.

S. arachnoideum KINGELTAKLAUK a: gr. arachnê = spindellev = kingel.

136

Den er kledd med lange, fine hår som går frå den eine bladspissen til den andre og minner om kingel. Blada er lysgrøne, ofte med brun spiss.

S. a. var. tomentosum t = filthåra

Har eit tett nett av kingel og veks i tette matter. Tilrådd i Sortlista 66-70. Finst ikkje på NLH. S. er lette å dyrka på solrike stader, i murar og mellom stein.

---

Saxifragáceae SILDREFAMILIEN 139

Familien er omtala s 27.

Bergénia BERGBLOM B: K.A. von Bergen, tysk lækjar og 141  
botanikar, 1704-60.

Stauder med vassrett krypande rotstokk og store, breie, leraktige blad, og begerforma, raude (eller kvite) blommar på ein tjukk, kraftig stengel, 8 arter i Asia.

Står nær Saxifraga og har vore rekna med til den. Verdfulle planter under tre og i kanten av buskass, i skugge, i fjellhagen og på stader med vanskelege kår.

Blada inneheld mykje kisel og er vanskelege å brenna. Dei vi dyrkar er for det meste hybridar.

B. cordifólia HJARTEBERGFLOM c: hjarteforma blad. 142

Frå Altai. Blada runde med tverrmål 15-30 cm, og med hjarteforma grunn.

B. crassifólia SPADEBERGBLOM c: tjukke blad. Frå Altai 142

til Sibir. Liknar B. cordifolia, men blada er langstrekke, ovale til omvendt eggforma, og har breitt kileforma grunn.

Saxifragaceae SILDREFAMILIEN

139

Kring 80 slekter med 1200 arter. Nestan kosmopolitisk og mest i tempererte strok (Hydrangéa, Ribes, Ítea og Escallónia er då medrekna. Hos Meikle 1964 er skilt ut som eigne familiar Hydrangeáceae, Grossulariáceae og Escalloniáceae). Urter og lignoser. 5 slekter med 31 arter i Noreg-Sverige. Blad gjerne med brei bladfoot, men utan øyreblad. Stort set 5-tals blomar.

Astilbe SPIRBLOM. ASTILBE kan og brukast som norsk namn. Vert av cune kaila SPIREA. A: gr. a = ikkje, stilbe = det som lyser. Namn på A. japonica hos David Don, 1825.

139

Greina stauder til vel 1 m h. Dei fleste med 3-delte blad som atter er finna eller 3-delte i eller 2 gonger. Blomane små med 4-5 smale kronblad, kvite eller raude og til vanleg dobbelt så mange pollenblad med lange, farga trådar (filament) i juli-sept. Blm.standen er ein høg, pyramidal topp med massevis av blomar (minner om Aruncus og Filipendula i Rosaceae).

30-35 arter. Sjelve artene har relativt små blomsterstandar og er lite dyrka. To av dei, med kvar sin avart, er med i Sortlista 66-70:

A. simplicifolia s: enkeltblada, ikkje samansett

139

Den skil seg lett frå alle andre A. ved å ha små og udelte blad. Frå Japan. Kvite blm.

A. s. 'Atrorósea'. Finst på NLH. NB. har 3-delte blad.

A. taquéti

Frå Korea. Berre 30 cm h. Lysraude blomar.

A. t. 'Supérba' er 50-60 cm h. Finst ved NLH. Blomsterstanden med opprette greiner, slik at han vert smal. Har krusa småblad.

Dei fleste dyrka A. er hybridar frå slike asiatiske arter som A. astilboides, A. japonica, A. sinénsis og A. thunbérghii. Hybridane er kraftigare planter med større blomsterstandar.

Foredlingsarbeidet tok til hos Georg Arends, Ronsdorf i Tyskland, 1907, og har seinare haldi fram hos andre og sortimentet er no stort. Ved NLH finst 25-30 cv. Dei vert rekna til samlearten:

A. x aréndsii ARENDSSPIR

140

Sortlista 66-70 nemner:

'Brautschleier' Kvit, vantar ved NLH.

'Dianant' Kvit

'Else Schluck'	Lysande karmin, sein	
'Fanal'	Frisk, mørk karmin	
'Gertrud Brix'	Raud, vantar ved NLH.	
'Red Sentinel'	Raudleg purpur	S = skiltvakt

Saxifraga SILDRE S: lat. saxum = bergknaus og frango = bryta. 143

Pl.namn hos Marcellus Empiricus, kring 410.

Stauder og nokre eittårige (tridactylites og osloensis). 350 arter, nest i hogfjella i tempererte og arktiske strok på nordl. halvkule.

22 arter i Noreg, sume av dei og mange innførde vert dyrka.

Ei svært variabel slekt å sjå til, med store ulikskapar i blad og blomar. Den er difor delt opp i grupper (13 stk.). Dei fleste artene har 5 kronblad og 10 pollenblad. Fruktetnet er dels inneslutta i ein koppforma blm.botn. 2 griflar (sj. 3) som varer ved etter fruktnodning og det ser då ut som om frukta har horn.

Alle likar jord med frisk râne, men elles er krava nokså ulike. Dei fleste av våre ville veks på kalkgrunn. Sortlista 66-70 nemner berre 3 arter med 6 avarter.

3. gruppe Robertsônia. Blad i rosett ved grunnen. Surjords- og skuggeplanter.

S. unbrösa SKUGGESILDRE u: som veks i skuggen 145

Blad leraktige, omvendt eggrunde. Kronblad kvite med raude prikkar ved grunnen og oftast med ein gul flekk på midten. Forvilla, særleg i Vest-Noreg og nord til Tromsøysund. Verdfull art.

7. gruppe Dactyloides. Dei noseaktige artene.

S. x aréndsii (S. x hybrida) HAGESILDRE a: Georg Arends, Ronsdorf i Tyskland. 147

Sume går under namnet S. decipiens var. eller S. d. hybrida, men dei fleste attar frå S. hypnoides MOSESILDRE og S. rhei. Botanisk rørs vanskelege. Det er små stauder med tett bladverk og store mengder av vakre blomar i gult, kvitt eller raudt.

Sortlista 66-70 nemner:

'Purpurmantel'	Rosa. Lett å dyrka.
'Schneeteppich'	Kvit
'Sir Douglas Haig'	Raud
'Triumph'	Raud

Dei er stort set lette å dyrka, men dei raude vil gjerne ha noko skugge.

10. gruppe Euaizónia. Breiblada arter med kalkkorn (m.a. S. cotyledon).

S. lingúata TUNGESILDRE 1: lat. lingua = tunge, med tungeforma organ. 148  
Har opp til 20 cm store bladrosetter som veks saman i matter. Blm.-  
standen til kring 35 cm, med kvite blm.

S. l. 'Supérba'

Lett å dyrka. Skal vera større og vakrare enn arten.

---

Heúchera ALUNROT Rotstokken har alunsmak, er snerpande. 152

H: J.H. von Heucher, botanikar og professor i medisin, Wittenberg,  
d. 1747.

50 arter i N.Amerika og Mexico. Har røyrforma blm.botn, til skilje  
frå Tiarella.

H. x brizoides (=H.americána x sanguínea) BIVREALUNROT b = lik Briza, 152

HJARTEGRAS. Foreiner sanguínea sine vakre blm. med americána sin  
herdigskap. Grunnstilte blad er hjarteforma, blågrøne og dekorative.  
Blomane er oftast raude og sit i kvastar i enden av tynne, stive stilkar.

Kultivarar:

'Gracillína Supérba'. Frisk karminrosa.

'Pluie de Feu' Eldraud.

Den siste er i Sortlista 66-70 ført opp under H. x pruhoniciana  
HAGEALUNROT og til dels vert det same gjort med andre kultivarar.  
Hylander -60 nemner ikkje pruhoniciana og NB. hos han er brizoides  
kryssing mellom micrantha og sanguínea.

Heúchera trivst best på alkalisk jord og i lett skugge. Kan brukast på  
mange stader i hagen og er god til snitt.

---

Rosáceae ROSEFAMILIEN

153

Kring 100 slekter med 3000 arter (omfatar då Spireaeofdeae, Rosofdeae,  
Pomofdeae og Prunofdeae). I Norsk-Svensk flora er 23 slekter med 123  
arter. Ein stor familie av urter og lignoser. Liknar Ranunculaceae i  
det at den har frie kronblad, talrike pollenblad og til vanleg mange  
frie einsella småfrukter, men medan Ranunculaceae har undersitjande  
blom er han hos Rosaceae oversitjande hos Pomofdeae og kringstjande  
hos Rosofdeae og Prunofdeae. Og medan Ranunculaceae har mange giftige  
planter har Rosaceae uskadelege, og mange er matnyttige (Rubus, Fragária,  
Prunus, Malus, Pyrus). Ein svært viktig familie når det gjeld lignoser  
for hagen. På langt nær så viktig når det gjeld urter. Ingen vart



nemnde under omtalen av sommarblomane og berre 7 staudeslekter er tatt med i Sortlista 66-70 og få av dei kan reknast til våre aller viktigaste hageplanter.

Arūncus A: lat. aruncus = geiteskjegg (NB. Tragopógon, Compositae, har det som norsk namn). Namn på A. dióicus hos Linne 1735.

Var før rekna med til Spiraéa. Men den har no berre lignoser. Stauder, 3 arter. Står nær Filipendula, men A. er serbu. Filipendula er sambu.

A. dióicus (A. silvéstris, Spiraéa a.) SKOGSKJEGG d: to hus, serbu. Dansk namn FJERBUSK.

1-2 m hog, med store, dobbelt eller tredobbelt finna blad. Små blommar, men i store mengder i nangegreina pyramidal blm.stand. Hanplantene har kvitare og varigare blommar og er difor mest verdfulle. Hoplanten fortener knapt nok dyrking. Planten har små krav, men likar best lett fuktig jord i halvskugge. Treng ingen oppbinding. Solitärplante, gruppeplante og dekkplante. Høver ikkje til snitt, blomen drys for snart.

Som naboplanter: Pion, Rosekrage, Lupin.

Ein mykje verdfull staude. Har forvilla seg frå hagar, Bærum, Odda.

---

Filipéndula MJØDURT F: lat. filum = tråd og péndulus = hangande. 154  
(rotknollane heng i tynne rottrådar.) Namn på mjødurt hos Jean Ruelle 1536. Det norske namnet av di F. ulmaria i gamle dagar var nytta som smakskorrigens til mjød.

10 arter i temp. og subarkt. strøk på nordleg halvkule. 2 ville i Noreg. Stauder med som regel finna blad og stor blm.stand. Blom tvikjønna, utan ytterbeger.

F. vulgáris (F. hexapétala) KNOLLMJØDURT h: gr. hex = seks, petal = 154  
kronblad. Røtene har mørke knollar. Vill hos oss på tørre bakkar på kalkgrunn, særleg kring Oslo-fjorden. NB. andre F. veks på våt mark. Blomane raude i knopp, seinare kvite. Høver i framkant av staude-rabatten. Dekorativ som snitta, men held seg ikkje lenge. Sortlista 66-70 har med som betre enn arten:

F. v. 'Plena' 30 cm h.

---

Alchemílla MARIKÅPE A: av arabisk alkemelyeh, kjemi. Alkemistane 156  
i mellomalderen nytta vassdropane dei fann på marikåpeblada. Namn på marikåpe hos Hieronymus Bock, 1539.

200 arter. I Noreg-Sverige 22 arter. Stauder med kraftig, greina rotstokk. Blada store, lappa, eller delte. Stenglane er veike.

Blomane små, grønne, utan kronblad, men med 4 yttre og 4 indre begerblad. Sortlista 66-70 har ingen A. med, men vi har ein på NLH under namn A. major som må nemnast. Det er ein dekorativ og villig staude som høver godt på våte stader som langs bekkefar.

Thorsrud seier det er ei kraftig kulturform som står nær A. pastoralis BEITEMARIKÅPE. Hylander -60 nemnar ikkje A. major, men har med A. mollis JÄTTEDAGGKÅPE, A. speciosa PRAKTDAGGKÅPE. Meikle -63 skriv at A. mollis er den einaste som er vanleg i engelske hagar.

---

Geum HUMLEBLOM G: lat. namn på Humleblom. Plantenamn hos Plinius, d. 158 79. 56 arter, mest i nordl. temp. strøk. 5 i Noreg-Sverige.

Opprette stauder. Sermerkte ved blada som er ymsefinna ("hellombrutt finnete") og gjerne med ekstra stor endefinne og ved fruktene som er samansett av smånøtter som har ein merkeleg krok (griffelen som er visna og stivna). Sortlista 66-70 har med ein art med to kultivarar.

G. x balcanum (G. x heldrefchi Hort, G. borisii Hort.) (= G. coccineum x montanum). b: frå Balkan.

Mange kultivarar i gule, oransje og raude blm.fargar.

'Aurantifacum' Oransjeraud

'Heldreichii Magnificum' Oransjeraud

Thorsrud -60: hybriden er noko usikker og vert ført svært forskjellig. Hylander -60 har namnet x balcanum.

Nicolaisen -64 har G. hybridum, men det er hos A. Th. ein annan art.

---

Gillénia G: A. Gillenius, latinisert frå Arnold Gille, tysk lækjar og 160 naturforskar i det 17. årh.

2 arter i det austl. N. Amerika. Stauder. Ein art vert dyrka hos oss i nyare tid.

G. trifoliata t: med 3 blad. 160

Blada er kortstilka og 3-delte. Grasiøs vokster, kring 1 m h. Opprett stengel, som i øvre halvta er delt i mange, vridde eller bukta greiner som kvar har ein blom i toppen. Blomen med raude begerblad og smale, kvite kronblad, diameter ca. 2,5 cm. Bør få moldrik, jant fuktig jord og lett skugge. Rabatt- og snittstaude og solitær. Lett og elegant. Hylander -60 har som svensk namn gillenia.

---

Dryas vert dyrka som staude og ofte nemnd mellom staudene, men er ein lignose og vert nemnd i dendrologien.

---

Potentilla MURE P: lat. potentia = makt, kraft. Namn på gåsemure hos Leonhard Fuchs, 1542. 161

Over 300 arter. NB. Engler 1964 har *P. palustris* som Comarum palustre. I norsk-vensk flora er 24 arter + *Comarum*. Lignoser, men mest stauder og eittårige. Ei vanskeleg slekt som varierar mykje i storleik, bladform og blomsterstand. Oftast har den handdelte eller finna blad med kraftige øyreblad og små, regelrette 5-tals blommar. Frukta er som hos *Geum*, som den liknar, samansett av tallrike små nøtter, men har ikkje den krøkte, vedvarande griffelen.

P. atrosanguinea Lodd. non Hort. BLODMURE a: mørkt blodraud 161  
Slapp, utbreidd staude, 30-70 cm h. Blad 3-kopla på lange skaft, grøn overside, gråkvit underside. Blom 2,5 cm i tverrsnitt, med purpurraude pollenblad. Frå Himalaia. I hagen plantar ein helst:

P. a. 'Gibson's Scarlet' som har betre farge og bløner lenger.

NB. Hylander -60: *P. atrosanguinea* D. Don.

Thorsrud -60 og Meikle -64 har Lodd. som autor.

P. x bicolor Lindl. (*P. hybrida* Hort.) (*P. atrosanguinea* Hort. non Lod. non Don) HAGEMURE 162

Dette er eit samnamn for fleire storblomstra og ofte fylte sortar etter ymse kryssingar, mest *argyrophylla* x *atrosanguinea*.

Sortlista 66-70 nemner: 'Carneval'. Oransje. På NLH finst: 'Wm. Rollison' Mørkoransje.

P. ternáta (*P. chrysocráspeda*) KAUKASUSMURE t: ternus = trefingra, 162  
trekopla.

3-10 cm hög med håra, oppstigande stengel. Grunnblada er 3-kopla. Kronblad dobbelt så lange som begeret, gule med oransje mot basis.

P. aúrea har 5 småblad.

---

Leguminosae ERTEFAMILIEN

Thorsrud -60 kallar den Papilionaceae.

Hos Engler -64 er Papilionaceae synonym for Faboideae. Han kallar familien Leguminosae og deler den i underfamiliane:

Mimosoideae (Mimosaceae)

Caesalpinioideae (Caesalpiniaceae)

Faboideae (Papilionaceae)

Over 60 slekter med 13000 arter. Urter og lignoser spreidde i alle verdsdelar. Berre den 3. underfamilien, Faboideae (Papilionaceae), er aktuell når det gjeld frilandsblomar.

Faboideae er lett kjenneleg på at blada er spreidde, samansette og med oyreblad, og på blomen sin bygning. Kvar blom har 4 kronblad, eitt stort, som regel øvst, er kalla seglet (fana) vexillum, to mindre sidestilte er kalla vengene, alae, og det undre er båtforma og er kalla kjølen, carina. (Det er eigentleg 2 kronblad som er samanvaksne). 10 pollenblad og 1 griffel. Frukta er til vanleg ein skole (belg) oftast med fleire frø. Røtene har som regel bakterieknollar (det gjeld heile familien).

Leguminosae inneheld mange viktige for- og matplanter og mange viktige prydlignoser, men er fatig på gode stauder. Berre Lupinus er med i Sortlista 66-70.

Lupinus LUPIN L: lat. lupus = ulv. Namn på lupin hos Cato, d. 149 f.Kr. "ulvebønne", ikkje etande bønne. 164

Stor slekt med 200 arter, både i ny og gamal verd. Urter og halvbuskar. Blad med mange småblad, kopla, fingerdelt eller handdelt. Blomane i opprette, sylindriske klasar. Få av artene er så vakre at dei er dyrka som hageplanter. I England er L. arboreus ganske vanleg, men dei "eittårige" artene er rekna som ugras (luteus, angustifolius, hartwegii og varius). Den einaste elles som har vori vanleg dyrka er:

L. polyphyllus HAGELUPIN p: mange blad 165

Frå California og S.V.-USA. Til 1,5 m h. Blad 10-17 kopla. Opphaveleg fiolettblå blomar, men no finst kultivarar i purpur, lysraudt og gult.

L. p. 'Moerheimii' har store klasar med kvite og lysraude blm.

Ved å kryssa polyphyllus med arboreus og perennis og ved omhyggeleg foredlingsarbeid har ein fått dei såkalla Russellupinane, etter Georg Russel som gjorde mest for å skapa desse flotte plantene.

G. Russel var postbod i nærleiken av York i England og utstilte i sin ungdom lupinblomar på ein lokal hageutstilling for amatørar, men vart erta rykje av sine vener for dei små og usle blomane han hadde. Med britisk staheit gjekk han inn for å syna at han kunne laga betre lupinar. Han skaffa seg frø frå alle kantar og i 20 år arbeidde han med dette og oppnådde store resultat. Kring 1933 kom Russellupinane i handelen og er no dei beste, men det knip noko med herdigskapen.

Bergmann kallar dei:

L. x regalis (L. hybridus Hort.) EDELLUPIN r: kongeleg. 165

Det er storblomstra, svart fargerike planter, med blomar i blått, fiolett, rosa, purpur, gult, oransje og raudt. Det har vori stor interesse for dei, men dei fleste har vori for lite herdige på NLH.

---

Lythraceae KATTEHALEFAMILIEN 121

22 slekter med 500 arter, særleg i tropane og subtropane. Urter og lignoser med heilranda og oftast motsette blad og 4-kanta stenglar og 6-tals blomar. Bekaren er røyr- eller klokkeforma, ofte djupt faldt i spissen og kvar av faldane har ein flik som sumtid kan minna om eit begerblad. Kronblad og pollenblad er fest til begerrøytet og pollenblad og griffel kan ha varierende lengde hos planter av same art - heterostyli. Berre ei slekt vert dyrka hos oss:

Lythrum KATTEHALE gr. lythron eller lythros = blodfarge, ureint blod 171  
Plantenamn hos Dioscorides, 70. K: ref. til blm.standen.

30 arter, kosmopolitiske. Blomar raude, i øvre bladhjørner, i aksforma topp. I Noreg er L. salicaria vanleg vill sør i landet og L. hyssopifolia er funnen på avfallsplassar. Vi dyrkar, og Sortlista 66-70 har med, to andre arter:

L. virgatum PRYDKATTEHALE v: skapt som eit ris 171  
Frå Aust-Europa. Har smalare blad enn salicaria og blomsterstanden er meir soplinforma greina.

L. v. 'Rose Queen' er med i Sortlista.

Kulturformer som står mellom salicaria og virgatum er dyrka og vert rekna snart til den eine, snart til den andre arten. Dei vert og førde til:

L. x scabrum (= salicaria x virgatum) HAGEKATTEHALE s: ujamn, ru. 172  
Samlenamn for ei rekke kultivarar:

'Dropmore Purple' lys purpurfiolett, er med i Sortlista 66-70.

'Morden's Pink' lilla-rosa

'Rakete' lysraud

Har små krav, kan brukast på mange måtar og er god til snitt. Herdige stauder, skal helst ha råmerik jord, men trivst så å sei over alt. Har stor tilpassingsevne. NB. Hylander -60 nemner ikkje x scabrum.

---

Onagræceae (Oenotheræceae) NATTLYSFAMILIEN

172

Kring 20 slekter med 650 arter, særleg i temp. strøk i det vestlege Amerika. Urter og lignoser, mest urter. Blom oversitjande (hos Lythraceae undersitjande). Blomsterbotnen dannar øvst eit røyr som ber beger-, kron- og pollenblad. NB. det er feilaktig å kalla dette røyret for begerrøyret, men det vert vanleg gjort. Fruktknuten sit under røyret. Familien har mange fargerike og verdfulle hageplanter.

Oenothéra NATTLYS O: gr. oenotheras eller onotheras. Namn på ein busk hos Theofrast, 300 f.Kr. N: avdi blomane opnar seg om kvelden, "Klokken otte blomst".

174

200 arter, mest alle finst i Amerika. Ei stor og intrikat slekt. Eitt-, to- og fleirårige arter. Dei fleste med smale blad, ofte tynne og gjennonskinlege, 4 kronblad, oftast gule. Langt grannt "begerrøyr". Frukt ein 4-roma kapsel med mange frø.

Vill i Noreg er O. biennis og forvilla finst 3 andre (muricata, laciniata og pumila). 2 er med i Sortlista 66-70:

O. tetragóna (O. glauca) DAGNATTLYS t: firkanta  
60-90 cm h. Blom i juli-aug.

175

O. t. 'Fyrverkeri' har mørkeraude - brune blad, raude blomknoppar og friskt grønleg gule blomar.  
Høver i rabatten saman med *Salvia nemorosa*, *Physostégia virginiana*, *Aster amellus* og *Gypsóphila*.

176

O. missouriensis KRYPNATTLYS m: Missouri, stat og elv i USA.

176

Frå Sør- og Sentral-USA. 10-30 cm h. Krypande med oppstigande stenglar. "Begerrøyret" ofte 10 cm langt. Blom 10-15 cm i tverrsnitt, trektforma, juni-sept. NB. sær lang blømingstid. Planten har pryddverd, men voksterforma er slik at han høver korkje i rabatten eller i fjellhagen. Nicolaisen -64: "smuk i forgrunden af staudebede".  
Stryk lett med i våte, kalde vintrar.

---

Umbelliferae SKJERMPLANTEFAMILIEN U: umbel = skjerm, ferae = berar 178  
300 slekter med 3000 arter, mest i tempererte strøk. Urter og nokre få lignoser. Stengelen oftast hol og med led og furer.

Blada er spreidde og har stor bladfoot og ofte oppblåsi, stengelomfatande slire og oftast sterkt oppdelt bladplate. Blomsterstanden er ein enkel eller samansett skjerm, ofte med hogblad (sveip) ved grunnen. 5-talsblom. Kronblada smale ved basis og ofte med innbøygd spiss.

Frukta er ei todelt spaltefrukt. Delfruktene er oftast nøttliknande med karakteristiske ribber og furer, ofte og med piggar, og kvar frukt har 1 frø. Dei er festa til ein streng som ofte er delt. I fruktveggen er det kanalar med eteriske oljer (lupe). Fleire arter er giftige. Mange er nytteplanter for kjøkenhagen. Nokre få er dyrka som pryddplanter, men ikkje vanleg. Mange har lett for å verta ugras.

Astrántia A: gr. astron = stjerne, gjeld skjermen og særleg det store 178  
stjerneforma utbreidde sveipet.

9 arter, Sor-Europa - Vesle-Asia. Stauder. Blomane sit i ein tett, enkel skjerm, omgjeven av sveipblad ofte med fine nerver og fargar. Ein art er dyrka hos oss og er med i Sortlista 66-70:

A. major STJERNESKJERM m: større. NB. vi har og ein *A. maxima* som er noko lågare enn *major* og som skal vera langt vakrare (Meikle -63).  
*maxima* = den største.

*A. major* er 45-90 cm h. Blomane små, kvite. Rotblada er langskafta, runde og delte mest til grunnen i 5-7 finnar.

Herdig og villig rabatt- og snittstaude. Likar best noko råni jord og lett skugge. Spreider seg. Ikkje sjeldan i gamle hagar og Lid -63, har den med som forvilla frå hagar.

---

Eryngium STIKLE E: gresk namn på ein torna medisiplante hos Theofrast, 179  
300 f.Kr.

220 arter, mest stauder, i tempererte og varmare strok. Tjukke, kjøtfulle røter og grovt lappa eller tanna blad.

Blomane er sitjande (ulikt dei fleste i familien) og dei sit tett saman i eggforma eller koniske hovud. Under blomsterstanden sit djupflika, stive (ofte tornliknande) hogblad slik at blomen minner om *Compositae*. Frukta er eggforma, lite flattrykt og med lite synlege ribber (også ulikt dei fleste i familien).

Ein er vill her i landet, E. maritimum, frå Jeløy til Lista, Varhaug og Klepp. Og ein E. planum finst forvilla i Idd, Berg, Aker og Dærum.

E. planum HAGESTIKLE p: flat 180

Rak stengel, greina øvst. Til 100 cm h. Grunnstilte blad udelte (lik E. gigantæum). Blm.hovudet 1-1,5 cm høgt. Sveipblad 6-7, svært smale. Blm.standen og ovre del av planten er ofte metallblå.

E. p. 'Blauer Zwerg' Berre 40-50 cm h. med intensiv blåfarge.

E. x zabéllii (E. x hybridum) (= E. alpinum x E. bourgati) 181

z: H. Zabel (1832-1912), tysk gartner, Hann. Münden.

Nedre blad 3-delte med 3-lappa avsnitt. Blm.hovudet 2-3 cm. høgt. Sveipblad 12-14.

E. x z. 'Violetta' har fiolette blm.hovud.

Sortlista 66-70 har og med E. alpinum ALPESTIKLE

Nicolaisen 1964 nemner og den og som naboar: Coreópsis, Gypsóphila og Sálvia.

---

Heracléum BJØRNEKJEKS H: etter den gr. lækjaren Heraklides (kring 450 f.Kr.). Namn på ein skjernplante (panakes herakleion) hos Theofrast, 300 f.Kr.

60 arter i Eurasia, særleg i fjella i India, ein i N.-Amerika.

I Noreg 2 ville og 2 forvilla, spondylium og sibiricum, laciniatum og mantegazzianum.

Kraftige planter med ofte kjempestore blad, delt i store, grove avsnitt. Ofte meterhøgt blm.skaft med veldige, samansette skjernar.

NB. stengelen inneheld ei saft som kan valda øksen på følsom hud (gjeld i allefall mantegazzianum o.fl.). I Sortlista 66-70 er med ein:

H. mantegazzianum KJEMPEBJØRNEKJEKS m: Paolo Mantegazzi, italiensk 182  
etnograf.

Frå Kaukasus. 2,5-3,5 m h. med lukt som minner om anis. Meterlange blad. Stengel raudflekka, inn til 10 cm tjukk. Skjermene 30-50 cm breie (opp til meterbreie). Frukta 12-14 mm.

H. laciniatum (H. panáces) TROMSØPALME, TROMSØBJØRNEKJEKS 182

l: flika. p: ? liknar Panax (Araliaceae).

Kring 2 m h. Blm.skjermene 15-25 cm breie. Blm.stengel inn til 5 cm tjukk. Frukta 7-8 mm lang. Forvilla, mest i Troms og Finnmark.

Vanleg i Tromsø. Har og set den i Trondheim og på Røros.



Heracléum er karakterisert som "A Garden Monster" dyrka berre for sin storleik og høver berre der det er plass nok (Meikle 1964). Ikkje for stauderabatten. "som ein elefant i ein leiketbutikk" skal Silva Tarouca ha sagt. Dekkplante og solitar.

---

Underklasse II Sympétalae SAMTRONINGAR 183

Kronblada er samanvaksne, heilt eller delvis. Blomen er oftast 5-talsblom med både beger og krone.

Plumbagináceae FJØREKOLLEFAMILIEN P: vel etter slekta Plumbago i same familie. Plumbum = bly og ei forklåring av namnet er at rota inneheld ei saft som fargar blygrått. 183

Kring 10(15) slekter med 350 (meir enn 500) arter, mest halofytar og xerofytar. Heile verda, mest i den gamle. Urter og lignoser. Blad ofte rosettstilte.

Karakteristisk for familien er hudkjertlar som skil ut kalksalt slik at plantene vert kvitaktige. Blomen har 5, oftast hinneaktige, ofte samanvaksne begerblad og er elles ein 5-talsblom. Før kalla Hinnebagerfamilien. Av staudene dyrkar vi Limónium og Arméria, men ikkje vanleg. Sortlista 66-70 har med berre Arméria.

Arméria KOLL A: namnet har uvisst opphav, kanskje keltisk. Først hos Jean Ruelle 1536. 185

50 arter. To er ville i Noreg. A. maritima og A. scabra. Blada er smalt jambreide og sit i rosett. Blomane er lysraude, i eit rundt hovud. Under hovudet eit tørt, papirliknande sveip. Artene kan vera noko vanskelege å namnfesta sikkert, men vi dyrkar berre A. maritima med avarter.

A. maritima FJØREKOLL m: som veks ved havet. Fjørekoll for di han veks i fjøra. 185

15 cm h. Vanleg på havstrender frå Oslofjorden til Troms. Sortlista 66-70 nemner:

A. m. 'Laucheana Splendens' med betre blomsterfarge.

A. m. 'Rósea Compácta' med låg, tett vokster. Den siste finst på NLH.

NB. sume forfattarar fører 'Laucheana' og 'Splendens' som to kultivarar.

Grunert -64 fører desse som varietetar.

Innfatnings- og fjellhagestauder. Toler dårleg jord og sjødriv.

---

Primuláceae NØKLEBLOMFAMILIEN

187

28 slekter med 800 arter, særleg mange i nordl. tempererte strøk. Mest eittårige og stauder, sj. halvbuskar. Det er vanskeleg å gje ein ålmengyldig karakteristik som skil familien frå andre. Blada er enkle og ofte rosettstilte. Blomen er hos dei fleste regulær, ofte med ei royrforma krone. Kapselfrukt med mange frø.

Familien er dominert av den store og viktige slekta Primula, men og Lysmáchia er viktig for oss. Nokre andre staudeslekter dyrkar vi og, men ikkje vanleg og Sortlista 66-70 har dei ikkje med (Cortúsa, Andrósa-ceae, Douglásia, Soldanélla, Cyclámen, Dodecátheon).

Primula NØKLEBLOM P: lat. primus = den første. Namn på nøkleblom hos Otto Brunfels, 1536. Som medisinplante er P. veris nemnd ålt på 1100-talet. N: blomen minner om ein gamaldags lykle, blm.standen er som eit lykleknippe. 187

540 arter, særleg mange i høgfjella i Asia. Stauder, med grunnstilte blad og bladlaust blomsterskaft som ber blomar i kransar eller skjernar. Krona 5-lappa, hjulforma. Hovudforma arr på ein, til vanleg grann, griffel. Kapselfrukt som opnar seg langsetter.

Utforskinga av Himalaia og China i dei siste 80 ára har skaffa fram mykje nytt og vakkert og gjevi Primula ein framståande posisjon. Vi har og gamle slag som er bondehageplanter. Mange nye slag er enno for liebharen, m.a. avdi det er vanskeleg å skaffa frø og planter av dei. 6 er ville i Noreg. 7 arter og ymse avarter er med i Sortlista 66-70. Det er praktisk å dela slekta i grupper. Thorsrud -60 har med arter frå 8 grupper.

A. Aurikelgruppa.

P. x pubéscens (P. aurícula Hort. non L.) AURIKEL p: dunhára 189  
(= P. aurícula L. x hirsúta) auricula = lite øyra, gjeld bladforma. Vill i Alpane. Har vori dyrka heilt sidan 1570. Eit intenst foredlingsarbeid har ført til eit stort sortiment som varierar mykje i blada (med eller utan farina = pudder) og i blomsterfargar. Thorsrud har 4 grupper: 190

Vanlege auriklar

Lütticher auriklar

Engelske eller pudra auriklar

Fylte auriklar

Auriklane har lenge vori vanleg dyrka hos oss og dei fortener det, dei høyrer til dei beste vårblomane.

Dyrking av auriklar var i si tid årsak til skiping av "The Royal Horticultural Society" som gjev ut det gode tidsskriftet "Journal of the R.H.S." 90. årgang i 1965.

Rabatt og kantplanter og til snitt. Nicolaisen -64 kallar denne P. horténsis HAVEAURIKEL.

#### B. Sikkimensisgruppa.

P. florindae AUGUSTNØKLEBLOM Dansk namn: Kampeprimula f: etter Mrs. 191  
Florinda Kingdon Ward.

Ein av dei mest robuste. Kan verta meterhog, men er vanleg kring 50 cm. Funnen av Kingdon Ward i Himalaia og introdusert 1924. Er enno ikkje vanleg, jamvel om han er lett å dyrka om han får våt mark. Har greidd seg godt på Ås.

Blomane 1-1,5 cm store, på inn til 3 cm lange, mjølne skaft, hangande i tett skjerm, gule og luktar fint. Naboar: Meconopsis, Lythrum, Rodgersia pinnåta og kvit Lysimachia.

#### C. Vernalesgruppa.

P. juliae KAUKASUSNØKLEBLOM j: Julie Mlokossiewicz, som fann arten 191  
Frå Kaukasus. Er nærslekta vår KUSYMRÉ P. vulgaris, men blada har ikkje rucker og blomane er raudfiolette og kjem svært tidleg, alt i april.

P. x pruhoniciana EDELNØKLEBLOM p: Pruhonice i Tsjekkoslovakia, nær 192  
Prag. (= P. juliae x P. vulgaris).

Mange kultivarar. Tettvaksne, tidleg- og riktblomande. Dei er utan blomsterstenge (Blomane sit enkeltvis "på grunnstilte skaft").

Sortlista 66-70 nemner:

'Schneekissen' Kvit Tysk Kissen = pute  
'Perle von Bottrop' Lysande purpurraud med gult auga  
'Wanda' Blåfiolett

I katalogar er mange kultivarar med blomsterskaft førde hit, men dei høyrer heime under P. x cultorum.

Til denne gruppa høyrer og P. veris, vår ville MARINØKLEBLOM.

P. x cultorum HAGENØKLEBLOM 193

Er ein samleart for mange, uklære hybridar og kultivarar etter kryssing med P. elatior, veris og vulgaris. Dei har tydeleg blomskift og er som regel hogare og kraftigare enn P. x pruhoniana.

Høyrer til våre beste stauder. Blømer frå mai-juni og lenge utover sommaren. Vert brukt både til snitt og driving. Sortlista 66-70 nemner ein cv: 'Colossea' med store blommar i mange fargar.

Hylander -60 har ikkje x cultorum med.

Nicolaisen -64 kallar den P. variabilis HAVEPRIMULA og seier den er vår mest fargestrålende staude, for her finst nesten alle fargar representert. Likar lett skugge.

Naboar: høver til dei fleste som trivst i lett skugge.

F. Denticulatagrappa.

195

P. denticulata KULENØKLEBLOM d: denticulus = ei lita tann, småtanna.

195

Alle blomane er samla i eit tett endestilt hovud på 25-50 cm langt skaft. Ser ut som ei trommestikke. Blada er 5-15 cm under bløminga og vert mykje lenger etter bløming (30 cm). Sterkt rukkete og skarpt tanna. Blom tidleg, bleikt purpur med gult auga (hos arten). Frå Himalaia. Lett å dyrka i god, fuktig jord, men bør ha tørr jord om vinteren. Kanskje den mest populære av dei asiatiske artene! Mange kultivarar i fargar frå kvitt/til blått og purpur. Some sortar vert av some førde som P. d. var. cachemiriana eller som P. c.

Naboar: samtidig blømande Anemoner, Pulmonaria, Primula veris og ymse vårblømande løk, som Eranthis og Scilla.

---

Lysimachia FREDLAUS L: gr. lysimachion, oppkalla etter kong Lysimachos i Thrakia. Plantenamn hos Scribonius Largus, Dioskorides og Plinius, 70.

201

150 arter, mest i Aust-Asia. Stauder og halvbuskar. Nokre arter er viktige, men stort sett er slekta lite verdfull for hagen.

Det er ei sers heterogen slekt og ein ålment gjeldande karakteristikk er vanskeleg. Blad motsette eller kransstillte. Blomane er her ikkje på bladlause blomsterstenglar som hos dei fleste Primula, men antan i stengeltoppen eller i bladhjørna på stenglar med blad. To er med i Sortlista 66-70, og baa er verdfulle:

L. nummularia KRYPFREDLAUS n: lat. nummus = mynt, her dimunitiv form. Plantenamn hos Hieronymus Bock, 1552.

202

Har krypende og rotslåande stenglar. Blad motsette og runde. Blomar gule. Herdig og villig, men best på råmi jord og i noko skugge. Vill på Austlandet nord til Fåberg, elles utmed kysten til Strinda.

L. punctata FAGERFREDLAUS p: med prikkar. Blada er ofte svartprikka langs kanten, men namnet skal koma av svarte prikkar på begerblada.

202

30-60 cm h. Lite greina, men gjerne med 3 greiner i same høgd. Blad 3-4 i krans- eller motsette. Blomar i mangeblomstra klasar i bladhjørnene. Frå Aust-Europa og Vesle-Asia. Svært lett å dyrka. Framifrå

for "latmannshagen". Forvillar seg.

Nicolaisen seier at den er meir robust, men på langt nær så elegant som L. clethroides KVIT FREDLAUS.

---

Polemoniaceae FJELLFLOKKFAMILIEN

206

18 slekter med 320 arter, mest i det vestl. USA. Eittårige og stauder, sj. lignoser.

5-talsblom med 1 griffel som er 3-delt i spissen. Under fruktknuten er ein honningdanande ring. Frukt ein 3-roma kapsel som sprekk opp med 3 spalter. Oftast mange frø. Fleire av slektene er viktige i hagen, særleg ei:

Phlox FLOKS P: gr. phlogos = flamme (skinande blu.farge). Phlox 207  
var elles hos dei gamle ein *Silene*-art.

61 arter, mest i N.-Amerika, eittårige og stauder, ofte med treaktig grunn. Den einaste slekta i fam. som har heile og motståande blad (ovre blad kan vera noko spreidde). Blomen har som regel eit grannt krunrøyr og 5 utbreidde lappar. Sortlista 66-70 har med 3 arter og mange cv.

P. x hortorum HAUSTFLOKS h: som veks i hagar 208

Har mange kultivarar som før vart førde under *P. paniculata* KLASEFLOKS, men då dei er kome fram etter kryssing med andre arter, *maculata*, *glandulosa*, *glaberrima* og kanskje fleire, har Bergmann sett opp samlearten x hortorum.

Dei finst i mange høgder, til 1,5 m, og i mange fargar utanom gult og med ulik blømingstid, juni-sept. Blomsterlukten er det delte meiningar om. På NLH er 45-50 cv, Phlox kan lett få ål, men den er ikkje påvist i x hortorum ved NLH. Sortlista 66-70 har med desse 10:

'Brigadier'	laksraud
'Graf Zeppelin'	kvit med karmin auga
'Gustaf Lind'	skarlagenskarmin
'Jules Sandeau'	rein rosa
'Mia Ruys'	kvit
'Mies Copijn'	lys rosa
'Paul Hoffmann'	mørk raudfiolett
'Pax'	kvit
'Rijnstroom'	rosenraud
'Spitfire'	laksraud
'Wilhelm Kesselring'	mørk fiolett med stort kvitt auga

Bør ha lett, sur, humusrik jord. Trivst ikkje på lett og torr sandjord. Sars verdfulle rabattstauder (når friske planter). Med floks kan ein "måla" stauderabatten med friske, klåre fargar. Blomane er så store og sit så tett at det grøne vert borte.

P. maculata SYLINDERFLOKS m: med flekker

209

Er slankare enn x hortorum og har smalare, meir sylindrisk blm. stand og stengelen har purpurflekker. Dåde den og paniculata er frå det austl. N. Amerika. Sortlista 66-70 nemner 2 cv:

'NLH 1' kvit

'Rosalinde' raudlilla

Naboar: Floks likar ikkje naboar med røter like i overflaten. Gode naboar er Chrysanthemum maximum, Helénium autumnale, Gypsophila, Sálvia og Anemone japonica.

P. x cultorum VÅRFLOKS c: som er dyrka

211

Dette er eit samlenamn for ei rekkje hybridar og sortar som er vanskeleg å festa til arter. Mest er det hybridar mellom P. subulata, nivális, bifida og kanskje douglásii.

Det er låge planter som formar lause matter av samanfiltra greiner der det sit tett med smale, sylspisse blad, vel 1 cm lange. Blomsterstilkane er opprette, oftast under 10 cm, med mange blomar i mai som dekkjer planten heilt. Vårfloks er difor ein av våre beste fjellhageplanter. Sortlista 66-70 har 7 cv:

'Atropurpúrea'

djup rosa med karmin auga

'Douglásii Hýbrida'

lys rosa

'Maischnee'

kvit

'Majorie'

karminrosa

'Mauve Queen'

lys lilla (den einaste som er frisk på NLH)

'Moerheim'

mørk rosa

'Model'

bleik purpur

NB. Hylander -60 har ikkje med x hortorum og x cultorum, men paniculata og subulata og x procumbens.

---

Polemonium FLOKK P: kan vera etter Polemon, konge i Pontos, Vesle-Asia, eller av gr. polemos = strid. Pl.namn hos Dioskorides, 70.

214

23 arter, 3 ville i Noreg, coerúleum, acutiflorum og boreale. Opprette stauder med ulikefinna blad. Blomar klokkeforma i halvskjerm eller topp.

P. coerulescens FJELLFLOKK ( JAKOBSSTIGE) c: himmelblå. Bladet minner 214  
om ein stige.

Opp til 1 m h. Blada har 20 eller fleire småblad. Blomane variable.  
Vill i bakkar og fjellier og forvilla frå hagar. Har små krav og kan  
verta ugras. Nicolaisen -64 tilrår den til rabattar og lys blomstereng.

---

Doraginaceae RUBLADFAMILIEN 217

100 slekter med 2000 arter, særleg mange ved Middelhavet og på nord-  
amerikansk stillehavskyst. Urter, buskar og tre (sj. lianer). Ein stor  
og einsarta familie. Blad oftast ruhåra. Blomane i kvastar som er  
spiralforma innrulla i spissen. Mange har raude blommar som seinare  
skifter farge til fiolett eller blått. Beger og krone er som regel  
5-lappa. Krona er ofte sylindrisk, eller med kort røyr og utspreidde  
lappar. Frukta er normalt samansett av 4 små nøtter. 16 slekter med  
37 arter ville eller forvilla i Noreg-Sverige. Vanleg og velkjend er  
Myosotis. Sortlista 66-70 har med berre 2 staudeslekter, Brunnera og  
Myosotis. Nokre andre er og dyrka hos oss, som *Omphalodes*, *Anchúsa*  
og *Pulmonaria*, men heller sjeldan.

Brunnera B: S. Brunner 1790-1844, sveitsisk botanikar. 220

NB. Engler 1964 har ikkje denne slekta med, men *Omphalodes* med 24 arter,  
(og *Brunneria*, *Semnaceae*). *Manual of Cultivated Plants* 1949 har med  
*Brunnera* og nemner at den har 3 arter og at 1 er planta som prydblante.  
Slekta skal skilja seg frå *Anchúsa* ved dei eggforma blada som har svart  
tydelege nerver, og ved at blomsterstanden vantar høglad. Botanikarane  
har til slutt måtta laga eigi slekt.

B. macrophylla (*Anchúsa myosotidiflora*) FORGLEMMEGEISØSTER 220

m: med store blad

Frå Kaukasus og Nord-Asia. 20-40 cm h. Blomane blå med gul hals  
(liknar *Myosotis*), i forholdsvis store, skjermblomande klasar i mai-  
juni. Herdig. Høver godt saman med *Doronicum caucasicum*.

---

Myosotis FORGLEMMEGEI, MINNEBLON M: gr. mys = mus og us = oyrelapp 221

Pl.namn hos Dioskorides og Plinius, 70.

80 arter, stauder (og 2-årige). 9 i Noreg-Sverige. 3 arter og nokre  
kultivarar vert dyrka.

M. silvatica SKOGMINNEBLON s: som høyrer til i skogen 221

Fleirårig (Meikle -63: toårig). Tett med krøkte hår på begeret.

'Indigo' høyrer kanskje hit. Vert helst dyrka som toårig.

M. palústris (*M. scorpioides* L.pp.) ENGMINNEDLOM p: som høyrer til 222  
i myrane.

Fleirårig. Rette hår på begeret.

M. dissitiflóra PRAKTMINNEDLOM d: dis-situs = skild, fjerntståande. 222

Om ein blm.stand med stor avstand mellom blomane.

Er helst toårig. Rette hår på begeret.

---

Scrophulariaceae MASKEDLOMFAMILIEN S: etter slekta *Scrophularia*. 233

latin scrofulae = kjertelsår på halsen. Namn på *S. nodosa* hos Matthaeus Sylvaticus, 1300.

Kring 200 slekter med 3000 arter over heile jorda. Mest urter, men og buskar, lianer og tre. 13 slekter med 86 arter ville og forvilla i Noreg-Sverige, hos oss berre urter, eitt-, to- og fleirårige. Fleire er halvsnyltarar, som *Euphrasia*, *Alectorolophus*. Aldri endestilt blom på hovedaksen. Zygomorf blom. Z = kan berre på ein måte delast i 2 like deler. Oftast med overlepe og underlepe og to korte og to lange pollenblad. Eller med 5-8 ulike kronlappar. Fruktennet er 2-roma og frukta er ein kapsel med mange frø.

Står nær *Solanaceae*, men er ulik den i anatomiske detaljar og i at blomane er så uregelrette. Blomsterstanden minner hos mange om *Labiatae*, men den har som oftast ei frukt som er samansett av 4 smånotter. Sortlista 66-70 nemner berre *Verbascum* og *Veronica*. Vi skal og ta med *Cymbalaria*.

Verbascum KONGSLYS V: latinsk plantenamn hos Scribonius Largus og 233  
Plinius, 70.

320 arter. Toårige eller fleirårige urter. 11 ville og forvilla i Noreg-Sverige (2 vanlege, thapsus og nigrum).

Ofte med filta blad i rosett ved grunnen, og med høge, opprette, stive blomsterstenglar. Blomen har 5-lappa beger og talerkforma krone, delt i 5 litt ulike lappar. 5 ulike pollenblad, i det minste dei 3 øvre kledde med kvite eller farga ullhår.

Vår V. thapsus FILTKONGSLYS er ein typisk representant for slekta.

Meikle -63 seier at berre to arter har særleg verd for hagen, V. phoeniceum og dumulosum, men den siste, som nyleg er oppdaga i Tyskland, er ikkje herdig nok hos oss. Sortlista 66-70 har med:

*V. cupreum*, *V. c.* 'Pink Domino' og *V. olympicum*.



- V. phoeniceum PURPURKONGSLYS Lid: FJOLKONGSLYS 234  
p: purpurraud, eigentleg frå Fönikia.  
Blad blankt grøne på oversida, dunhåra under. Krona fiolett. Pollen-  
trådane med purpurfarga hår. Staude, men vert ofte dyrka som toårig.  
Har fleire cv.
- V. <sup>x</sup>cupreum (= *V. phoeniceum* x *ovalifolium*) c: cuprum = kopar, koparraud  
Har kultivarar med ymse blm.fargar.
- V. c. 'Pink Domino' har rosa blomar. Finst ved NLH.
- V. olympicum OLYMPKONGSLYS o: frå fjellet Olympos i Hellas 234  
150-180 cm h med klårt gule blomar.
- 
- Cymbalaria C: av gr. kymbalon lat. cymbalum, eit skålforma musikk- 238  
instrument. Namn på løvemunn hos Mathias Lobelius, 1576.  
10 arter ved Middelhavet og i Vest-Europa. 1 art, C. muralis, finst  
forvilla på steingjerde og murar her i landet. Den og ein annan vert  
dyrka. Cymbalaria vert av sume rekna med til Linaria, men skil seg  
ut ved å ha blomane ein og ein i bladhjørnene og ved sine handnerve  
blad.
- C. muralis MURTORSKEMUNN m: som veks på murar 238  
Er mindre herdig enn *C. pallida*.
- C. pallida KRYPTORSKEMUNN p: bleik 239  
Skil seg frå *muralis* ved mindre, meir håra blad og dobbelt så store  
blomar. Særskild verdfull tørrmur-, fuge-, fjellhage-, ampel- og balkong-  
plante.
- 
- Veronica VERONIKA V: den heilage Veronica (gr. Berenike eller Verenike).  
Plantenamn hos Hieronymus Brunschwyg, 1500. Namn på Veronica-arter hos  
Leonhard Fuchs, 1542.  
300 arter (Hebe, Paederota, Veronicastrum medrekna). Urter og lignoser.  
Blad motsette. Vokster og blad varierar svært mykje, men blomen har  
alltid 2 pollenblad og ei 4-5 lappa krone, som regel blå (sumtid kvit  
eller raud). Blomen er liten og med kort kronrøyr. I Noreg-Sverige 20  
ville eller forvilla arter. Mange Veronica er ugras, men sume er verd-  
fulle hagestauder. Sortlista 66-70 har med 2 arter og 1 kultivar.
- V. teucrium FIRTANNVERONIKA t: Teucrium FIRTANN 245  
30-60 cm h.

V. t. 'Shirley Blue' er med i Sortlista 66-70 og finst på NLH.

V. t. 'Royal Blue' finst på NLH.

V. incana SØLVVERONIKA i: gråkvit

246

Har sølvgrå blad og skot.

Veronika høyrer til våre beste rabatt- og fjellhage-stauder. Herdige og lette å dyrka (Thorsrud -60). NB. Nicolaisen -64, har ikkje slekta med.

---

Bignoniaceae TROMPETFAMILIEN

248

120 slekter med 800 arter, mest i tropiske strøk og særleg i Sør-Amerika. Mest lignoser. Blad samansette, motståande. Blomane store, trompetforma. Berre ei slekt er dyrka hos oss:

Incarvillea I: Incarville, fransk misjonær og botanikar reiste i China, d. 1757. 248

14 arter (Amphicome og Niedzwédzka medrekna). Stauder med saftige, ulikefinna blad. Frukta er ein lang skolmliknande kapsel. Sortlista 66-70 har med:

I. grandiflora g: med store blomar

248

Blad med små, heilranda sidefinnar og stor endefinne.

---

Labiatae LEPEBLOMFAMILIEN Labrum, og Labium = lepe

250

200 slekter, 3200 arter, mest eittårige og stauder, over mest heile verda. Særleg mange ved Middelhavet. I Noreg-Sverige ville og forvilla 24 slekter med 53 arter. Ein familie med gode kjennemerke. Hovedsakeleg aromatiske urter. Stengelen firkanta, blad motsette eller i krans. Blomane oftast i kransar i bladhjørne, eller i endestilte aks og kransar og dei er ofte sterkt zygomorfe med ei tydeleg tolepa krone, den øvre lepa ikkje sjeldan hetteforma. Blomen har kronrøyr. 4(2) pollenblad og 2 arr. Det undersitjande fruktemnet er djupt lappa og griffelen kjem frå indre base av lappen. Frukta har 4 (sumtid 2) smånotter. Mange er gode kryddplanter. Og 5 slekter er med i Sortlista 66-70. Her vert og *Betónica* tatt med.

Ájuga JONSOKKOLL A: latinsk plantenamn hos Scribonius Largus, 40. 250

Mest kosmopolitisk slekt med 45 staudearter. Frø med elaiosom = oljerike vedheng. (Ein plante som har e. er kalla ein myrnekokor). Tettblada blomsterstand. Aksliknande klasar. Nedre lepe er stor og 3-lappa. Øvre lepe er svært lita.

A. reptans KRYPJONSOKKOLL r: som kryp og set røter 251  
Har vintergrøne blad. Blomar blå, i juni. Sortlista 66-70 har med:

A. r. var. purpúrea PURPURJONSOKKOLL 251  
Har mørkeraude blad. Fjellhagestaude.

---

Népeta KATTEMYNTE N: etter byen Nepete i Etrusia i Italia, nå kalla 252  
Nepi, 40 km frå Rom. Namn på ein labiat hos Celsus, 40.  
150 arter, stauder, i temperert Eurasia.

N. catária finst på avfallsplassar her i landet. Den er kalla ekte  
kattenmynte og det er særleg den som tiltrekkjer kattar og gjev dei  
delirium. c: lat. catus = hankatt.

Beger røyrforma, 5-tanna (med 15 nerver). Øvre kronelepe er rett og  
opprett. Nedre kronelepe 3-lappa med djupt uthola, poseforma midtlapp.

N. x faasónii (N. mussínii Hort. non Spreng.) VANLEG KATTEMYNTE  
f: J.H. Faassen Pl.sk., Tegelen, Nederland. (= N. mussínii Spreng. x N.  
nepetélla).

Ein tilfeldig hybrid og til skilnad frå N. mussínii Spreng. er den steril  
og kraftigare. Heile planten har ein sterk og ikkje særleg god lukt.  
Mest vert dyrka:

N. x f. 'Six Hills Giant' Vert opp til 60 cm høg. Blømer rikt og  
lenge. Six Hill er ein kjend engelsk pl.skule. Framifrå staude på sol-  
rike og tørre stader.

---

Stachys SVINEROT S: gr. stachys = aks. Namn på svinerot hos Diosco- 255  
rides og Plinius, 70.

Knapt 200 arter, mest i tempererte strøk, særleg ved Middelhavet. Eitt-  
årige og fleirårige. Raud eller gul krone. Overlepa like lang som  
underlepa. 3 ville og 2 forvilla arter i Noreg. Ein framand art vert  
dyrka:

S. olýmpica (S. lanáta) LAMMEØYRE o: Olympos, fjell i Hellas. l: ull- 255  
hára.

Frå Kaukasus - Aust-Asia. Planten er tett kvitullon og blada minner om  
lammeøyrrer. Veks saman i matter. Blomane er fioletttraude, mange saman  
i kransar som atter sit i aksforma blm.stand. Det er lite ved dei.  
Herdig staude når ein dyrkar den på turre stader.

Nicolaisen -64: Kan ikkje vera den forutan i stauderabatten, dekorativ  
så å sei heile året. Dei grå blada høver saman med blå, fiolette og  
purpur fargar. Høver til snitt.

NB. S. grandiflora er av Hylander -60, og av fl. ført som Betónica macrantha.

---

Betónica BETONIE B: romersk plantenamn

255

Ein art vert dyrka:

B. macrantha (Stachys grandiflora) PRAKTIBETONIE dansk namn: HAVE-BETONIE m: lang- eller storblomstra.

Også den er frå Kaukasus-området, men ulikt lamneøyre er det blomane som gjer den verdfull. Blada er hjarteforma - trekanta med langt skaft. Blomane er 3-4 cm lange, klårt lysraud-purpur, i store hovud. Bondehageplante. Kan snittast.

Nicolaisen -64 seier den er fin i blomstereng, men høver mindre i staude-rabatten. Lett å dyrka.

---

Origanum KUNG O: gr. Origanon, namn på ein kryddplante hos Hippokrates og Aristofanes, 400 f.Kr.

260

40 arter (Majorama og Amarcus medrekna). Frå Middelhavet til India.

Ein art vill i Noreg. Ein avart av den vert dyrka.

O. vulgare BERGKUNG

260

Den har raudfiolette blommar i tette duskar. Har sterk kryddlukkt og er frå gamalt nytta i hushaldet.

O. v. 'Compactum' er lågare og tettare, med mørkare blommar, juni-september. Fjellhageplante og god biforplante.

---

Thymus TIMIAN T: gr. thymos eller thymon, namn på timian hos Aristoteles, d. 322 f.Kr.

260

35 arter Eurasia - N. Afrika - Kanariøyane. Urter og lignoser. Lid -63 fører opp desse i Noreg-Sverige:

T. pulegioides (T. chamaedrys) BAKKETIMIAN

T. serpyllum ssp. arcticus (T. drucei) KRYPTIMIAN

T. s. ssp. tanaensis TANATIMIAN

T. s. ssp. angustifolius SMALTIMIAN

Små, krypende buskar som danar teppe. Blad små, heile, avlange. Blomane raudfiolette i lause, hovudforma klasar i toppar. Sterk kryddlukkt.

Ymse forfattarar brukar ulike namn. Sortlista 66-70 har med

pseudolanuginosus og serpyllum med kultivarane 'Coccineus' og 'Albus'.

Jelitto/Schacht 1963 har T. pseudolanuginosus (T. lanuginosus).

Hylander 1960 har T. drucei var. pseudolanuginosus (T. "lanuginosus") og han vert fylgd her.

T. drucei var. pseudolanuginosus LODNETIMIAN, GRÅTIMIAN d: G.C. 261  
Druce (1850-1932) engelsk botanikar

Minner mykje om serpyllum, men blm.skaffet er håra berre på 2 sider,  
og han har 54 kromosomar.

T. serpyllum KRYPTIMIAN s: gr. herpyllos, namn på ein krypande plante 260  
hos Aristofanes, 400 f.Kr.

Blm.skaffet er håra heilt rundt, 24 kromosomar. Arten er sj. dyrka.  
Gode kultivarar er 'Albus' og 'Coccineus'. Den siste er hos Thorsrud  
-60 ført som T. drucei coccineus.

Thymus er gode tørketålande, riktblømande planter for mur og fjellhage.

---

Gentianaceae SØTEROTFAMILIEN Kring 70 slekter med over 1100 arter 263  
over heile jorda. Mest urter, eitt-og fleirårige. I Noreg-Sverige 3  
slekter og 15 arter. Ein homogen familie. Blad motsette, sitjande.  
Den røyrforma blomsterkrona er som regel varig og omgjev den modne  
frukta. Mange arter inneheld bitre stoff, m.a. er entzian brukt som  
tilsetning til Entzianbrennevin. Berre ei slekt vert vanleg dyrka hos  
oss:

Gentiāna SØTE G: Kong Gentius i Illyria ved Adriathavet, d. 167 263  
f.Kr. Plantenamn hos Celsus og Scribonius Largus, 40.

Meir enn 200 arter, særleg til fjells i nordlege strok. Stauder (sjeldan  
eittårige). I Noreg 3 arter. NB. mange av våre tidlegare G. er no rekna  
til Gentianella. Skilnaden er m.a. at

Gentiāna har små kronflikar mellom dei store

Gentianella er utan små kronflikar og er frynsa i svelget.

Blomen er hos (dei fleste) Gentiana livleg blå og har røyrforma krone.  
Berre nokre arter er verd dyrking og dei og kan vera vanskelege. Sort-  
lista 66-70 har med 3 arter:

G. sinoornata CHINASØTE s: ei kinesisk form av G. ornata, sino = frå  
China.

Er den mest populære og truleg den som er lettast å dyrka av dei haust-  
blømande, asiatiske artene. Blada er linjeforma. Blomane sit enkeltvis  
i toppen av skotet. Kronrøyret har 5 smale, bleikgrøne dobbeltstriper  
(og fine flekker). Blømer i september og toler noko nattefrost.

Ein av våre vakraste fjellhagestauder. Særskilt riktblømande og fin til  
snitt. Må ha jant fuktig, moldrik, sur jord.

G. septémfida FRYNSESØTE s: septem = 7, fida, av findo = kløyver, 265  
dvs. 7-kløyvd eller 7-spalta.

Frå Vesle-Asia til Persia. Blad eggrunde (sinoornata: linjeforma, hortorum: ellipt. lansettforma). Blomar samla i toppen til hovudforma stand (hortorum og sinoornata har einslege blm.) Krona er purpurblå utvendes og brunflekka innvendes. Falden mellom kronlappane er langt og djupt oppsplitta-frynse (ofte 7-delt som namnet seier). Blømer juli-aug.

G. x hortorum (G. acaúlis Hort. non L.) HAGESØTE h: som veks i 265  
hagar. Samnamn for cv. som står nær G. acaulis L. Har samla dei for di G. acaulis sjølv er eit samlenamn for fleire arter.

Blad elliptisk lansettforma. Blom mørkeblå, flekka og prikk og enkelt-ståande, i mai-juni. Stort sortiment og dei beste er lette å dyrka. NB. Gentiána nivális SNØSØTE, som veks vill i fjellet hos oss, opnar blomen berre når temperaturen er over + 10°C.

---

Campanuláceae KLOKKEFAMILIEN

271

Kring 70 slekter med 2000 arter mest i tempererte og subtropiske strok. Urter, sj. lignoser. Få nytteplanter, nokre er medisiplanter og mange er pryddplanter. Ein naturleg avgrensa familie.

Normale karakterar: Blad heile og spreidde. Under- eller kringsitjande blom med kronblada samanvaksne i kanten. Begeret festa til fruktemnet. 1 griffel med 3 arr. Kapselfrukt med mange frø. Opnar seg oftast ved hol eller spalter på sida. Mjølkesaft i alle plantedeler. Av stauder har Sortlista 66-70 med slektene Campanula og Platycodon.

Campanula KLOKKEBLØM C: diminutiv av lat. Campana = klokke. Namn 271  
på C.-arter hos Leonhard Fuchs, 1542.

Kring 300 arter på nordl. halvkule, særleg i fjella ved Middelhavet og i Europa. Nokre eitt- og toårige arter, men mest stauder. Mange er dyrka som pryddplanter. I Noreg har vi 10 arter. Nokre av dei er og dyrka (persicifolia, glomerata og latifolia). Dette er den dominerande slekta i familien. Namnet karakteriserar slekta godt. Blomane er som regel blå eller kvite. Dei sit i klasar eller hovud. Sortlista 66-70 har med 5 arter og 4 avarter. Den toårige C. medium vert ikkje omtala nærare her.

C. portenschlagiana KRYPKLOKKE p: Fr. E. von Portenschlag-Ledermayer, 274  
1772-1822, austerisk botanikar.

Frå Balkan. Mattedanande, 15-20 cm høg. Blad hjarte-nyreforma. Blom kring 2 cm, lyst blå purpur. Ein av dei vakraste for fjellhagen, men må vinterdekkast på Ås og vantar her no.

C. carpatica KARPATKLOKKE c: Karpatane, fjell i Ungarn. 275

Blad små, hjarte-eggforma, langskafta, skarpt tanna. Blomane står rett opp i enden av 10-25 cm lange, lite greina stenglar. Dei er nærmast skålforma med 5 grunne lappar og fargen er frå kvit til blå og fiolett, juni-august. Mange kultivarar. 'Alba' har kvite blm.

C. c. var. turbinata t: turbo, turbinis = snurrebas, dvs. omv. kjegleforma.

Er lågare, tettare og har meir 3-kanta blad og større blomar. Sortlista 66-70 nemner C. c. var. t. 'NLH 1'.

C. persicifolia FAGERKLOKKE p: med blad som hos fersken, Prunus 276  
persica, dvs. heller smale blad.

Blada lange, smale, mørkegrøne. Stengel ugreina, med helst få blomar. Blomen stor, mørkeblå, i klasar, i juli-august. Vill i skog og bakkar på Austlandet, n.a. i Ås.

Dette er vel den viktigaste Campanula. Lett å dyrka. Høver og til snitt. Avarter finst. Vakker saman med Dianthus, Doronicum, Papáver og Anchúsa.

C. glomerata TOPPKLOKKE g: nøsteforma 277

Blad mørkegrøne, kvithåra, ru, med meir eller mindre hjarteforma grunn. Blom 2-3 cm lang i tette, hovudliknande klasar i juni-august. Gamal bondehageplante hos oss og finst forvilla frå gamle tufter og hagar. Visstnok og vill.

C. g. var. speciosa (C.g. dahurica) skal bløma tidlegare og rikare.

---

Platycodon FLATKLOKKE P: gr. platys = brei, flat og codon = klokke 281  
gjeld krona si form.

Ei monotypisk slekt frå Asia. Liknar Campanula, men hos P. opnar kapse- len seg i spissen (hos Campanula på sida).

P. grandiflorus er ein 25-60 cm høg staude med noko grågrøne blad.

Blada kan vera både spreidde, motsette og i krans. Blomen er vidt klokkeforma, 5-7 cm i diameter og krona har 5, breidt triangulære lappar, juni-august. Ser aristokratisk ut og er herdig, men ikkje mykje brukt.

---

Compositae KORGPLANTEFAMILIEN

282

compositus = samansett av fleire deler. Linne kalla denne familien sin blomsterstand flos compositus = samansett blom.

Kring 920 slekter med 19000 arter (berre Orchidiflorae med 20000 er artsrikare). Urter og buskar, sj. tre. Mange er pryddplanter. I Noreg-Sverige finst 57 slekter med 190 arter. (Villig og forvilla). Då er ikkje Taraxacum og Hieracium-småarter tatt med (ca. 500). Den samblada krona kan vera anten røyrforma eller tungeforma. Krona vantar ofte beger, eller det er omdana til agn (med mothakar) eller til ein fnokk som seinare fyl frukta. Blomane sit tett saman på ein utvida stengeltopp, som ei korg (capitulum). Under korga sit hogblad i ei eller fleire rekker, dei vert kalla korgdekke (phyllarier). Det er NB. ikkje begerblad. Blomane i kanten av korga, kantblomane, er ofte ulike dei som sit i sentrum, midtblomane. Ofte er kantblomane tungeforma og midtblomane røyrforma, t.d. hos Rudbeckia. alle kan vera tungeforma, som hos Taraxacum og Hieracium, og alle kan vera røyrforma, som hos Liatris og Echinops). Midtpartiet i blomen vert og kalla skiva og blomen der skiveblom. Frukternet er undersittjande og inneheld berre eitt frøemne. Frukta er ei nøtt, ofte med fnokk (pappus).

Compositae er sterkare representert i våre hagar enn nokon annan familie. Etter hagebrukaren sitt syn har familien to feil: få av urtene har vakkert bladverk og alt for mange har gule blomar. Av førenemene må nemnast at mange er svært riktblomande og lette å dyrka og at mange er haustblomande.

Familien er stor og han er delt i 2 underfamiliar og 13 seksjonar.

1. underfamilie

Asteriflorae (Tubuliflorae)

Midtblomane ikkje tungeforma. Kantblomane, kan vera tungeforma, laga av 3 samanvaksne blad. For det meste utan mjølkesaft.

Eupatoriaceae Eupatorium-seksjonen

282

Alle blomar i korga røyrforma og like, ikkje gule. Korgene mange saman, ofte i flate halvskjermliknande klasar. Blad mest motsette eller kranstillte, oftast udelte. Kring 45 slekter.

Agératum BLÅKORG

283

Stauder som vi dyrkar mest som eittårige.



Liatris SØYLEBLOM L: namnet har ukjent opphav (Jensen-44)gr: leios = 285  
glatt og iatros = lakjar (Boerner-66).

32 arter i N.-Amerika. Ei grei staudeslekt med knollforma røter, opprette stenglar, talrike, smale (grasliknande), spreidde blad. Raude blm.korger sit tett langs ein hovudakse, slik at det vert eit smalt sylindrisk "aks", fleire rader korgdekkblad. Beger med fnokk. Som hos Meconopsis tar bløminga til i toppen (ulikt Delphinium, Lupinus, Kniphofia og dei fleste andre).

L. spicata VANLEG SØYLEBLOM s: som har aks 285  
60-120 cm. Korgene med 5-15 blomar, juli-august.

L. s. 'Kobold' er berre 40-50 cm h.  
Verdfulle rabatt og snittstauder.

---

§ Astereae Aster-seksjonen 286

Svært ulik kjønnsfordeling hos blomane. Alle blomane eller berre midt-blomane røyrforma. Kantblomane er oftast tungeforma, rosa, raude eller kvite, hos Solidago gule. Blad oftast spreidde og heile. Kring 110 slekter.

Solidago GULLRIS S: lat. solidare = gjera fast, solid. Namn på 286  
Bellis hos Otto Brunfels, 1536.

Kring 100 arter. Stauder, mest i N.-Amerika. I Noreg ein vill art, S. virgaurea og ein forvilla, S. canadensis.

Ei innvikla slekt av robuste planter. Blad ofte talrike, heilt til toppen på stengelen. Korgene er gule, små, med få blomar, men samla i rike klasar, halvskjermar eller toppar. Kvar korg har fleire rader dekkblad. Nokre kantblomar er tungeforma, resten røyrforma. Sidegreinene er ofte krumme. Frukta med fnokk.

Meikle -63 seier at ingen av artene kan tilrådest for hagen, canadense, rugosa og gigantica har vori dyrka, men har for lett forvilla seg. Men ein har no mange verdfulle hybridar som bør plantast. Dei vert førde som S. x arendsii.

S. x arendsii HAGEGULLRIS a: Georg Arends, Ronsdorf, Tyskland. Eit samnamn for kultivarane, sett opp av Bergmann. Meikle -63 har ikkje adoptert namnet. Heller ikkje Hylander -60, han har: x "hybrida" og "serotina".

Ved NLH finst 5-6 kultivarar. Sortlista 66-70 har med 3:

'Goldemosa' lik 'Leraft', men meir gyllen og litt tidlegare, "golden yellow mimosa like flower".

'Leraft' låg, 80 cm, med greina skot. Store korger.

'Schwefelgeisir'

Herdige rabatt- og snittstauder som vi ikkje kan vera forutan. Lette å dyrka.

Nicolaisen -64: p.g.a. si store vekstkraft og frodigheit er den planta langt meir enn den kanskje fortener.

Høver berre i store rabattar eller store hagar. Frø med fnokk er dekorativt, men plantene vert for lett spreidde derved. Sjølvsådde planter bør lukast bort, er mindre verdfulle.

---

Bellis TUSENFRYD B: lat. bellus = vakker 289

10 arter, i Europa og ved Middelhavet og i Central-Amerika, urter, eittårige og stauder. Korga har ei enkel rad av dekkblad. Blomsterbotnen er sterkt konveks eller konisk. Frøet vantar fnokk. Kantblomane er tungeforma og som regel kvite. Midtblomane er gule. Dei fleste har korger som sit åleine på eit bladlaust blm.skaft. Berre ein art er aktuell:

B. perennis VANLEG TUSENFRYD p: fleirårig 289

Hos oss forvilla frå Oslofjorden til S.-Troms. Thorsrud -60 har 3 varietetar, til alle høyrer mange kultivarar.

B. p. var. hortensis h: som veks i hagar. Store korger med mangerada kantblm.

B. p. var. ligulosa l: tungeforma. Nestan alle blomane tungeforma.

B. p. var. fistulosa f: røyrforma. Alle blomane er røyrforma.

Sortlista 66-70 nemner 'Little Boy' og 'Ekstra storblomstret'.

Gode kantstauder. Til snitt vert den dyrka som toårig. Finst ikkje i staudeplanteskulen på NLH.

---

Aster ASTERS A: gr. og lat. namn på stjerne. Plantenamn hos Theofrast, 300 f.Kr. 292

Kring 500 arter, mest i N.-Amerika. Stauder og eittårige. I Noreg 2 ville (*tripolium* og *sibiricum*) og 1 forvilla (*salignus*). Ei vanskeleg slekt for botanikaren, særleg med omsyn til kultivarane, dei fleste av dei er hybridar med lite kjent opphav. Blad spreidde, heile, eller med korte tenner. Korgene oftast store. Midtblomane røyrforma, gule eller oransje. Kantblomane tungeforma, oftast blå, purpur eller fiolette (gule hos linosýris som er vill på Øland og Gotland). Korgdekke ofte klokkeforma med ulike blad i 3-5 rekker. Nøttene er sterkt samanpressa.

Sortlista 66-70 har 5 arter og 7 avarter. På NLH er "asterssjuken" leid med dei fleste.

A. alpinus ALPEASTERS a: som høyrer til i fjellet 293

Frå Alpane. Som regel under 25 cm h. Dei grunnstillte blada er omvendt eggforma-spadeforma, heile. Stengelblad smalare, nest linjeforma. Korg einslog. Kantblomane tungeforma, blå. Midtblomane røyforma, gule i eit konvekst senter. Fnokk kvit eller raudleg. Bløner om sommaren. Varierer sterkt. Dei beste fortener dyrking. Kvite, lysraude og blå kultivarar (t.d. 'Blue Star' og 'Landsberg Rosa'). Best på varn, kalkrik jord i full sol.

A. x alpeillus a: A. alpinus x amellus 293

Til 20 cm høg, med utruleg mengde av heliotropfarga korgar utover heile sommaren. (heliotropfarga = strålende fiolett). 'Triumph' er med i Sortlista 66-70 og har greidd seg godt på Ås. Kanskje er den identisk med arten.

A. novi-belgii VIRGINIAASTERS n: ny-belgia, eingong brukt om det 294  
austlege Nord-Amerika.

Opp til 120 cm høg med tett sitjande stengelblad. Korgene 2-3 cm breie, i klasar. Midtblomane gule, kantblomane fiolett lilla i august-september. Eit stort og innvikla sortiment av avarter vert ofte førde som A. x hybridus og mange av dei står langt frå novi-belgii. Det er stort set herdige og villege rabattstauder, men mange er plaga av mjøldogg. Sortlista 66-70 har med 'Fontaine' livleg purpurfiolett, og 'Royal Blue' lys fiolett. På NLH er 11 kultivarar.

A. amellus BERGASTERS a: namn som denne arten har fått av Virgil. 295

Relativt få, men heller store korgar, 4-7 cm. Frå Italia. Kring 50 cm høg.

Thorsrud -61: til denne art høyrer svært mange viktige sortar ... Mange er relativt lite herdige og må dyrkast på opplendt jord og dekkjast om vinteren.

Nicolaisen -64: Dei mest verdfulle asterssortar finst her. Blom august-oktober.

Sortlista 66-70 har med:

'Dwarf King' Fiolett  
'Lady Hindlip' Purpurraud  
'Moerheim Gem' Fiolett

På NLH har alle A. amellus gått ut og det må setjast spørsmål ved herdigskapen.

A. sedifólius (A. acris) BITTERASTERS s: blad som Sedum 296  
Opprett, kring 50 cm høg. Nedre del av stengelen er ugreina og har talrike, linjeforma blad, 3-5 cm lange. Øvre del med mange oppstigande greiner, som har korgen samla i tette, flate toppar. Kvar korg onlag 2 cm. Kantblomane blå og heller få, ujamnt store og uregelmessig plassert. Midtblomane gule. Bløner i sept. Sortlista 66-70 har med A.s. var. nanus. Kulturformer finst.  
Dei beste kulturformene er gode rabatt- og solitærstauder som bløner rikt og lenge og er herdige.

---

Erigeron BAKKESTJERNE E: gr. eri = tidleg og geron = gubbe, gammal 297  
Får fnokk like etter bløming. Pl.namn hos Theofrast, 300 f.Kr.  
Kring 250 arter, særleg i N.-Amerika. Stauder og eittårige. I Noreg 7 arter. Ei stor gruppe som står nær Aster, men som kan skiljast på at korgdekket har smale blad i 1-2 rekkjer (Aster har ulikt forma blad i 3-5 rekkjer). Kantblomane hos Erigeron er smalare enn hos Aster og sit i 2-fleire rekkjer (hos Aster 1-2). Få av artene er verd dyrking, men hybriden mellom dei nordamerikanske artene speciósus og macranthus har gitt oss verdfulle kultivarar. Dei vert kalla E. x hybridus.

E. x hybridus HAGEDAKKESTJERNE er eit betre norsk namn enn HYBRIDBAKKE- 298  
STJERNE.

Grunnblad lansett-eggforma, 8-15 cm. Stengel med blad, 30-60 cm høg. Korga 2-6 cm i diameter. Kantblomane svært smale (trådforma), talrike, som regel bleikt blå. Midtblomane som regel gule.

Sortlista 66-70 har med desse kultivarane:

'Dunkleste Aller'	Fiolett
'Foerstes Liebling'	Rosa raud
'Rote Schönheit'	Lysande rosaraud
'Wuppertal'	Lys fiolett

Herdige, lette å dyrka, held seg godt som avskorne. Dei fleste bløner juni-september. Høver godt saman med andre korgblomar som Aster améllus, Rudbéckia, Coreópsis og Helénium.

---

§ Inuleae Inula-seksjonen 299  
Midtblomane er røyrforna. Fnokk oftast hårforna. Blad oftast motståande og heilranda. Kring 160 slekter, 3 vert nemnde her:

EDELVEIS

Leontopodium /L. gr. leon = løve og pus = fot, løvefot p.g.a. blomsterkorgene si form og ordning. 299

50 arter. På høgfjell og -sletter i Eurasia. Berre ein art er aktuell:

<sup>EKTE</sup>  
L. alpinum /EDELVEIS a: som høyrer til i fjellet. 299

Vill i Pyreneane og fjella i Sentral-Europa. Gråfilta, 10-25 cm h. staude. Blm.korgene er samla i stengeltoppen, til ein tett klase. Under korgene sit kvitfilta sprikjande blad. Sjølv korga er brunleg og gjer lite av seg.

Det er merkeleg at denne planten som ikkje er særleg vakker og ikkje sjeldsynt og ikkje vanskeleg å dyrka er vorten så populær og har fått slikt ry. Som så mange ullhåra fjellplanter likar den ikkje rå og våte vintrar.

---

Anaphalis EVIGBLOM A: gammalt gresk namn på ein plante som stod nær Gnaphalium. Kan og kanskje vera eit anagram (bokstavomkasting) til Gnaphalium.

50 arter, mest i Asia. Ingen er med i Sortlista 66-70, men ein art finst på NLH og skal takast med her.

A. margaritacea (Antennaria m.) PERLEEVIGBLOM m: som liknar perler 300  
Den er frå det austlege Nord-Amerika. Opprett, busket staude, 30-50 cm høg. Stengel mjukt ullhåra. Blad talrike, spreidde, grågrøne. Korgene er berre ca. 1 cm tversover, men er samla til ein flat topp som ofte er 10-12 cm tversover. Korga har røyrforma blomar (har berre midtblomar), lite å sjå til, og har talrike, overlappende, mjølkekvote dekkblad (dei minner noko om tungeforma kantblomar). I USA var den tidlegare populær i "Cottage gardens". Er mykje betre enn edelveis på alle måtar og er ein av dei vakraste evigblomane.

---

Inula ALANT I: lat. namn på Alant hos Horats, d. 8 f.Kr. 302

Alant er kjent som dansk namn på I. helenium frå ca. 1450. Det er komi frå tysk. Kva det opphæveleg tyder er uvisst.

120 arter i Eurasia og Afrika. 5 ville eller forvilla i Noreg-Sverige. Innfløkt slekt av kompakte stauder. Kantblomane er tungeforma, 3-tanna, gule. Midtblomane er røyrforma, 5-tanna. Sveipblad taklagde i mange rekker.

I. helénium ALANROT h: gr. helenion, etter segndronninga Helena 303  
i Sparta.

Grov, storblada staude. Dyrka som medisinplante i gammal tid og forvilla fleire stader. Sortlista 66-70 har ikkje den med, men I. ensifólia.

I. ensifólia SVERDALANT e: ensis = sverd, med sverdforma blad 303

Ca. 50 cm høg staude frå Sør-Europa-Kaukasus. Korgene sit enkeltvis og er 3-5 cm breie. Stor, flat midtkrone. Nesten trådforma kantblomar. Sverdforma blad opp langs stenglane. Sidenervene i bladet parallelle med midtnerva. Er vill i Sverige på tørr kalkgrunn.

Nicolaisen -64 har den med og seier at den har små krav til næring og vatn og at den får flest blomar på solrik stad. Vakker, men kortstilka snittblom.

Naboar: Astflbe, Coreópsis verticilláta, Lavándula og låge Aster.

---

§ Heliántheae Helianthus-seksjonen 304

Tungeforma kantblomar, ofte breie og oftast gule. Midtblomane røyrforma. Korgene einskilde. Blomsterbotnen oval-konisk. Fnokk ikkje hårforma, men stive børster eller skjel. Blad (nedre) oftast motsette. Korgbotnen oftast med agner, lange, (smale hos Coreopsis). 170 slekter, mest i Amerika. 4 vert tatt med her.

Heliópsis SOLØYE H: gr. helios = sola og opsis = liknande 307

7 arter i Nord-Amerika. Eittårige og stauder. Liknar Heliánthus, men kantblomane er varige, krona fyl nøtta. Nøttene er utan fnokk. Bladskaftet har 3 ribber.

H. scabra RUSOLØYE dansk namn: DAGØYE s: = ru, ujamn 307

Staude 1-1,5 m høg, med spreidde, stive hår. Greina i toppen og kvar grein endar i ei 8-10 cm brei korg.

Stort foredlingsarbeide er gjort. Større blomar i mange gulfargar og ofte "doble", eller berre med tungekroner er resultatet. På NLH finst 4-5 kultivarar, men dei blandast ofte ved såing. Hylander -60 og Thorsrud -61 har H.s. som art, men Meikle -63 reknar den som ein stivhåra varietet av H. helianthoides, og Jelitto/Schacht -63 fører den som H. helianthoides var. scabra.

Har små krav til veksestad. Herdig og villig rabattstaude og god til snitt. Naboar: andre august-septemberblomande stauder, Aster frikártii, Helénium og Monárda didyma.

---

Rudbeckia SOLHATT R: Olof Rudbeck, 1630-1702, professor i botanikk i 308  
Uppsala og sonen Olof Rudbeck, 1660-1740. Namn på slekta hos Linne 1735  
(Rudbeck d.e. grunnla den botaniske hagen i Uppsala og var rådgjevar for  
Linne).

30 arter på nordamerikansk prærie. Eittårige og stauder. Robuste  
planter. Blad oftast spreidde. Korga stor, med bladliknande sveip.  
Blomsterbotnen er sterkt konveks eller konisk (engelsk namn: CONEFLOWER).  
Skjelet ved blm.basis ("the receptacular scale") er falda, som hos  
Zinnia, og omsluttar delvis nøtta. Fnokken er kort og ofte uregelmessig.  
Har nokre verdfulle arter. Sortlista 66-70 har med R. laciniata  
'Golden Glow', 'Goldquelle' og 'Herbstsonne', og R. speciosa. Kjærmbøen,  
NLH, framhevar R. fulgida var. sullivantii.

R. laciniata FLIKSOLHATT 1: med flikar 308

Høg staude, ofte 2 m, med stive, røyrliknande stenglar. Blada er egg-  
forma, 10-20 cm, uregelmessig delte til 3-5, skarptanna avsnitt.  
Korgene som kjem på ottersommar i toppen av stengelen er ofte 6-8 cm  
breie, med grønt sentrum. I mange kultivarar er korga nest kuleforma  
og det minner om ein "fylt" blom. Avarter er vanleg dyrka i Europa  
og naturaliserar seg av og til. Forvilla fleire stader i Noreg. Van-  
skeleg å plassera i stauderabatten.

R. l. var. horténsia (R.l. flore pleno 'Golden Glow') GJERDESOLHATT  
(KYSS MEG OVER GJERDET) h: som veks i hagar

Funnen 1894. Ofte planta ved gjerde som den når høgt over. Alle blomar  
tungeforma og korga ser fylt ut.

R. l. 'Goldquelle' 70-80 cm høg (= R. nftida x R. l. var. horténsia).

R. l. 'Herbstsonne' 2 m høg, truleg ein kryssing laciniata x nftida.  
Thorsrud -61 og Jelitto/Schacht -63 nemner den under R. nftida.

R. nftida GLANSSOLHATT n: glinsande 308

Minner om R. laciniata i storleik og utsjånad, men har eggforma eller  
elliptiske blad og heller større blomar med svært framståande midtkorg.  
Sume fører 'Herbstsonne' opp her.

R. speciosa GULLSOLHATT s: stor og vakker 309

50 cm høg staude. Nedre blad har skaft og er egg-elliptiskforma, 8-10  
cm lange, tynnhåra og med spreidde tenner. Stengelblada er nesten  
linjeforma, sitjande og mykje mindre. Kvar korg er 6-8 cm brei. Sterk  
fargekontrast då kantblomane er gullgule og midtblomane purpursvarte.  
Skiva er sterkt konveks, men ikkje konisk. Vantrivst på tørr jord. Må på

Ås dekkjast i vanskelege vintrar, og blømer i seinaste laget.  
Nicolaisen -64, seier at R. sullivántii er betre. NB. Hylander -60  
har sullivántii som varietet av speciōsa og Nicolaisen har den som  
eigen art. Jelitto/Schacht -63 kallar den R. fūlgida var s.

---

Coreōpsis VAKKERØYE C: gr. koris = veggelus, opsis = liknande. Gjeld 310  
frukta si form.

120 arter i Amerika og tropisk Afrika. Stauder og eittårige. På  
blomsterbotnen sit lange, snale agneblad, lange som krona. Korgdekke  
i 2 tydeleg skilde kransar. Indre krans samanvaksen ved grunnen.

C. verticillāta KRANSØYE v: kransstillt. Gjeld bladstillingen, den er 311  
motstående, men det ser ut som om den er kransstillt.

Ca. 40 cm høg, med stivt opprette strengliknande stenglar. Blada sit  
tett og er nærmast finna, med snale nesten trådforma avsnitt. Stengelen  
er sterkt forgreina i øvre del og kvar grein ber ei korg, 3-5 cm brei,  
gul. Ein nett og stram plante med fjorliknande blad. Blømer rikt sunar  
og haust. God til snitt. Ein av våre beste rabattstauder. Sortlista  
66-70 har med C. v. 'Grandiflōra' som er 60-80 cm høg med større og  
mørkare blomar. NB. det finst og ein art, C. grandiflōra, men den har på NLH  
synt seg mindre herdig. Det gode bladverket gjer kransøye verdfull  
saman med planteslag som har dårleg bladverk etter blomstring.

---

Dāhlia GEORGINE D: Andreas Dahl, 1751-89, svensk botanikar, elev av 313 a  
Linne. Norsk namn av di Georgina før ofte vart brukt som botanisk  
slektsnamn.

Ei lita slekt frå Sør- og Sentral-Amerika. Nærslekta Coreōpsis og Cosmos,  
men er ulik dei ved å ha svært store, hinneaktige, indre dekkblad i korg-  
dekket. Har kjøtfulle, saftige stenglar og blad.

Dei første vart dyrka i Europa i 1789 i den botaniske hagen i Madrid.  
Cavanille skildra derfrå slekta med 3 arter. Den var først lite påakta,  
men vart så foredla i Frankrike og vann raskt popularitet alt i 1817 og  
den har sidan aldri minka. Sortimentet kan vi ikkje koma inn på. Det  
høyrrer til under Utplantingsplanter, og heller ikkje nemnar vi gruppene.

---

§ Helēnieae Helenium-seksjonen

Lik Heliāntheae, men korgbotnen er utan agner (Spreublåtter). Og blada  
er oftast spreidde. Blomane oftast gule. Kring 60 slekter i varme  
strøk i Amerika.



Helénium SOLBRUD H: gr. helenion er gammalt namn m.a. på Inula. 321  
Lid -63: oppkalla etter segndronninga Helena i Sparta. Manual of  
Cultivated Plants 1949: kanskje frå Helenus, son av Priam.  
40 arter, eittårige og stauder. Mest med opprette, vengja stenglar  
og smale, nedløpande blad med kjertelprrikkar. Kantblomane er tunge-  
forma, 3-5-lappa og noko nedbøygd. Sveipblad i 2 rekkjer, krøkte og  
sprikjande. Berre 2 av dei mange artene har verd for hagen: H. autum-  
nåle og H. nudiflorum og då berre som foreldreplanter for dei mange  
hybridane. Sortlista 66-70 har med H. hoopésii og hybridarten H. x haagei  
og kultivarar av den.

H. hoopésii JONSOKSOLBRUD h: etter Thos. Hoopes som først samla den. 321  
60 cm høg, med uvengja stengel. Sentrum i korga er halvkuleforma,  
mørkegul, og kanten er gul. Blømer tidleg.

H. x haagei PRAKTSOLBRUD (Heleniumhybridar) h: firmaet Haage & Schmidt, 321  
Tyskland.

NB. Hylander -60 har ikkje dette namnet med, men brukar H. autumnale som  
kollektivnamn og H. a. var. pumilum inkluderar hos han H. "Bigelowii"  
Hort. Meikle -63 kallar kultivarane Helenium-hybrids. Han karakteri-  
serar dei som 60-150 cm høge stauder, greina i øvre del, som på sein-  
sommar og haust får store mengder av gule, oransje, brune eller raud-  
brune korgar. Han minner om at foreldreartene kjem frå våte veksestader  
og at dei talrike kultivarane aldri må stå tørt i veksetida. Desse 6 er  
med i Sortlista 66-70:

'Altgold'	Gul med oransje skjær, 120 cm
'Goldlackzwerg'	Raudbrun, 90 cm
'Kanaria'	Lysande gullgul, 110 cm
'Moerheim Beauty'	Raudbrun, 80 cm
'The Bishop'	Smørgul med mørk, brun skive, 70 cm
'Wyndley'	Gul, 70 cm

Helénium har blad opp over heile stengelen slik at planten verkar grøn  
og lauvrik. Bør ha sol på blomane og gjødsling årleg. Framifrå  
rabattstaude. På NLH lid dessverre fleire slag av ål. Har der 11 x  
haagei-kultivarar. P.g.a. den store lauvmassen velter den lett i vind  
og oppbinding må til. På grunn av bla.fargen kan den best stå saman  
med blå asters og med kraftig Sálvie, Monárda og Phlox.

---

§ Anthemideae Anthemis-seksjonen

Urter (sj. buskar), ofte med aromatisk lukt. Blad skruestille og oftast fjordelte. Dekkblad med tørr kant. Fnokk forkrøpla eller vantar. Kring 60 slekter. Achilléa, Chrysánthemum og Artemisia m.a. høyrer hit.

Achilléa RYLLIK A: Den greske seghelten Achilles. Namn på eit kornslag hos Hippokrates, 400 f.Kr. Achilles skal ha brukt ein ryllik til sårlekjng. Det norske namnet har kanskje samanheng med å rulle p.g.a. dei samanrulla blada.

Over 100 arter på nordleg halvkule. 2 ville, millefólium og ptármica, og 1 forvilla, A. nóbilis i Noreg. Stor og vanskeleg slekt med stor utbreiing. Vår ville A. millefólium er ein bra typisk representant, med små korgar i tette klasar og halvskjermar og med sterkt oppdelte blad. Få av artene er verd dyrking, men nokre har pryddverd og er lette å få til. Sortlista har med A. chrysócoma, A. filipendulína 'Coronation Gold', A. sibírica 'Ebba Kjerulff'.

A. filipendulína PARASOLLRYLLIK f: liknar Spiráca filipéndula = 327  
Filipéndula ulnária.

Frå Vesle-Asia. Mjukhára, ofte meterhøg staude med stiv stengel. Store skjermar av klårt gullgule korgar. God bakgrunnsplante i rabatten. Kan brukast som evigblm. Fleire kultivarar finst. 'Coronation Gold' 100 cm høg.

Thorsrud -61 nemner: 'Parkers Variety', han kallar den 'Parkers varietet' (Jelitto/Schacht -64: Parkers Varietät).

Høver fint saman med Lavándula og Sálvia.

A. chrysócoma (A. agréa) GULLRYLLIK c: gr. chrysos = gull og come = 328  
hår. Gjeld dei røyrforma og gullgule blomane.

Frå Makedonia. Silkehåra. 10-20 cm høg (Jelitto/Schacht -63: 5-8 cm). Moseaktige, grøne blad.

A. sibírica (A. s. Ebba Kierulff)

Til 45 cm høg. Kraftigare og meir bladrik enn A. ptármica. Korgene kvite, med 5-8 kantkroner.

NB. ikkje nemnd av Hylander -60, Jelitto/Schacht -63, Grünert -64 og Meikle-63.

---

Chrysanthemum KRAGEBLOM C: gr. chrysos = gull og antheon = blom 331  
Kring 200 arter på nordleg halvkule og i Sør-Afrika. Eittårige og  
stauder. (Inkluderar no slektene Pyrethrum, Leucanthemum, Balsanita  
og Tanacetum). Slehta er så variert at det er vanskeleg å finna gode,  
ålmengyldige karakterar. Skil seg frå Anthemis ved at korgbotnen er  
utan skjel eller agner, og ved at blada i korgdekket er talrikare og  
større og ofte med tydeleg, svart eller mørkebrun kant.

C. x cultorum (Pyrethrum roseum Hort.) ROSEKRAGE 332  
Sannann for mange kultivarar som populært har vori kalla pyretrum. Dei  
har vori førde til ymse arter som coccineum, roseum og marshallii  
(Nicolaisen -64, brukar det siste namnet). NB. Hylander -60 har C.  
coccineum (P. roseum) og ikkje cultorum. Dei er gjerne 40-60 cm høge  
med fint grøne, dobbelfinna blad. Skiva er gul og kantblomen raud  
(sj. kvit). Velkjende kultivarar er 'Eileen May Robinson' og 'Kelways  
Glorious'. Heilt ideelle stauder er det ikkje, habitus utanfor  
blomstringstida er for dårleg.

C. maximum KJEMPEKRAGE m: den største Av fleire kalla C. laedstre. 333  
Nærmast ei kjempeutgåve av vår vanlege prestekrage C. leucanthemum.  
Robust staude, opphaveleg frå Pyreneane, 70-140 cm hog. Blad egg-  
lansettforma, noko tverre, med korte tenner. Blomsterkorgene einslege,  
på lange, bladlause skaft. 8 cm breie og meir. Reinkvite, tungeforma  
kantblomar. Skiva gul, flat. Lett å dyrka, I England rekna som "a  
lazy mans plant". Krev minimum stell og ingen oppbinding. Sortlista  
66-70 seier at den ikkje er særleg herdig. Mange kultivarar, men tvil-  
samt om dei er betre enn gode utval av arten. På NLH har ein kulti-  
varane 'Shasta Daisy' enkel, og 'Christine Hagemann' "fylt". Frami-  
frå rabattplanter. Og gode til snitt.  
Naboar: særleg gode er Delphinium, Lupinus, Papaver og Iris.

---

Artemisia MALURT A: etter Artemis i gr. mytologi, eller etter dronning 337  
Artemisia frå Halikarnossos, eigentleg av gr. artemo = vera frisk.  
Kring 250 arter, mest i Sør-Europa og Orienten. 12 ville eller forvilla  
i Noreg-Sverige. NB. A. norvegica. Eittårige, stauder og halvbuskar.  
Mest lite vakre, ugrasaktige stauder med mjølgrå blad og brunlege  
blomar med lite pryverd. Dei skil seg frå Chrysanthemum ved sine små  
korgar som sit i klasar eller toppar og ikkje i halvskjerner.

A. abrótanum er ein lignose og er nemnd i dendrologien. Sortlista 66-70 har ingen staudeartemisia med (bortset frå grønsakvoksteren *E. dracuncul* ESTRAGON).

A. lactiflóra SNØMALURT 1: med mjølkekvite blomar 338  
Frå China, nesten 2 m høg. Er dyrka for sine kvite blomar i sept.-okt. Få kvitblomstra stauder blømer så seint. Høver i store rabattar. Må i Ås dekkjast om vinteren.

---

§ Senecióneae Senecio-seksjonen

Krona oftast gul. Fnokk hårforma. Som regel ei rad dekkblad, eller og ei yttre rekkje av kortare blad. Vegetative deler svært varierte. Kring 60 slekter over heile verda.

Dorónicum GULLKORG D: Opphavet til namnet er uvisst. Det er visstnok 341 latinisert frå arabisk.

35 arter i temp. Europa og Asia. Dei fleste har hjarteforma eller breitt eggforma, langskafta rotblad. Stengelblada er noko omfattande. Korgene einslege eller få saman, på lange skaft. 2 rader jamlange dekkblad.

D. caucásicum (D. orientále) SMÅGULLKORG 342

Er den nettaste og med størst blomar. 30-40 cm høg. Korga ofte 6 cm brei. April.

'Mae. Mason' 60-70 cm høg. Mai.

'Frühlingsspracht' 60 cm og "fylt".

Lette å dyrka, høver i rabatt saman med *Myosótis* og *Brúnnera*. God til snitt.

---

Cacália tangútica (Senécio tangúticus, Ligulária tangútica) FLIKSVINE- 343

BLOM C: gr. kakalia er gammalt namn på *Leóntodon*. t: Tangut er eit fjelland i Asia. Det er Hylander -60 som kallar denne *Cacália*. Meikle -63, Jelitto/Schacht -63 og Grunert -64 har ikkje det namnet. Heller ikkje har Engler 1964 det og eg har ingen slektskarakteristikk.

Det er ein rak, stilig, opp til 2 m høg staude, med store trekanta blad, delt i om lag 10 flikar. Korga er lita, knapt 1 cm brei, med eit trongt, sylindrisk sveip, og berre med nokre få kantblomar. Men korgene finst i store mengder i ein pyramidal bla.stand, gjerne 30 cm høg. Fnokken er kvit og silkeaktig. Frå Sentral-China. Kom i kultur 1901. Er enno ikkje mykje populær og vanleg. Er i største laget for små hagar, og spreider seg for lett. Høver best i naturhagen. Har stort pryddverd etter avbløming og.

Hylander 1960:

*Senécio clivórum* = Ligulária dentáta

*S. héssei* = Ligularia x h.

*S. przewálskii* = Ligulária p.

*S. wilsoniánu*s = Ligulária wilsoniána

*S. tangúticus* = Cacália tangútica

---

Ligulária NØKKETUNGE L: ligula = ei lita tunge. Av kantblomane 344  
si form.

100 arter, særleg i China. Blm.standen er oftast korger i samansette  
klasar.

L. dentáta (*L. clivórum*, *Senécio c.*) VANLEG NØKKETUNGE d: med 344  
tenner, c: jamnt stigande haug.

Robust staude, ca. 1 m høg med raudleg stengel og breitt hjarteforma  
eller nyreforma blad, ofte meir enn 30 cm breie. Korgene store, ofte  
nær 10 cm breie, med purpurfarga sveip, oransjegule kantblomar og brun-  
raud skive. Frå China og Japan. Introdusert i dette århundre.

L. d. 'Desdemona' har purpurfarga blad. Vil ha våt mark og nok plass.  
Høver ved vatn.

L. x héssei (*Senécio h.*) h: Hesses planteskule, Weener/Ems, Tyskl. 345  
(= *L. dentata* x *wilsoniána*).

Arends førde den i handel i 1938. 150-200 cm høg med meterhøgt bladverk,  
minner mest om *L. dentata*. Har 6-8 cm breie korger. Thorsrud -61: den  
vakraste *L. dyrka* på Ås.

---

§ Cardueae Cynara-seksjonen 350

Urter, svært sjeldan lignoser. Mest berre røykroner. Mange rekkjer  
dekkblad med tørre kantar. Oftast børstefnökk. Korgbotnen oftast med  
børster. Kring 50 slekter.

Echfnops KULETISTEL E: gr. echinos = pinnsvin og ops = liknar. Nann 350  
på kuletistel hos Charles Plumier, 1703.

Tistelliknande, ofte kvitfilta planter. I kvar korg er berre ein blom,  
men mange korger sit saman i ein kuleforma stand. Kring kvar korg er eit  
korgdekke med spisse blad og under den kuleforma standen sit og dekkblad.  
Kring 120 arter. Sortlista 66-70 har med 'Taplow Blue', 120 cm høg.

E. hómilis h: låg

Frå Vest-Asia. 90-120 cm høg. (*E. sphaerocéphalus* kan vera opp til 2 m  
høg). Jelitto/Schacht -63 nemner 'Taplow Blue' her, som sers riktblømande

og med intensivt blå blomar.

Thorsrud -61 har ført 'T.B.' under E. ritro var. tenuifolius.

Nicolaisen -64 seier at E. ritro er vår mest nøysame rabattstaude, trivst både på leir og sand og på våt og tørr jord. God til snitt.

Han nemner 'Taplow Blue' som ein sort her.

Hylander -60 nemner berre ritro og sphaerocéphalus. r: gammalt namn på planten i Sør-Europa.

---

## 2. underfamilie Cichorioideae (Liguliflorae)

Alle blomar tungeforma, av 5 samanvaksne blad. Med mjølkesaft. Har berre 1 seksjon.

### § Cichorieae Cichorie-seksjonen

Mest urter med skruestillte eller grunnstillte blad og gule blomar.

Kring 65 slekter.

Hierácium SV/WE H: gr. hierax = hauk. Namn på ein korgplante hos 357  
Dioskorides og Plinius, 70.

Innfløkt slekt med kring 800 arter. Lid 1963 har no berre med 6.

I 1952 hadde han 240. Få har verd som prydplanter. Sortlista 66-70 har ingen med.

H. aurantifacum HAGESV/WE a: oransjegul 357

Dei fleste H. har gule blm., men denne har oransjeraude. Har lett for å verta ugrasaktig, men i naturplantingar og fjellhage høver den. Godt botndekke på tørr mark.

Nicolaisen -64 tilrår heller H. rubrum (= H. aurantifacum x flagellåre) for den er steril.

H. villósum LODNESV/WE v: mjukhåra 357

15-20 cm hög staude med sølvaktig ullhåra blad. Blm.korgene vakkert gullgule i juni-juli. Vert ikkje ugrasaktig og er ein god rabattstaude.

---

Underdivisjon II, framhald

Klasse II Monocotyledonae EINFØBLADINGAR

358

Stengelen vantar merg og årringar. Frøet spirer med berre eitt frøblad. Dei første blada sit alltid spreidde. Blada er oftast like- eller boge-  
nerva. Blomen er oftast 3-tals, aldri 5-tals,  $3 \times 2 = 6$  tals,  $3 \times 3 = 9$  tals.

Butomaceae BRUDELYSFAMILIEN

358

Sump- og vassplanter, stauder. 4 slekter og 13 arter.

Butomus B: gr. butomus var namn på ein sumpplante hos Aristofanes, 400 f.Kr.

Monotypisk slekt.

B. umbellatus BRUDELYS u: skjernaforma

Har grunnstilte, smalt jambreie, opprette blad og ein bladlaus stengel som har ein skjerna med raude blm. i toppen. 9 pollenblad, 6 griflar. Frukt med 6 skolokapslar. Veks vill i Noreg i Aurskog og Kautokkeino. Kring meterhøg. Interessant, vakker og herdig vassplante. Finst i bekken på NLH.

---

Liliaceae LILJEFAMILIEN

359

220 slekter med 3500 arter, mest fleirårige urter (sj. halvbuskar), i alle verdsdelar. Ein stor familie, med rotstokk, lauk eller stengelknoll. Blad og blomar kan vera på mange måtar. Kvar blom har som regel 6 kronblad og 6 pollenblad og eit oversitjande fruktemne med samanvaksne eller delte griflar. Blomane sjeldan i skjerna. Frukta er anten kapsel eller bær. (Amaryllidaceae og Iridaceae har undersitjande fruktemne, og Iridaceae har berre 3 pollenblad).

Colchicum TIDLØYSE C: gr. kolchikon. Hos Dioskorides namn på ein gift- 359  
plante frå Kolchis ved Svartehavet.

65 arter i Europa og Asia. Giftige, inneheld Kolchikin. Planter med laukforma knoll. Blomsterstengelen er underjordisk og så stutt at blomane ser stengellause ut. Minner om Crocus, men den høyrer til Iridaceae (med oversitjande blom og 3 pollenblad). Mest alle blømer seinsonnar eller haust.

C. autumnale TIDLØYSE a: som blømer om hausten

360

20 cm høg. Frå Vest- og Sør-Europa. Forvilla på grasbakke på Bud prestegard (M og R). Om våren kjem lange, 3-5 cm breie blad frå knollen. Etter at dei er visna ned kjem 1-6 bleikfiolette blomar med 3 lange griflar,

august-oktober. Den er herdig og blomen toler ein god del frost, slik at han liver opp i hagen etter at dei andre er visna.

C. a. 'Album' med mange, små, kvite blomar. Finst på NLH. 360

C. x hybridum (= C. sibthórpilii x speciósum) 361

Samlenamn for fleire svært storblomstra og vakre sortar. Sortlista 66-70 har med:

'Lilac Wonder' Syrinfarga. Blømer rikt og seint. Finst ved NLH.

C. speciósum s: stor og vakker 361

Blad 30-45 cm lange og opp til 10 cm breie. Blomar 4-20 saman, opp til 30 cm lange, fiolettrosa. Blømer noko seinare enn autumnåle. Finst på NLH. Er med i Sortlista 66-70. Tidløyse er svært interessante stauder.

---

Paradisea P: grev G. Paradisi, senator i Modena, Italia, d. 1826 362

Thorsrud skriv den er monotypisk. Engler -64 nemner 2 arter, P. liliástrum og P. bulbífera, og han skriv slektsnamnet Paradisia.

P. liliástrum (Anthéricum l.) GRASLILJE 1: lilium-liknande 362

Har smale, grasliknande blad, 15-25 cm lange og 30-50 cm høge stenglar med 2-5 snøkvite blomar som luktar søtt, mai-juni. Blomane er kring 5 cm lange og breie og sit i einsidig klase. Tiltalande fjellplante frå S.-Europa. Er grasiøs og stilfull. Blømer godt og trivst på Ås og fortener dyrking. Er ikkje med i Sortlista 66-70.

---

Anthéricum SANDLILJE A: gr. antherix, ikos = halmstrå. Gjeld blomsterskaftet. Skaftet hos Asphódelus var kalla antherikos. 363

100 arter. Minner i bladverk mykje om Paradisea, men har hjulforma, stjerneforma blomar på tunne -skaft i laus klase.

A. ramósum (A. graminifólia) LITEN SANDLILJE r: med mange greiner 363  
50 cm høg, med greina stengel. Blomsterskaftet har led like nedafor midten. Blad 2-3 mm breie. Blomsterblad 1 cm.lange.

A. liliágo STOR SANDLILJE 1: som ber liljer.

60 cm høg med ugreina stengel. Blomsterskaftet har led ved grunnen. Blad 5 mm breie. Blomsterblad 2 cm.lange.

Anthéricum er bra rabattstauder. Dei krev sol og frisk råme i jorda, vilkår som ikkje alltid er lette å skaffa.

---



Hemerocallis DAGLILJE H: gr. hemera = dagen og kallos = venleik, for 364  
di dei vakre blomane varer kort, berre ein dag. Var elles namn på ein  
annan plante.

16 arter i Sør-Europa og temperert Asia. Stauder frå 10 cm til meter-  
høge med kort rotstokk, ikkje lauk. Har grunnstilte, lange blad, bånd-  
forma med kjøl. Og klasar eller toppar av trektforma blomar. Dei er  
"voksaktige", gule, oransje eller raude. Blomsterstengelen er stiv og  
nesten bladlaus. Blomsterhyllet er samanvakse i nedre del. 6 pollen-  
blad. Blomen minner om same Lilium. Han varer gjerne berre ein dag,  
men nye kjem dagleg i 2-3 veker. Frukta er ein 3-kanta kapsel med få,  
svarte, kanta frø.

I nyare tid har planteforedlarane, særleg i USA, synt stor interesse for  
Hemerocallis og slag med sterkare blomsterfargar og betre bløming enn  
dei gamle artene er laga, men framleis vert nokre av artene planta. Fine  
solitärplanter. Naboar: Antennaria, Ligularia, Eupatorium, Lupinus,  
Polenonium og Veratrum.

H. lilioasphodelus (H. flava) GUL DAGLILJE 1: Lilium og Asphodelus 305  
f: gullgul

Blad til 1 cm breie. Blomar gule, godangande, i mai-juni. Er den av  
artene som har den største utbreiing som vill. Lett å dyrka.

H. fulva BRUN DAGLILJE f: gulraud 365

Blad til 3 cm breie. Blomar oransjeraude med ei linje på kvart blm.-  
dekkblad, juni-juli. Arten er steril og er ein klon. Har vori i kultur  
minst 400 år. Har svært små krav og er lett å dyrka.

Kultivarane vert som regel ført opp utan art. Sortlista 66-70 har under  
namnet H. x hýbrida desse med:

'Aureole'	Oransjegul
'Earliana'	"
'Sammy Russel'	Lysande tegelraud
'Tejas'	Mørk fløyelsraud

På NLH finst 14 kultivarar.

---

Hosta (Fúnkia) BLADLILJE H: N. Host, 1761-1834, botanikar og 366  
keisarleg livlækjar. Skreiv om floraen i Austerrike.

40 arter i Aust-Asia. Stauder. Blad, elliptiske, breitt eggforma,  
sumtid hjarteforma, med skaft. Blomsterstenglane lite eller ikkje  
greina, med kvite, lysblå eller raudlege blomar i klasar. Blomsterhyllet

er som regel trektforma, røyrforma ved grunnen og øvst delt i 6 flikar. 6 pollenblad. 3-roma kapsel med mange, svarte, flate frø.

Hosta har altså mykje tilfelles med *Hemerocallis*, men kan skiljast frå den på blada, blomsterfargen og det flate frøet. Hosta vert dyrka for sitt gode bladverk. Blomane har ofte dårleg farge og det er då ikkje noko lyte at dei sit meir eller mindre gøynde. Likar bra med jordråme og noko skugge. Hylander har skapt klårleik i nomenklaturen og sortimentet (*Acta Hort. Bergiani* 16: 331-420).

H. fortunei BREIBLADLILJE f: Robert Fortune, reiste i China og Japan, 1843-62, d. 1880. 362

Minner mykje om sieboldiåna i blad og blom, men blada er smalare og grønarare med 8-10 par nerver og blomane er mørkare i lenger klasar og den blømer ein månad seinare. Meir vanleg enn arten er:

H. f. var. albo-picta a: albo = kvit, picta = måla eller broket  
Den har brokete blad.

H. sieboldiåna (*H. glauca*) DOGGBLADLILJE s: P.F. v. Siebold, ty. 367  
botanikar.

Ein robust art med hjarteforma blad, ofte 30 cm lange og 20 cm breie og blågrå på båe sider og med 12 par parallelle, krumme nerver. Blomane er mindre imponerande. Dei sit i korte, tette klasar, er smalt trektforma og bleikt blå, 3-5 cm lange. Denne har det beste bladverket av Hosta-artene.

H. s. var. élegans skal vera enno betre enn arten.

H. lancifolia (*H. japonica*) SMALBLADLILJE l: med smalt avlange blad 368  
Ein liten art, sj. meir enn 30 cm høg. Smale, grøne, blanke blad, 6-12 cm lange, med heller grønne bladskaft og lange klasar med lavendelblå blomar. Blomen vid, trektforma.

---

Lilium LILJE L: gr. leirion, namn på lilje hos Homer, 800 f.Kr. 372

75 arter i temperert Eurasia. Ei særst interessant og vakker planteslekt. Det viktigaste i blomsterbygning er alt nemnt under familiekaraktistikken. Forma på blomen kan variera sterkt frå enkle, regelmessige til bisarre former. Og i fargar har ein eit stort utval, unntatt reint blått. Storleiken kan variera frå dverg til 3 m h.

Alle vil ha tung, humusrik jord, nøytral eller svakt sur. Lauken har kjøtfulle, taklagde skjel.

NB. Nicolaisen -63 og Meikle -63 nemner ikkje *Lilium*. Sortlista 66-70

har med 10 arter og ein del avarter (s 66). 8 arter skal nemnast her:

L. x holländicum (L. bulbiferum umbellatum) HAGELILJE b: som har 376  
laukknoppar (= L. x maculatum x bulbiferum og cróceum).

Det finst eit stort sortiment og det er vanskeleg å sei kva art dei høyrer til. Summe reknar kultivarane dels til x maculatum og dels til x holländicum, andre fører alle til x maculatum.

Alle har opprette, skålforma blomar i gult, oransje til brunraudt og blømer midtsumar. Mest er det kultivarar med små krav og god herdigskap.

Sortlista 66-70 nemner:

'Golden Fleece' oransjegul  
'Vermilion Brilliant' friskt blodraud  
På NLH finst 'Mahogany', raud, tidleg.

L. candidum MADONNALILJE c: skinande kvit, lysande 377

Frå dei austlege Middelhavsland. Har vori dyrka i fleire hundre år. Blom reinkvit, trektforma, 5-10 saman, i juni-juli. Grunnstilte blad er linje-lansettforma, noko breie mot spissen. Dei visnar ned etter bløming og nye kjen om hausten.

Gammal bondehageplante. Høver godt saman med roser og riddarsporer. Hos oss er den ofte dårleg utvikla, p.g.a. gråskimmel o.l. Feil handsaming kan og vera årsak, for djup planting t.d.

L. regale KONGELILJE r: kongeleg 378

Frå Vest-China. Wilson innførte den til Europa 1903, og den er no kjend som ei av dei vakraste. Har 3-20 blomar, 12-15 cm lange og breitt trektforma, kvite, seinare raudlege utvendes og svovelgule i halsen, juli-aug. Blada er talrike, smale, 8-12 cm lange. Uvanleg herdig og villig art. Rabatt- og snittstaude.

L. mártagon KRANSLILJE (Lid -63: Krøllilje) m: anten av eit tyrkisk 378

namn på eit slags turban, eller etter den romerske krigsguden Mars.

Namn på kranslilja hos P. Mattioli, 1558.

Stengelen med avlange, kransstilte blad (derav namnet kranslilje) og hangande blomar i toppen (opp til 12 saman). Dei 6 raudfiolette blomsterblada har mørke flekker og er bakoverbøygde ved bløminga (derav namnet krøllilje), juni-juli. Forvilla fleire stader hos oss, mest på austlandet.

L. m. 'Album' reinkvit.

L. m. 'Albiflorum' kvit med raude punkt.

L. hansónii HANSONLILJE h: Hanson, ein amerikansk Liliun-liebhabar 379  
i det 19. århundre.

Frå Korea og Sibir. Blad 8-12 cm lange i 3-4 kransar. Blomar 4-6 cm breie, hengjande, velluktande, oransjegule, 6-12 i klasen. Ein av dei beste, gule artene. Blømer alt i juni-juli.

L. x marhan m: av mártagon og hansónii (= L. hansónii x mártagon 'Album') 379  
Har mange, oransje blomar, litt mørkare enn hansónii. Likar best halvskugge.

L. tigrifnum TIGERLILJE t: gr. tigris = tiger, med striper som ein 382  
tiger.

Stengel mørk purpurraud, spindelvehåra, med 2-3 mørke laukknoppar i kvart bladhjørne. Blad talrike, spreidde, 6-12 cm lange og 6-12 cm breie. Blomar 5-15, hangande, i klasar, oransjeraude, med svarte prikkar. Blomsterhylllet med 7-10 cm lange blad, tilbakerulla, august-sept. Ei av dei beste og villigaste liljene vi har. Lett å formeira med laukknoppane. Blomsterdyktige planter etter 2 år.

L. monadélphum KAUKASUSLILJE m: gr. monos = åleine og adelphos = 381  
bror, med pollenblada samanvaksne i ein bunt.

Schübeler sende den til Steigen i 1880-åra og der nord har den greidd seg godt. Eg såg den i fin utvikling hos Albert Hansen, Sjøvegane i juli 1963. (Foto 63-76-14 av blømande lilje).

---

Fritillária KRONE F: latin fritillus = terningbeger. Namn på F. 383  
meleágris hos Mathias Lobelius, 1576.

100 arter på nordleg halvkule. Vårblømande laukvokstrar. Blomane har honninggøyne ved grunnen. Alle Fritillária har ein sur, rovdyrliknande lukt. Særskiljevariabel slekt. Mange fjellhageplanter. Berre 2 er dyrka hos oss:

F. imperiális KEISERKRONE i: imperium = makt, imperator = keisar.  
Frå Afganistan og N.V.-Himalaia.

F. meleágris KONGEKRONE (RUTELILJE) m: perlehøne, kjem av prikkane 384  
på kronblada. Både artene er giftige. Lindemark 1963.  
Fritillária er med i Sortlista 66-70, side 63.

---

Túlipa TULIPAN T: persisk dulbend = turban. Namn på tulipan hos Busbecq, 1554 og hos Gesner, 1561.

60 arter i Sør-Europa og temp. Asia. Ein art finst forvilla i Noreg, T. silvéstris VILLTULIPAN, SKOGTULIPAN. På NLH finst han ved Pterocarya, kartblad 7. Giftig. Lindenmark 1963.

Túlipa har eittårig, kappekledd lauk. Blad 2-5, utan skaft, bogenerva. Blom endestilt og som regel einsleg. Har ikkje beger, dei 6 blomsterblada er først grøne, og seinare sterkt farga. 6 pollenblad. Arret sit på fruktemnet, utan griffel mellom.

Slekta vert delt i grupper. I "Classified List and International Register of Tulip Names" utg. Koninklijke Algemeene Vereeniging voor Bloembollencultuur, Harlem 1965, er med namna på alle dyrka tulipanar og dei er ordna i 23 grupper. I Sortlista 66-70 er med 13 grupper, ordna etter blomstringstid:

- Botaniske tulipanar
- Hagetulipan
- Enkle, tidlege tulipanar
- Doble, " "
- Mendel tulipanar
- Triumph tulipanar
- Darwin tulipanar
- Darwin x hybrid tulipanar
- Breeder tulipanar
- Seine, enkle, eller Cottage tulipanar
- Papegøyetulipanar
- Rembrandt-tulipanar
- Liljebloomstrande tulipanar

Dyrkinga er stort sett den same for alle grupper.

Sortlista 66-70 har med ca. 10 arter og ca. 25 kultivarar. Først i blom på NLH (13.5.66) er:

T. kaufmanniana NØKKEROSÉTULIPAN k: Gen. von Kaufmann, Turkestan. gruppe: Botaniske tulipanar. Frå Turkestan. Har smale, elegante blomar med spisse blm.blad som opnar seg heilt, derav det norske namnet. Kronblad gulkvite med mørkare gult i nedre del. Kan variera hos kultivarar og hybridar.

---

Scilla BLÅSTJERNE S: gr. namn på ein laukplante hos Theognis,  
500 f.Kr.

390

100 arter. Dei fleste har blå blomar og blømer om våren. Kan skiljast frå Chionodóxa og Puschkinia ved at alle blomsterblad er frie. I Noreg er S. verna vill og sume andre arter forvillar seg.

S. verna NORSK BLÅSTJERNE v: som blomstrar om våren.

Vill i grasbakke, nær sjøen, sume stader på Vestlandet. Sortlista 66-70 nemner 4 andre Scilla.

S. hispánica SPANIABLÅSTJERNE

S. sibírica RUSSEBLÅSTJERNE

NB. er ikkje vill i Sibir, men i Kaukasus og Sør-Russland.

S. s. 'Spring Beauty'

S. bifólia

Scilla høver i plen og under buskar og tre, eller og i rabattar med vårblomar. Dei er lette å formeira ved smålauk. Dei vert og spreidde av fuglar, ved frø.

---

Chionodóxa SNØSTJERNE C: gr. chion = snø, og doxa = ros, ry, gjetort. 392

6 arter i Sør-Europa og Orienten. Tidlegblomande laukplanter, nær-slekta Scilla, men skil seg frå den ved at blomsterblada er vaksne saman til eit stutt, klokkeforma røyr under den stjerneforma blomsterkrona. Sortlista 66-70 har med

C. lucíliæ l: etter Lucile Boissier, som fann arten, gift med den sveitsiske botanikaren E. Boissier.

Blomane er noko nikkande, og opp til 12 saman, blå med kvit grunn.

C. l. 'Gigantéa'

Blømer noko seinare, med 1-2, større og opprette blomar.

Chionodóxa vert formeira på same måte som Scilla og kan brukast som den.

---

Puschkinia VÅRPRYD (dansk: PORSELENSHYASINT) P: Grev E. Mussin -

Puschkin, russisk oppdagingsreisande, 18. årh.

2 arter i Vest-Asia. Vårblomande laukplanter. Berre den eine vert dyrka. Den skil seg frå Scilla ved at blomsterblada er samanvaksne ved grunnen og frå Chionodóxa ved at pollenblada er samanvaksne. Dessutan ved at blomsterstanden minner om ein hyasintliknande klase.

P. scilloides STJERNEVÅRPRYD s: liknar Scilla

10-15 cm høg med lyseblå blomar.

P. s. var. libanótica l: gr. libanotos = røykelse. Namnet er ofte brukt (ukorrekt) om planter frå Libanon.

Denne varieteten er større i alle deler og bløner rikare.

Puschkinia kan brukast på mange måtar, som Scilla og Chionodoxa.

---

Muscári PERLEBLOM M: arabisk muschirumai. Pl.namn hos Clusius, 1601 393

55 arter, Middelhavet - Kaukasus. Dei fleste har blå perleforma blomar i opprette klasar. Lauken liknar noko på ein hyasintlauk og har fleire, mykje kjøtfulle laukskjel. Sortlista 66-70 har med desse to:

M. botryoides KRYDDERPERLEBLOM b: som liknar ei drue 394

M. armenifacum ARMENPERLEBLOM a: frå Armenia

Dei overjords delene hos Muscári held seg lenge grøne og dei må ikkje fjernast før dei er visna. Difor høver den ikkje i plen der graset vert slått.

---

Convallária C: lat. convallis = del. Namn på liljekonval hos Hieronymus Bock, 1539.

1 art:

C. majalis LILJEKONVAL m: som bløner i mai 396

Vanleg vill hos oss nord til Dønnes og Nord-Rana og på Hardangervidda til 1245 m o.h. Viktig drivplante og snittstaude. Svært giftig. Lindemark -63.

---

Amaryllidáceae NARSISSEFAMILIEN (PÅSKELILJEFAMILIEN, Lid -63) 398

65 slekter med 860 arter, mest i varme strøk. Planter med knollar eller jordstenglar. Grunnstillte blad. Bladlause blomsterstenglar.

Blomsterstand med høgblad eller sveip. Blomsterblada er mest som hos Liliáceae, men blomen er her oversitjande.

Galánthus G: gr. gala = mjølk og anthos = blomster. Namn på G. nivális 398 hos Linne, 1735.

10 arter, Europa - Vesle-Asia. Det er laukplanter og dei fleste bløner svært tidleg om våren.

G. nivális SNØKLOKKE n: som veks ved snøfenner 398

Har to lange, smale blad og ein nikkande, kvit blom med 3 korte og 3 lange blomsterblad. Forvilla sume stader på Vestlandet frå Jæren til Kr.sund. Høver godt som underplantning i hagen. Giftig. Lindemark 1963.

---

Leucójum KLOSTERKLOKKE L: gr. leukos = kvit, og ion = fiol

309

11 arter ved Middelhavet og til Sentral-Europa og Iran. Laukplanter med klokkeforma, hangande, oftast kvite blomar. Minner om Galánthus, men dei 6 blomsterblada er her jamlange og har ein gul eller grøn flekk nær spissen. Blada er hos Leucójum friskt grøne, hos Galanthus blådogga, og lauken hos Leucojum har berre nokre få skjel. Sortlista 66-70 har med den vanlegaste arten:

L. vernum MARSKLOSTERKLOKKE v: som blømer om våren

Den blømer hos oss helst i april, og blomane angar godt.

Trivst best i halvskugge, på jord med god råde, som underplanting eller i gruppe. Giftig. Lindemark 1963.

---

Narcissus NARSISS N: gr. narkissos, plantenamn hos Homer, 800 f.Kr.

400

22 arter frå Middelhavet til Vest-Asia. Kjende og avhaldne vårblomar med tunnskala lauk, linjeforma blad og for det neste einslege, store, gule eller kvite blomar. Stort foredlingsarbeid er gjort ved kryssing og i 1950 reknar ein med meir enn 8000 slag narsissar. Sortlista 66-70 nemner 3 arter med kultivarar. Dei er giftige.

N. pseudonarcissus PÅSKELILJE p: uekte narsiss

Blomen er gul og har ei trompetforma bikrone, like lang som blomsterdekket og med tanna, krusa kant. Lauken er eggrund, til 8 cm brei.

N. poeticus PINSELILJE p: gr. poeta = diktar, poetisk

Blomsterhylllet med flatt utståande, reinkvite blad som er gule ved grunnen. Bikrona er flat og skiveforma. Blomen har god ange.

N. x poetaz BUKETTNARSISS, KLASENARSISS p: poeticus og tazetta (=N. tazetta x poeticus).

Stengelen er fleirblomstra, med relativt små, godangande blomar. Ikkje så herdig som dei to første. Narsissane vert brukt på mange måtar og er svært verdfulle i hagen og til driving.

---

Iridáceae SVERDLILJEFAMILIEN

405

70 slekter med 1500 arter i tropiske og subtropiske strok. Ein stor familie av prydplanter, med lauk, knollar eller jordstenglar. Blada er gras- eller sverdliknande, ofte samanpressa kring stengelen og falda nederst. Blomane kan vera regelrette eller mykje uregelrette. Oversitjande. Har 2 rekker av periantflikar og 3 pollenblad motståande dei yttre periantflikane, 1 griffel. Ein naturleg avgrensa familie og lett å kjenna (Liliaceae har 6 pollenblad og undersitjande blom. Anaryl-



lidaceae har 6 pollenblad, kjøtfullt blomsterhulle og ikkje saman-  
pressa blad). Viktigaste slekta er *Iris*.

<u>Crocus</u> KROKUS C: gr. krokus, namn på ein krokus hos Homer, 800 f.Kr. 80 arter, Middelhavet og Sør-Europa til Iran. Alle er svært einsarta. Har 3 pollenblad festa i kronrøyr-kanten, og 1 lang griffel som kan vera uregelmessig flika. Skilnaden ligg hovudsakleg i blomsterfarge og bløningstid. Hos dei vårblomande kjem blomen før eller samstundes blada. Dei fleste er vårblomande og er svært verdfulle for hagen. Sortlista har med:	405
<u>C. aureus</u> Sm = <u>C. flavus</u> West GULKROKUS	406
<u>C. chrysanthus</u>	407
<u>C. speciosus</u> HAUSTKROKUS	406
<u>C. tomasinianus</u> t: M.S. de Tommasini. Ital. botanikar.	408
<u>C. vernus</u> VÅRKROKUS	407

---

<u>Iris</u> IRIS I: av gr. iris = regnboge, namn på <i>I. pseudacorus</i> hos Theofrast, 300 f.Kr.	408
---	-----

200 arter på nordleg halvkule. Blada er anten grunnstillt eller i to  
rader, men i eitt plan langs blomsterstengelen. Blomane kjem frå ei  
slire. Dei 6 blomsterblada er nedst samanvaksne til eit røyr, lenger  
oppe deler dei seg i 3 yttre blad som til vanleg heng ned og 3 indre  
blad som står meir eller mindre opp (engelsk: the falls and the stan-  
dards, tysk: Hängeblütter und Doublütter). 3 pollenblad er fest til  
grunnen av dei 3 yttre blada. I sentrum av blomen sit kronbladliknande  
griffelgreiner. Griffelen sjølv er kort og omgjeven av blomsterøyret.  
Arret sit nær toppen av kvar griffelgrein, nedanfor 2 flikar.

Det er vanskeleg å skildra ein Irisblom. Best er det å ha ein frisk  
blom å sjå på når ein veit at dei kronbladliknande blada i midten er  
griffelgreiner og at dei dekker over pollenblada. Svært mange *Iris*-  
arter er tatt i kultur, men mange av dei har berre verd for samlaren.  
Nokon av dei aller vakraste (seksjonen *Onocyclus* frå Vest-Asia) er og for  
vanskeleg å dyrka. Det bør difor gjevast eit strengt utval i artene.  
Sortlista 66-70 har med desse 5 artene og 16 kultivarar.

<u>x cultorum</u> HAGEIRIS med 11 cv (NLH har 140 cv).	413
<u>histrifides</u> SNØIRIS	416
<u>x koeneniinii</u> VÅRIRIS med 3 cv (NLH har 6-10).	412
<u>pseudacorus</u> SVERDLILJE	413
<u>sibirica</u> SIBIRIRIS med 2 cv.	415

---

Gramíneae (Poáceae) GRASFAMILIEN grannen = gras 420  
Kring 700 slekter med 3000 arter, spreidd over heile verda. Frå eit økonomisk synspunkt ein sers viktig familie, mat- og fôrplanter og plenplanter. Er ulik dei fleste blomsterplante-familiar i det at han vantar blomsterhylle (kronblad og begerblad). Pollenblad og fruktblad er verna av, eller ovgjevne av, små skjel eller agner. Etter plassering og bygning er dei kalla ytteragner (glumæ), inneragner (lemma) og forblad (palea). Desse nemnde skjell og blad er festa til ein tynn akse, (rachilla), og danar eit småaks. Småaksa er så samla i duskar (racemi), toppar (panicula) eller aks (spicæ). Det eit vanleg menneskje kallar grasblomen er altså ein blomsterstand samansett av småaks som kvar kan innehalda fleire einskilde blommar. Sortlista 66-70 har berre med *Festúca*, vi må og ha med *Phálaris*.

Phálaris RØYR P: gr. falaris eller faleris av falaros = blank og glinsande. Namn på eit gras hos Dioskorides og Plinius, 70. 422  
12 arter mest ved Middelhavet. Snaue gras med einblomstra småaks. Store, grønkvite ytteragner som er lenger enn inneragna og innafor dei ei eller to mindre ytteragner, ofte berre som små skjel.

P. arundínea STRANDRØYR a: som liknar Arúndo (*Gramíneae*) 422  
Eit meterhøgt, breiblada gras ved bekker og på fuktige stader. Ei form av det har lenge vori dyrka:

P. a. f. picta (P. a. *elegans*) BÅNDGRAS p: målt, broket (picture, pittoresk). 422  
Blada har hos den, om våren, kvite og raude og grøne striper, seinare gulkvite og grøne striper. Ei sars gammal bondehageplante. Verdsett p.g.a. bladfargen. Jamvel om arten veks vill på våte stader, trivst *f. picta* godt i vanleg hagejord.

---

Festúca SVINGEL F: lat. namn på grasstrå hos Varro, d. 27 f.Kr. Hos Plinius namn på eit ugras i byggåkrar. 200 arter. Kosmopolitiske. 8 arter i Noreg. Av dei er F. rubra eit viktig plengras. Ein art er dyrka elles i hagar:

F. ursina (F. "*crinum-ursi*", "*F. scopária*") BJØRNEGRAS u: som høyrer bjørnen (*Ursus*) til. c: *crinis* = hår, *ursus* = bjørn, s: høveleg til kostar.

Eit lite gras med smale, noko stikkande blad, samla i tuer. Vert brukt i hagar som teppedanar og kantplante. Den toler trakk og er så låg,

10 cm, at ein treng ikkje slå den. Og den blomstrar lite og ikkje, slik at ein heller ikkje av den grunn treng slå den. Bør ha lett, mager jord.

---

Typhaceae DUNKJEVLEFAMILIEN Monotypisk. 427

Typha DUNKJEVLE T: gr. tyfe, namn på ein einfroblada vassplante hos Theofrast, 300 f.Kr. 427

15 arter, 2 ville i Noreg. Høge, fleirårige vassplanter, med smale, sverdforna blad. I toppen av blomsterstengelen sit nedst eit kjevleforma hoaks og ovanom det eit smalare, hanaks.

T. latifolia BREIDUNKJEVLE 1: breiblada 427

Blada er 2 cm breie og når over akset. Ikkje synleg stilk mellom hoaks og hanaks. Hoakset 3 cm breitt.

T. angustifolia SMALDUNKJEVLE a: smalblada 427

Blada 1 cm breie og når ikkje over akset, har synleg stilk mellom hoaks og hanaks. Hoakset 2 cm breitt. Svært dekorative vassplanter. Fine til snitt.

---

